

Kine Andrea Løkeland Leknes

Noreg ut av skåpet

Ei studie av homoseksuell livskvalitet og helse på 1980- og 1990-talet i Noreg.

Masteroppgåve i Historie

Veileder: Øyvind Thomassen

November 2020

Kine Andrea Løkeland Leknes

Noreg ut av skåpet

Ei studie av homoseksuell livskvalitet og helse på
1980- og 1990-talet i Noreg.

Masteroppgåve i Historie
Veileder: Øyvind Thomassen
November 2020

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for moderne samfunnshistorie



NTNU

Kunnskap for ei betre verd

Forord:

I 2018 starta eg på dette mastereventyret og i 2020 er eg endeleg i mål. Å finne ut av kva tema eg ville skrive om tok ikkje så lang tid, men å konkretisere problemstillinga var vanskelegare då eg kunne tenke meg å skrive om alt eg kom over av informasjon. Dette har vore eit spanande tema å jobbe med, og eg har lært meir om skeiv historie enn eg nokon gong trudde eg skulle. Det kjem til å vere eit tema eg vil fortsette å utforske også i seinare tid.

Først vil eg takke min rettleiar Øyvind Thomassen, som har dratt og dytta meg i riktig retning, og vert både tolmodig og ein fornuftig stemme igjennom denne tida. Utan dine konstruktive tilbakemeldingar under skriveprosessen hadde eg ikkje hatt nokon master å vise til i dag. Eg vil også takke Kristian Steinnes for hjelp med korrekturlesing i siste innspurt.

Takk til Julie for mange timar saman på lesesalen og på «lesesalen». Det var mange timar med delt sorg og glede i ein lang og stressande periode, og eg veit eg kjem til å savne ditt konstante selskap. Takk til vener som har vert med på diskusjonar over mange koppar kaffi og te. Utan dei seine kveldane med film, latter og moro hadde eg ikkje klart å komme meg igjennom dette masterløpet med sinnet i behald.

Eg vil legge inn ein ekstra takk til dei tilsette ved Skeivt Arkiv som var behjelpelege med å finne materiale til mitt tema. Spesielt for at eg fekk komme dei siste fire opningsdagane i Juni 2020 for å stresslese gjennom halve arkivet.

Ikkje minst vil eg takke min familie. Spesielt mamma og pappa, som har smurt seg med tolmod og som har støtta meg på alle måtar gjennom den lange mastertida. Utan dykk hadde eg ikkje vore kvar eg er i dag.

Kine Andrea Løkeland Leknes

Trondheim 30.11.2020

Ordliste/forkortingar:

AIDS/HIV - «Acquired immune deficiency syndrome»/«Human immunodeficiency virus»

AHF - Arbeidsgrupper for homofil frigjering

DNF-48 – Det Norske Forbund av 1948

FHO – Fellesrådet for homofile organisasjonar i Norge

HBB – Homofil Bevegelse i Bergen

Heteronormaktivt - Ideen om heterofile parforhold som styrande ideologi i samfunnet vårt, og er å finne i alle kulturelle ritual.¹

Homofili – Tiltrekking av det same kjønn, kor ein ikkje berre har eit seksuelt forhold men også eit romantisk forhold til ein person.

Homoseksuell – Ein person, mann eller kvinne, som er seksuelt tiltrekt av det same kjønn.

Lesbisk – Eit uttrykk brukt for kvinnelege homoseksuelle

LHBTQ – Forkorting for lesbisk, homofil, bifil, transeksuell og queer.

LLH – Landsforeininga for lesbisk og homofil frigjering

LMA – Landsforeininga mot Aids

Pederast – Bruk om ein mann som ønsker seksuell kontakt med ein gut/tenåring under seksuell lågalder.

Skaphomo – Ein homoseksuell person som ikkje har akseptert at han/ho er homoseksuell, eller ein person som ikkje har gjort det offentleg at ein er homoseksuell, som for eksempel ovanfor familie eller venner.

Skeiv – Omfattar seksualitetar, kjønnsuttrykk og samliv som bryt med etablerte normer, og som utfordrar majoritetskulturen og tradisjonelt familieliv.²

Sodomi – Brukt om person som har seksuell omgang med dyr, men også brukt om folk som har sex med det same kjønn. Sodomi har sidan 1200-talet blitt brukt som nemning på homoseksualitet.

Zoofili – Seksuell opphissing og nyting ved omgang med dyr.³

¹ Ohnstad, Annbjørg og Malterud, Kirsti «Lesbiske og homofile i møte med helse- og sosialtenesta» Samlaget 2006 s. 62

² Som beskrive i oppsummeringa av Hanne Marie Johansens bok «Skeive Linjer i Norsk Historie – Frå norrøn tid til i dag». Samlaget, Oslo 2019

³ Grünfeld, Berthold: zoofili i Store medisinske leksikon på snl.no. Henta 11. november 2020 frå <https://sml.snl.no/zoofili>

Innholdsliste

Forord:	i
Ordliste/forkortingar:	iii
1.0 Innleiing og tema:	1
1.1 Avgrensing:	1
1.2 Historiografi:	2
1.3 Metode og kjelder:	7
2.0 Skeiv historie fram til 1983.	11
2.2 Den Norske Foreining av 48 vs. Staten:	14
2.3 Homoseksualitet; ein sjukdom.	17
2.4 Samandrag	20
3.0 HIV/AIDS, eit nytt kapittel i skeiv historie	22
3.1 Kva er HIV/AIDS? - «Homokreft»	22
3.3 Helseutvalet – Eit fokus på skeiv helse:	26
3.4 «Sex-reglene må vurderes på nytt?»	29
3.5 HIV i eit heteronormativt samfunn	31
3.6 Ein kur?	34
3.7 Konklusjon	36
4.0 Homoseksuelle og psykisk helse	37
4.1 Ein introduksjon til psykisk helse	37
4.2 Homofile i møte med psykisk helsevesen	38
4.4 Homofile, ei utsett gruppe?	41
4.6 Tiltak og førebygging	49
4.7 Konklusjon	51
5.0 Konklusjon og samandrag	53
5.1 Tankar om vidare forskning:	57
Kjelder og litteratur:	I
Litteratur:	I
Tidsskrift:	II
Nettressursar:	IV

1.0 Innleiing og tema:

I dette arbeidet skal eg studere samfunnet si forståing av homoseksualitet som sjukdom og sjukdom assosiert med homoseksualitet, med fokus på 1980- og 1990-talet i Noreg. Sidan 1800-talet har store delar av folket og legar sett på homoseksualitet som ein sjukdom som kunne smitte unge gutar og gjere dei homoseksuelle. Denne haldninga til homoseksuelle gjekk igjennom mange endringar fram til 1990-talet. Det gjekk frå teorian utan vitskapleg grunnlag om korleis homoseksuelle var sjuke, til ein sjukdom som ramma det skeive miljøet hardt i frå 1983. AIDS og HIV var frå første halvdel av 1980-talet assosiert med homoseksuelle og sjukdommen førte til uforutsette endringar i det norske samfunnet, då verknaden av viruset var større enn forventa. Dette skulle også medføre ein del kjenslemessige byrder for fleire medlemmar av det skeive miljøet, som har medverka til at psykisk helse også er eit tema i denne avhandlinga.

Frå 1972 vart homoseksualitet lovleg i Noreg, og sidan dette har skeive menneske kjempa seg fram i samfunnet gjennom politikk og opplysningsarbeid for å bli lovmessig likestilt med resten av det norske folket. Dette førte til stor framvekst av aktivist-grupper som jobba for rettane til skeive, og danning av foreiningar for å verne skeive og for å gjere homoseksuelle mindre framand for det heteroseksuelle folket i Noreg.

I 1983 døydde dei to første homoseksuelle mennene av AIDS i Noreg, og det biletet skeive hadde bygd opp av seg sjølv som likeverdige menneske, stod i fare for å rase saman då homoseksuelle vart assosierte med ein dødeleg sjukdom utan nokon kur.

På denne bakgrunn har eg formulert følgjande problemstilling:

Korleis endra HIV/AIDS-krisa skeive liv i det norske samfunn i frå 1983 til 1999, og kva påverknad hadde det norske samfunnet på skeive si psykiske helse i same periode? For å undersøke dette rettar eg søkelyset på korleis synet på homoseksuelle har endra seg over tid, korleis dette synte seg i møte med HIV/AIDS-epidemien, og kva følgjer det fekk for skeive sin psykiske helse.

1.1 Avgrensing:

I april 1972 vart §213 i den norske straffelov oppheva, ein lovparagraf som gjorde seksuelle handlingar mellom menn ulovleg. Kampen for å få avskaffa straffelovas §213 starta for alvor då Noreg fekk si eiga avdeling av det danske "Forbund af 1948", ein organisasjon for homoseksuelle, på 1950-talet. Med nytt namn i 1953 "Det Norske Forbundet av 1948" (heretter DNF-48), starta organisasjonen det som skulle bli ein lang kamp for likeverd i eit heteronormativt samfunn og utfordra det tradisjonelle biletet av kva ein norsk familie var.⁴

Som bakgrunn vil eg gjere greie for den homofile likestillingskampen som hovudsakleg tok til på 1950-talet og fram til kring 1970-talet. Det vil vise kvar det skeive miljøet stod i samfunnet i 1983. Hovudfokuset ligg på kva som skjedde i det skeive miljøet etter det første AIDS-relaterte dødsfallet og kva påverknad AIDS-epidemien hadde på den generelle oppfatninga av homofile i Noreg. Her kjem eg inn på psykisk og fysisk helse, og det underliggande stresset som følgje av å oppleve seg som «annleis» i eit land som har sett ned på dei som av veik frå normane i ei tid då diskriminering mot homoseksuelle ikkje var ulovleg. Eg skal drøfte korleis AIDS-krisa vart handtert både i LHBTQ-miljøet og

⁴ Gillow-Kloster, Hannah *Det norske forbund av 1948*. Publisert 23.09.14

<https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/det-norske-forbundet-av-1948>

Henta 01.12.18

i det norske samfunnet rundt, korleis dette gjekk utover den mentale helsa til dei som var påverka av HIV og AIDS, og ikkje minst korleis det var å vere homoseksuell generelt på 1980- og 1990-talet i Noreg.

Homoseksualitet er eit tema som vart aktuelt i offentleg debatt i Noreg på 1950- og 1960-talet, og det er også i dag eit viktig tema og noko som dukkar opp i sosiale media over heile verda dagleg. Dette gjer at det er mange historiske kjelder å analysere som kan brukast i denne studia, og den må derfor avgrensast for å kunne studere homoseksualitet og oppfatninga av det som sjukdom. Derfor har eg satt meg ut året 1983 som startpunkt fordi dette er oppstarten på homoseksuelle og AIDS i norsk media. Eg vil likevel seie noko om bakgrunnen før 1983, og har derfor gått innom viktige år før dette for å gi ein oversikt over historia som har forma synet til samfunnet på homoseksuelle fram til 1983. Dette har fått plass i eit bakgrunnskapittel og viser kva som har skjedd i Noreg på dette området frå norrøn tid fram til 1980-talet. Årsaka til at eg startar så langt tilbake er at det var då lovane mot homoseksualitet først oppstod i norsk historie. Lovar mot homoseksualitet heilt sidan denne tida påverka livet til homoseksuelle menn, noko vi ser gjennom lovendingane som skjedde fram til 1972, som også reflekterer synet på homoseksualitet som noko unaturleg.

1.2 Historiografi:

Det er lite litteratur og forskning på skeiv historie. Dette var med på å bygge opp motivasjonen til å kunne bidra med mine egne funn, som igjen kan bidra til vidare forskning. Sosialhistoria som oppstod på 1970-talet opna for forskning på underprivilegerte og marginaliserte grupper, og ein skulle sjå på historia nedanifrå og opp. Dette førte til at homofile også kunne få ein plass i historia, som vi kan sjå eit resultat av under. Villigheita til å studere denne sida av historia har derimot mykje vore avgrensa til homoseksuelle sjølv, ofte for å kartleggje kva homoseksualitet er og korleis homofile har levd liva sine både i skjul og ope. Ein ser korleis mangelen på forskning rundt homoseksuelle vart problematisk utover 1990-talet, noko som satt i gong fleire undersøkingar både i Noreg og i utlandet for å kartleggje skeive liv.⁵

Framleis er det lite litteratur som er relevant for skeiv forskning i Noreg, og samanlikna med meir populær historie, forsvinn skeiv historie inn i eit skap med døra på gløtt. Samtidig er det i seinare tid blitt eit meir aktuelt tema å forske på, i tillegg til at skeive menneske har fått meir merksemd i media og i det offentlege rom, noko som gjer til at interesse for denne type historie kan bli meir populær i framtida nå som homoseksuelle er blitt normalisert i Noreg i dag.

Fordi om det er lite litteratur om skeiv historie i Noreg, så har eg funne fleire relevante bøker som er viktig å kjenne til. Dette er bøker som inneheld kunnskap og tankar om homoseksualitet i tida det vart skreve, noko som til dags dato er mykje utdatert informasjon. Det er både ny forskning og utdatert forskning frå tilbake til 1970-talet, som begge har like mykje verd når ein skal sjå tilbake på den historiske framstillinga av homoseksuelle og sjukdom som samfunnet har assosiert med dei. Det er utviklinga av denne forskinga som er med på å bygge opp kunnskap av korleis skeive menneske har vert sett på i samfunnet igjennom tiåra, og gjennom denne forskinga ser ein korleis kunnskapen om homoseksuelle liv utviklar seg over tiåra.

⁵ Johansen s. 21

Vi som føler annerledes vart skriven av Øivind Eckhoff, under pseudonymet Finn Grodal i 1957, og er det eldste verket som tek for seg homoseksualitet som tema i norsk litteratur. Eckhoff tok opp spørsmål som kva homoseksualitet var, historia bak og årsakar til kva han meinte homoseksualitet kom av, kva samfunnet tenkte om det og mange andre tema som homoseksuelle på slutten av 1950-talet kunne lære av og kjenne seg igjen i. Boka er skriven av ein homoseksuell, til heteroseksuelle og andre homoseksuelle for å opplyse om kva homoseksualitet faktisk var, korleis ein skulle omgås homoseksuelle og korleis ein kunne snakke om temaet homoseksualitet. Boka prøvde å fjerne alle vrangførestillingane om homoseksualitet og gi ein introduksjon til homoseksuelle som dei faktisk var.⁶

Denne boka er prega av si tid, noko som også gir eit godt bilete av korleis homoseksuelle vart framstilt i det norske samfunn på 1950-talet, og korleis homoseksuelle sjølv ville bli behandla og omtalt. Perspektivet var likevel avgrensa til ein enkelt homoseksuell mann, noko som førte til at Eckhoff snakka for alle homoseksuelle menn i si tid. Boka vart også mest lest og tatt i bruk av homoseksuelle sjølv, dei hadde gjerne ikkje nokon å snakke om den seksuelle legninga si med, eller dei som ikkje fant informasjon om homoseksualitet andre plassar. Boka var godtkjent av DNF-48, noko som stadfesta at informasjonen i boka kunne nyttast som offentleg kjelde til kva homoseksualitet var.⁷

Vi som føler annerledes er med på å vise utviklinga av synet på skeive, ikkje berre blant heteroseksuelle, men også blant homoseksuelle sjølv. Det viser til ei tid kor det eksisterte ein ide om at legar og prestar kunne kurere homoseksualitet så homofile kunne bli «normale», noko som også kjem fram i Eckhoffs kapittel om «Forebyggelse av homofili».⁸

Finn Carlings bok *De homofile: en skisse av en stengt tilværelse*, kom ut i 1965. Carling ville vise homofile for kva dei faktisk var og ikkje det media framstilte dei som. Gjennom intervju med medlemmar av DNF-48 over eit år, fremja Carling eit nytt bilete av homoseksuelle som endra haldninga til mange i det norske samfunnet, basert på hans egne observasjonar av dei han intervjuar og det generelle miljøet rundt DNF-48. I eit intervju av «Fritt Fram» i 1990, fortalde forfattaren at han hadde håp om at boka ville skape mindre avstand mellom heterofile og homofile. Boka hadde betydning for å syne fram homofile i Noreg, og viser dei i eit nytt bilete for eit publikum ein kanskje ikkje hadde nådd ut til med ein mindre kjent forfattar.⁹

I 1978 kom *Homofile – myter og virkelighet* av Steinar Bergh, Birgit Bjerck og Elin Lund. Boka var eit forsøk på å framstille homofile og lesbiske sin livssituasjon. Arbeidet med å samle informasjon til boka starta i 1976, og dei 450 personane som er intervjuar i boka var alle tilfeldig plukka ut av DNF-48 sine medlemslister. Dette var eit tidleg forsøk på å samle informasjon om livet som homoseksuell frå homoseksuelle sjølv. Dei hadde ønske om å skilje myter frå det som var verkelegheita bak eit skeivt liv på 1970-talet. Det var tatt i bruk eit spørjeskjema på 50 spørsmål, men undersøkinga i seg sjølv er for liten til å gi eit fullt bilete av homoseksuelle sin situasjon i Noreg på 1970-talet. Den viser derimot

⁶ Grodal, Finn. *Vi som føler annerledes*. H. Aschehoug & CO (W.Nygaard) Oslo 1957

⁷ Evang, Jenny Madsen *Vi som føler annerledes*. Publisert 07.09.18

<https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/vi-som-foler-annerledes>

Henta 03.08.20

⁸ Grodal, s. 297

⁹ Gillow-Kloster, Hannah. *De homofile* Publisert 02.16.2017

<https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/de-homofile> Henta 11.08.20

personlege erfaringar og kva som er forandra av den generelle oppfatninga av homofile sidan 1950-talet.

I 1988 ga Annick Prieur ut boka *Kjærlighet mellom menn i aidsens tid*.

Dette er ei bok som er basert på ei undersøking frå 1987 blant menn som hadde sex med menn. Undersøkinga vart gjennomført på vegne av Helseutvalet for å finne ut av kva informasjon som var nådd ut til homofile om AIDS, kva endringar som var skjedd etter denne informasjonen kom ut og kva effekt AIDS hadde på sexliva til desse mennene. Den er bygd opp av intervju med 64 homoseksuelle som har blitt stilt spørsmål om sexvanar, korleis det var å vere homofil i aidstida, om angst, og det sosiale miljøet blant homoseksuelle.

Dette er ei bok som har blitt til i den aktuelle perioden min, med eit tema som treff på fleire punkter som AIDS, psykisk helse og endringar i det skeive miljøet. Den gir eit innblikk i homofile og homoseksuelle sine liv på slutten av 1980-talet, som viser kva som har forandra seg, og ikkje forandra seg, innan det skeive miljøet etter at AIDS vart eit aktuelt tema i Noreg. I boka kjem det fram positive og negative verknader av AIDS-epidemien i Noreg, og personlege erfaringar med sosiale og seksuelle vanar før og etter AIDS.

NOVA-Rapporten *Levekår og livskvalitet blant lesbiske kvinner og homofile menn* frå 1999, er kanskje ein av dei viktigaste og meir omfattande rapportane om levekår og livskvalitet blant lesbiske kvinner og homofile menn i Noreg. Det var Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring som sto bak undersøkinga.

Rapporten gir ein oversikt over tidlegare forskning rundt dette temaet i skandinavisk forskning og er basert på spørjeskjema kvar skeive kvinner og menn har svart på spørsmål om sitt liv og livskvalitet. Rapporten var skreve på oppdrag frå Barne- og familiedepartementet, og prosjektperioden var mellom 1.10.1997 til 1.2.1999. Annic Prieur og Jon Ivar Elstad var prosjektleiarar, og sosiolog Kristinn Hegna, sosialantropolog Hans Wiggo Kristiansen og sosiolog Bera Ulstein Moseng sto bak datainnsamlinga, analysar og rapporteringar i prosjektet.

Norsk homoforskning, redigert av Marianne C Brantsæter, Turid Eikvam, Reidar Kjær og Knut Olav Åmås, er ei bok som viser forskjellige perspektiv på homoforskning innan fleire fagområde. Formålet var å gi ei brei oversikt over og status for norsk homoforskning. Boka frå 2001 er basert på NOVA-rapporten frå 1999.¹⁰ Det er samla informasjon om homoseksualitet frå fagområda innan psykologi, humanistiske og samfunnsvitskaplege fag, medisin og psykiatri. Boka viser korleis homotemaet vart behandla innan forskjellige fag, og kvar det vart utelat. Den er bygd opp av artiklar skrive av historikar Øystein Rian, teolog Halvor Moxnes, jurist Ragnhild Hennem, psykiater Reidar Kjær, etnolog Tone Hellesund, medisinar Kristi Malterud, psykolog Anbjørg Ohnstad, psykiater Morten S. Selle, sosiolog Bera Moseng, medisinar Bjørn Iversen, filosof Helge Svare, litteraturvitar Pål Bjørby, filolog Jan Olav Gatland og arabist Geir Skogseth. Dette illustrerer korleis fleire fagfelt hadde forskjellige synsvinklar på same tema, som i dette tilfellet er homofili og homoseksualitet. Den gir eit godt bilete av kva forskning og undersøkingar som var

¹⁰ NOVA – Norsk Institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring utførte i 1999 ei undersøking av levekår og livskvalitet blant homofile og lesbiske i Noreg. Norsk homoforskning, s. 201

gjort tidlegare og kva som mangla, og gir eit historisk perspektiv på diskusjonen om homofili i Noreg.¹¹

I boka *Criminally Queer: Homosexuality and Criminal Law in Scandinavia 1842 - 1999* frå 2007, har Jens Rydström og Kati Mustola samla alle dei forskjellige lovane om homoseksualitet i Skandinavia; frå Danmark, Norge, Island, Grønland, Sverige og Finland. Martin Skaug Halsos drøftar den norske straffelovens §213. Han går systematisk gjennom korleis den norske straffeloven har forandra seg frå 1842-1972. Han gir ei god innsikt i sjølve lova, kvifor og korleis den blir forandra og kvifor den var der i utgangspunktet, men han gir ikkje mykje plass til kva som skjedde etter 1972 og kva som skjer då homofile ikkje er ulovlege lenger.

Han tar også opp forføringsteorien, som baserte seg på ei nederlandsk og britisk undersøking. Kva denne teorien er kjem eg tilbake til seinare.¹²

Grunnen til at eg tar denne boka, er fordi den gir ei god oversikt over utviklinga av lovane rundt homoseksualitet i det norske lovverket. Dette har vert til stor hjelp då ein kan sjå korleis biletet av homoseksualitet blir endra i historia igjennom lovane som gjer det ulovleg. Grunningane bak lovendingane kjem også godt fram, som er nytta i bakgrunnskapittelet.

I 2008 gav Hans W. Kristiansen ut boka *Masker og motstand – Diskré homoliv i Norge 1920-1970*, som drøftar korleis homofile par levde i nemnte periode. Det er eit fokus på distriktet, noko som gir eit breiare perspektiv på homolivet i Noreg før det vart lovleg i 1972. Boka er viktig fordi det ofte er stort fokus på Oslo, Bergen, Trondheim og større tettare bygde område, framfor å sjå på distrikts Noreg. Å ta med bygdelivet, kor det verkar som folk anten var heilt i mot homofile eller ikkje brydde seg stort, gir eit breiare bilete av skeive liv i Noreg.

Kristiansen har basert seg på intervju av menneske som sjølv var til stades i dei forskjellige fortellingane om skeives liv, dei som høyrde om skeive i samfunna dei budde i, eller frå dei skeive sjølv. Kristiansen fekk fram mykje gjennom å bruke intervju og munnlege kjelder, ein metode kvar det kjem fram ei heilt ny verd som få ønska å snakke om i samtida grunna tabu. Dette er med på å vise at det ikkje kun var i byane skeive menneske haldt til, sjølv om det var i byane ein lettast kunne finne potensielle seksuelle partnerar og andre likesinna, så viser det eit bilete av ei tid der det er lite skriftlege kjelder frå skeive liv i små samfunn.¹³

I boka *A cultural history of sexuality in the modern age* av Gert Hekma og Julie Peakman frå 2014, blir det lagt fram ei skildring av korleis kampen for homoseksuell likestilling har gått fram i både Europa og i USA. Boka handlar om seksuell historie i den moderne tid, kvar homoseksualitet ikkje er utelukka. Her ser ein kvar norske likestillings forkjempere har henta inspirasjon ifrå andre land, mykje frå USA, og lært av andre sine feil og triumfer når det kom til rettigheitar, framgangsmåtar og korleis skeive har gått fram i samband med HIV og AIDS. Her ser vi skilje på Noreg og USA ekstra godt, kvar Noreg ofte var framfor i positiv utvikling for homoseksuelle, som for eksempel då homoseksuelle kom under diskriminerings paragrafen i 1981, men også til tider bak. Dette er ikkje lett å sjå ved å lese boka aleine, då norske hendingar er lite representert, men det er her andre kjelder kjem godt med for å gi eit perspektiv på kva informasjon og

¹¹ (Red.) Brantsæter, Marianne C. Eikvam, Turid. Kjær, Reidar. Åmås, Knut Olav. *Norsk Homoforskning*. Universitetsforlaget, Oslo 2001

¹² Henmo s32.

(Red.) Rydström, Jens. Mustola, Kati. *Criminally Queer: Homosexuality and Criminal Law in Scandinavia 1842-1999*. Aksant, Amsterdam, 2007 s103

¹³ Kristiansen, Hans W. «Masker og motstand -Diskré homoliv i Norge 1920-1970» Unipub 2008

forsking som var henta frå andre stadar i verda. Fleire vart inspirert av utlandet, spesielt USA, kvar fleire drog på konferansar for å lære om blant anna AIDS. Norges lover om homoseksualitet blir fleire gonger samanlikna med naboland som Sverige og Danmark då det var spørsmål om endring av desse. Danmark var tidleg ute i mange tilfelle med homofile rettar og dette ser ein speglar seg i mange av kampsakene til norske homofile. Det viktigaste boka tar opp er AIDS/HIV-krisa, kvar det kjem godt fram korleis dei først handterte sjukdommen i USA då den braut ut blant homoseksuelle. Det var mange som valde å ignorere sjukdommen, i frykt for at ryktet til homoseksuelle skulle bli øydelagt, men det fekk motsett effekt då det fekk fatale konsekvensar for det skeive miljøet i USA. Dette er eit eksempel på kva Noreg lærte av, då fleire legar tok sjukdommen høgst alvorleg då det første tilfellet av AIDS vart kjent i Noreg.

Ola Henmo dokumenterte i 2017 eit portrett av Karen-Christine "Kim" Friele (1935-) i boka *Kampene - Et portrett av Kim Friele*, og vi får eit godt innblikk i kva som dreiv ho fram i kampen om likestilling. Friele er kanskje den som er mest kjent offentleg når det kjem til likestillingskampen, men ho var ikkje den einaste som sto for denne framgangen. Likevel var det eit godt utgangspunkt for å komme inn i korleis ho som leiar for DNF-48 (frå 1966 til 1971¹⁴), gjekk fram for å skape eit samarbeid mellom DNF-48 og politikarane, spesielt Arne Kielland då i Arbeidarpartiet¹⁵, som skulle hjelpe til med å avkriminalisere homoseksuelle.

Boka viser kva Friele sjølv opplevde, kva ho gjorde og kva som vart forandra grunna hennar framgangsmåte, som var meir direkte og relativt aggressiv, satt opp i mot kva som var gjort tidlegare frå DNF-48 sin side. Andre spelarar kjem litt i skuggen for hennar innsats i denne boka, men det betyr ikkje at dei ikkje var til stades og viktige for arbeidet som la til rette for vidare framgang for homoseksuelles rettigheter og omdøme.

Friele gir eit godt utgangspunkt for den lesbiske kvinna si rolle i kampen, eit perspektiv som ikkje alltid kjem like godt fram i kjeldemateriale eg tar i bruk seinare i dette arbeidet. Sidan straffelov §213 utelukka kvinner, var ikkje lesbiske kvinner ulovlege på lik linje med menn, noko som gav kvinner eit anna utgangspunkt. Friele var og er ein stor forkjempar for homoseksuelles rettigheter, kjempa mot diskriminering og har vert svært aktiv i arbeidet om å opplyse om homoseksuelle til det norske folk.

Boka er nyttig i mitt arbeid grunna arbeidet ho utretta som nemnt over, og fordi Friele også var med i arbeidet for å få fjerna «homofili» som psykiatrisk diagnose i Norsk Psykiatrisk foreinings lister over mentale forstyringar i 1977.¹⁶

I 2018 leverte Odd Ivar Noremsaune Hammer, ei masteroppgåve om den skeive identiteten i Trondheim i perioden 1960-70. Han tok for seg både paragraf 213 og utviklinga i det skeive miljøet, men han har kun nytta kjelder knytt til Trondheims undergrunnsmiljøer.

Eg synest det er viktig å nemne Hammer sitt arbeid, då det er mykje materiale her som går igjen i bakgrunnskapittelet mitt og vi har brukt mykje av dei same kjeldene. Han har eit fokus på homofile menn i tida fram mot 1972 og avkriminaliseringa av homoseksuelle, og dei intervjuar han har gjennomført med homofile menn som kunne fortelje om sine opplevingar, gir god innsikt i det homofile miljøet i Trondheim før

¹⁴ Skeivt Arkiv. *Karen Christine Kim Friele*. Publisert 2015.03.25.
<https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/karen-christine-kim-friele>

Henta 12.08.20

¹⁵ Henmo s. 33

¹⁶ Henmo s. 33

avkriminaliseringa. Dette viser at det ikkje berre var i Oslo homoseksuelle samfunn haldd til.¹⁷

Skeive Linjer i Norsk Historie – Frå norrøn tid til i dag, ei bok skreve av Hanne Marie Johansen, og publisert sommaren 2019. I boka går Johansen igjennom skeiv historie i Noreg frå norrøn tid og fram til 2019, noko som gir ei lineær oversikt over kva som er norsk skeiv historie. Dette er ei bok eg har brukt mykje, både fordi det viser tidlegare forskning på skeiv historie, og fordi det også er ein god oversikt over manglane i skeiv norsk forskning. Johansen gir ei god oversikt over dei forskjellige periodane, kvar ho presenterer korleis skeive menneske har blitt behandla og handtert gjennom lovverket, innan medisin og i det sosiale samfunnet.

Innan forskning på homoseksualitet så har det vert gjort eit forsøk i mange år på å prøve å forklare kva det var og kvifor nokon var homoseksuelle. Dette kan vi sjå i dei tre første bøkene som er tatt med her, som forsøker å forklare kva homoseksualitet faktisk var. Så skjedde det eit skifte på 1980-talet, kor det vart meir fokus på helse og levekår blant homoseksuelle, fordi det kom ein periode med mykje sjukdom, fordommar og død. Mot slutten av 1990-talet vart det gjennomført fleire undersøkingar om homoseksuelle sine liv og psykiske helse grunna mangelen på denne type forskning. *Norsk homoforskning* er t.d. eit resultat av dette.

Frå kva homoseksualitet var, til kvifor nokon var homoseksuelle, og til korleis homoseksuelle hadde det i det norske samfunn, går vi inn i ei tid kor det vart viktig å legge vekt på skeiv historie. I dei bøkene eg har tatt med her ser vi korleis det har gått frå forskning på homoseksualitet og den homoseksuelle livsstilen, til forskning som studerte kven dei homoseksuelle var og kva dei gjorde i historia. Skeiv historie er meir aktuelt i dag enn kva det nokon gong har vore, og dette nye fokuset på skeiv historie ser vi eit resultat av i *Skeive linjer i norsk historie* frå 2019, som vart til grunna mangel på eit oversiktsverk av norsk skeiv historie.

Skeiv historie har i mange år vore sidesett i Noreg, noko som gjer til at det er mykje historie som endå ikkje er forska på innan dette feltet. Her er det eg vil komme med mitt bidrag. For sjølv om homoseksualitet ikkje lenger er like tabulagt som det var for tjue og tretti år sidan, så er det framleis andre tema som høyre til denne historia som endå ikkje har blitt forska mykje på. Dette er tema som dårleg psykisk helse, sjølv mord og sjukdom blant homoseksuelle i Noreg. Spesielt tema som psykisk helse og sjølv mord har vore tabulagt i det norske samfunn fram til nymoderne tid, og det er derfor på tide å bidra med denne type studie med mitt eige arbeid.

1.3 Metode og kjelder:

Spor i historia etter skeive menneske er å finne i alle verdsdelar og land når du veit kva du ser etter, og når fokuset ligg på Noreg på 1980- og 1990-talet, er det stort kjeldetilfang. For å finne informasjon til bakgrunnskapittelet mitt har eg gått gjennom tidlegare forskingslitteratur og sett etter informasjon om utvikling av lovar mot homoseksualitet, referanse til homoseksualitet som sjukdom og generelt informasjon om homoseksualitet i norsk historie.

¹⁷ Hammer, Odd Ivar Noremsaune. *Skeiv identitet i Trondheim på 1960- og 70-tallet - En studie av homomiljøets utvikling, og §213s betydning i prosessen* 2018, NTNU. <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/handle/11250/2503378> Henta 11.11.18

I 2014 opna Skeivt Arkiv dørene sine i Bergen for offentlig tilgang, og kunne bidra til forskning på skeiv historie både i Noreg og i utlandet. Dette har gjort det lettare for historie interesserte og faghistorikarar til å kunne forske på temaet.¹⁸

Kjeldene eg har brukt mest er hovudsakleg henta frå Skeivt Arkiv, og har vore den største einskildsamlinga til materiale for forskingsprosjektet mitt. Etter to turar til Bergen, i august 2019 og i juni 2020, fekk eg nok materiale til å ferdigstille masteren. Grunnen til at eg har valt dette arkivet er fordi det var på Skeivt Arkiv det var mest relevant materiale å hente ut i frå problemstilling. På arkivet har eg lese avisutklipp, fått tilgang til fleire tidsskrift, høyrte på livsminneintervju og lese i brev og andre dokumenter for å finne relevant informasjon til problemstillinga mi. Avisklippa var frå VG, Aftenposten, Dagbladet, Adressa og Morgenbladet. Dette var nyttig fordi det var riksdekkande aviser og var talerøyr for samfunnet, og eg kunne plukke ut artiklar som tok opp tema som AIDS og homoseksuelle generelt. Ikkje alle avisene var namngitt på artikkelklippet, då det var sjølv artikkelen relatert til homoseksuelle som var klipt ut, utan omsyn til historikarens behov for kjeldetilvising. I avisene og tidsskriftene har eg sett etter relevante overskrifter og artiklar, kvar eg har sett etter tema som AIDS, homofile og sjølv mord, og psykisk helse.

Når det gjeld tidsskrifta, så er det avisene som vart gitt ut av homoseksuelle sjølv eg har henta informasjon frå. *Løvetann*, *Blikk*, *Fritt Fram* og *Frimerket* er dei mest sentrale, då dette er dei største avisene som var gitt ut i perioden.

Det som er viktig og relevant med avisene er at det viser kva som var viktig for homoseksuelle i perioden. Det gav eit innblikk i korleis homoseksuelle ikkje berre drøfta med den heteroseksuelle verda, men også med seg sjølv. Det har for eksempel vore ei konstant utvikling av korleis homoseksuelle presenterte seg utover, og dette vises i fråsegner frå DNF-48 og andre homoseksuelle grupper i landet, som anten var samde eller usamde i denne presentasjonen og representasjonen av seg sjølv. Det eg har sett etter her har vert debattar om lovendingar, lesarinnlegg som gjerne svarar på tidlegare artiklar om politiske problemstillingar som går ut over skeive liv, og som viser ein diskusjon frå fleire perspektiv. Dette har vert viktig i overgangen frå 1972 til 1983 fordi det viser kva som gjerne var problematiske tema før AIDS tok over, og før den generelle befolkninga fekk betre innsyn i skeive liv.

Fleire artiklar reflekterer over frigjeringa til homoseksuelle i perioden som mange av skribentane sjølv var ein del av, noko som også viste sider av den skeive historia som elles er vanskeleg å finne i andre kjelder. Dette gir eit personleg perspektiv av ei sak som i utgangspunktet ville vert ei munnleg kjelde, og som er med på å bidra til bakgrunnskapittelet mitt. Denne typen kjelder viser fleire gonger samfunnets haldningar til skeive menneske før dei skeive avisenes tid og før homoseksualitet var lovleg. Det var også splid i dei skeive gruppene fleire gonger, noko som skapte fleire skeive aktivist grupper-, som arbeidde for snevrare mål og som gav ut eigne aviser. Eit eksempel på dette er når det dukka opp usemjer i DNF-48, avdeling Bergen, om utestenging av medlemmer som hadde dobbelt medlemskap i både DNF-48 og i Arbeidsgrupper for homofil frigjering (AHF). Dei som var i mot utestenginga valde å trekke seg ut då røystene deira vart ekskluderte av styrets fullmaktsstemmer under ei generalforsamling, og den demokratiske verdien var ikkje lenger til stede. Dette førte til

¹⁸ *Skeivt Arkivs historie*
<https://skeivtarkiv.no/skeivt-arkivs-historie> Henta 20.02.2020

at Homofil Bevegelse i Bergen vart danna i 1979 og starta avisa «Frimerket» som vart hovudavisa for Bergen. Dette viste forskjellige sakar som var aktuell og prioriterte i forskjellige landsdelar utanfor Oslo og DNF-48's agenda.¹⁹ Dette viser at ikkje alle skeive aviser var samde i kva som skulle prioriterast av informasjon som gjekk ut til Noregs skeive befolkning, i tillegg til at det viser kva som skjedde utanom hovudstaden som ofte var i fokus.

AIDS vart først eit tema i norske media i Dagbladet i 1981, og *Løvetann* skreiv den første artikkelen om HIV i 1982. Fleire små artiklar om den først ukjende sjukdommen, utvikla seg til annonser om sikker sex, støttegruppe for smitta homoseksuelle, artiklar om korleis politikarar skulle handtere AIDS-smitta og korleis Ola Nordmann frykta alle homoseksuelle, i tillegg til ei månadleg påminning om det aukande dødstalet både i Noreg og resten av verda. Her har eg spesielt sett etter dei forskjellige framgangsmåtane avisene har hatt for å informere om HIV/AIDS og korleis dei ville forebygge mot sjukdommen. Eg har også sett etter utviklinga av kunnskapen om HIV/AIDS, og korleis sjukdommen endra arbeidslivet, sexlivet, helsa og det sosiale livet til skeive menneske som er sentralt for problemstillinga mi.

Det kom frå 1990-talet fleire artiklar om mental helse og ein aukande mengde rapportar om skeive som tok sitt eige liv. Fleire flytta fokuset frå HIV og AIDS, som hadde blitt kvardagsleg tema men framleis aktuelt, over på mental helse og helsetilbod for homoseksuelle uavhengig av om dei var HIV-smitta eller ikkje.

Dette er artiklar eg har hatt mest fokus på, som kan vise kva skade og stigmatisering HIV og AIDS medførte, samt ei utvikling og framsteg i positiv retning for det skeive miljøet. Eg har sett etter intervju med menneske som har hatt kontakt med den psykiske helsetenesta og som har fortalt om sine erfaringar som homofil eller lesbisk med psykisk lidning eller dårleg psykisk helse. Intervju med legar og psykologar har vist kva som har vert mangelfullt innan sitt fagområde, kva som har funka og ikkje funka for pasientane. Her fekk eg innsyn i dei forskjellige meiningane om homoseksualitet frå helsepersonell sin side og kva prosedyrar helse Noreg hadde på 1980-, og 1990-talet når det kom til skeive menneske.

Eg har også tatt i bruk fleire levekårsundersøkingar blant homoseksuelle ifrå Nord-Amerika, England og Noreg. Desse er funne på internett, og eg har gått grundig inn i kven som har stått bak undersøkingane og kva som var bakgrunnen for dei. Dette har eg gjort for å vite at undersøkinga som er utført har nok grunnlag for å reknast som ei påliteleg kjelde til mitt tema. Det er fleire av desse undersøkingane som går igjen som kjelder i artiklar, rapportar og litteratur. Grunnen til dette er fordi det ikkje fantes like grundige og omfattande undersøkingar om homoseksuelle liv i Noreg før i 1999. Ved å gå inn i sjølve undersøkinga som var nytta i artiklar og liknande, kunne eg sjå kva informasjon som var tatt med og kva som var utelukka. Eg fekk også større innsikt i kvifor undersøkingane vart til i utgangspunktet og kven som hadde vert med i undersøkingane. Resultata av desse undersøkingane er tal og statistikk som har vert svært viktige då eg blant anna skulle inn i temaet psykisk helse, spesielt rundt sjølv-mord blant homofile og lesbiske.

Eg har også brukt livsminneintervju. Dette er intervju med menneske som kan fortelje om si tid i aktivistgrupper, som journalistar, legar og enkelt individ som var medlemmer av det skeive samfunnet før og etter 1972. Det er frå kjelder til livet bak lukka dører og

¹⁹ «Frimerket» Nr.1 1979, s. 3

ein er avhengig av menneskje som fortel historia si, ei historie som held på å døy ut då det har vort eit tabu tema i så mange år og generasjonen held på å forsvinne. Dette har gitt perspektiv på forskjellige tema som helsesektorens kompetanse til å takle AIDS-epidemien i Noreg, korleis dei sjølv vart behandla som homoseksuell av andre, kva førebyggjande tiltak homofile grupper sjølv satt i gong, kva nyhende og informasjon som var viktig å spreie ut til det norske samfunnet, og personlege minner frå livet som eit skeivt menneskje på 1980- og 90-talet.

Ulempa med livsminneintervju er menneskets evne til å hugse riktig, og ein må ta til vurdering at eins egne erfaringar og er ei subjektiv oppleving. Derfor er det viktig å vere kritisk til informasjonen ein får ut av eit intervju, men eg har fleire gonger funne skriftlege kjelder som bekreftar mykje av informasjonen som fakta. Det har også hendt at eg ikkje har funne andre kjelder til informasjonen gitt i eit intervju. I dei tilfella har eg vort forsiktig med å bruke denne informasjonen eller forklart undervegs at det er henta frå munnlege kjelder. Grunnen til dette er at informasjonen kan vere upåliteleg utan andre skriftlege kjelder som kan bekrefte at denne informasjonen stemmer. Samtidig kan munnlege kjelder handle om tema som ikkje er skriva eller snakka så mykje om offentleg, og kan gi god innsikt i historie som ofte vort satt til side eller gløymd. Eit intervju med ein person som hadde personleg erfaring med HIV/AIDS-epidemien i Noreg, kan også fortelje om kjensler kring hendingar som har skjedd, og ikkje berre fakta om kva som skjedd. Dette kan vise til ei positiv eller negativ endring for skeive liv på 1980- og 1990-talet avhengig av kven sitt perspektiv ein går ut ifrå.

Grunna korona-tiltak som vart sett i gang mars 2020, vart det avgrensa tilgang til Skeivt Arkiv, bibliotek og NTNU. Dette gjorde at eg måtte ta i bruk fleire nettkjelder for å ferdigstille denne studien. Det førte til at kjeldekritikken vart endå viktigare, fordi det er mykje lettare for andre å redigere informasjon om eit tema på nett utan at dette blir kontrollert som riktig informasjon. Då eg søkte opp informasjon var det ofte for å finne ekstra kjelder, eller for å fylle i informasjon kvar det var mangel på dette. Skeivt Arkiv har også eit digitalt arkiv som eg har nytta meg av, enten for å søkje opp tidsskrift, informasjon om skeive organisasjonar, brev eller artiklar. Skeivt Arkiv har også ein brukar på YouTube, kor dei har lagt ut videoar med delar av fleire livsminneintervju og andre intervju og foredrag om skeiv historie. Dette er videoar eg har nytta, t.d. «Da aids kom til Norge», kor fleire skeive menneske fortel om sitt møte med AIDS.

Når det kjem til kjelder er kjeldekritikk generelt viktig når historikaren leita etter informasjon. Her har eg tatt til vurdering kven det er som har publisert eller skriva ein artikkel eller lesarinnlegg. Dette kan ofte vere menneske som har sterke meiningar opp i mot for eksempel politikk og helse. Det er ikkje alltid like lett å finne fleire kjelder om ei hending med eit tema som dette, då mykje av kjeldene er nedskrivne personlege erfaringar og munnlege kjelder som fortel om individuelle liv.

Hovudkjeldene mine er aviser, tidsskrift og undersøkingar, både norske og utanlandske og anna litteratur. Det har vore viktig å finne ut av kven som er forfatar av kjeldene eg har brukt, om det var skriva av pålitelege institusjonar, anerkjente forskarar, etterrettelege journalistar eller privatpersonar. Dette har ikkje alltid vort tilfellet i alle kjeldene eg har funne.

2.0 Skeiv historie fram til 1983.

Før eg går inn i analysen av homoseksuell helse på 1980- og 1990-talet, er det naudsynt å gjere greie for den skeive historia før HIV- og AIDS-utbrotet. Det set dei to tiåra i perspektiv, og viser kor viktig arbeidet før 1983 var for skeive liv.

Kvifor og korleis har homoseksuelle blitt vurdert, handsama med forakt og blitt assosiert med sjukdom i så mange år? Kvifor har homoseksualitet blitt sett på som unaturleg, og homoseksuelle som både overseksuelle og til tider farlege? Dette er spørsmål ein kan studere og vurdere på mange måtar, men ein ser best korleis det blir reflektert i samtidas samfunn gjennom folkets haldning til homoseksualitet, og i koplinga mellom tradisjon, lovar og tru. Eg skal derfor starte med ein gjennomgang av dei skrivne lovane mot homoseksualitet i Noreg og studere utviklinga av desse. Eg skal også studere framveksten av skeive organisasjonar frå 1950-talet, som utgangspunkt for den homoseksuelle likestillingskampen i Noreg, i tillegg til det norske folks oppfatning av homoseksualitet som sjukdom frå slutten av 1800-talet.

2.1 Ei lang historie med lovar og sjukdom

Dei skrivne lovane i Noreg mot homoseksualitet går tilbake til norrøn tid, og har rot i kristendomen frå omtrent 1000-talet. Etter innføringa av kristendommen i Noreg fekk kyrkja etterkvart stor påverknad i denne tida, noko som også var med på å sette strengare reglar til samleie. Sex utan intensjon om å få barn var synd, prestar skulle leve i sølibat og alle andre, innan eit ekteskap, hadde ein streng timeplan dei måtte følge for kva dagar ein kunne ha samleie. Samleie var ikkje for nyting, men kun for reproduksjon. Homoseksualitet var av kyrkja sett på som ei grov synd, ikkje berre mot Gud, men også mot mennesket.²⁰

På 1160-talet, med mistanke om stor påverknad frå kyrkja, vart det lagt inn ein paragraf i Gulatingslova:

«Um to karmenn blandar seg med kvarandre til lekamslyst, og vert sannskyldige i det, då er dei begge ubotamenn.»²¹

Gulatingslova var det første verdslege kjende lovverket i Europa, som tematiserte homoseksualitet mellom menn, og som hadde straff for brot på dette. Fram til 1160-talet var det kun ei uskrive lov som måtte tolkast av lovseiemenn på dei forskjellige tinga kring om i landet. Lova nemner at begge partar i lovbrotet skal ha straff, men det å vere ein mannleg passiv part i eit homoseksuelt forhold var sett på som «Ergi», eller umandig, og å få dette ryktet på seg kunne vere øydeleggjande nok til å måtte flykte landet fordi den penetrerte var utan ære, så sant ein ikkje klarte å bevise seg uskuldig i lovbrotet.²²

Paragrafen i Gulatingslova vart ein del av Sverres kristenrett i 1273, og var derfor ikkje berre gyldig på Vestlandet, men nå i heile Noreg. Her kjem det også fram at kongen og biskopen skulle kunne ta over landet og eigedomen til dei som var skuldige i homoseksuelt samleie, noko som også kunne gå utover familie og andre som hadde tilhøyring til den tapte eigedomen.²³

Lova mot homoseksualitet blei frå 1270-talet slått saman med lova om forbodet mot seksuelt samkvem mellom menneske og fe, henta i frå Frostatingslova og som skulle

²⁰ Johansen s.38

²¹ Johansen s. 40

²² Johansen s. 29-32

²³ Johansen s. 40

straffast på lik måte. Det er her omgrepet «sodomi» kjem fram, tatt i frå det Gamle Testamentet i Bibelen og historia om Sodoma, byen som vart øydelagt av Gud grunna alle menneska si «gudløshet og ugjestmilde oppførsel». «Sodomitt» vart då eit uttrykk brukt om dei som hadde seksuelle «utskeielser», som ikkje følgde lovane i naturen og Sodomitt vart eit uttrykk som skulle følgje homoseksuelle i mange år framover.²⁴ Her kan eg også leggje til at kyrkja hadde lite i mot kvinner som utførte seksuelle handlingar med kvarandre, fordi det var ein mannleg aktivitet ifølgje Bibelen. Noko som gjorde til at lova mot homoseksualitet kunn var gjeldande for menn.²⁵

Ifrå 1270-talet tok det litt over 400 år før lova blei tatt opp på nytt. Etter reformasjonen i 1537 skjedde det ein del lovendingar i Danmark-Noreg. Kristenretten var ikkje lenger gyldig og det kom inn nye lovar underlagt kongemakta, men det var ikkje før i 1687 under Christian V. sine lovendingar at det vart danna ein lov som sa: «*Omgængelse som er imod Naturen, straffes med Baal og Brand.*» kor vi gjekk inn i ein periode fram til ut på 1700-talet der sodomi vart straffa med brenning på bål. Sjølv om det ikkje sto direkte i lova at homoseksualitet mellom to menn var ulovleg, men fordi samleie mellom to menn var sett på som unaturleg, og tolka som feil bibelen, så var det straffbart. Homoseksualitet vart dermed sett på som eit brot i mot naturen, ikkje berre av kyrkja, men også av kongemakta, på lik linje som trolldom og incest. Ein kan undre seg over om det var nokon som slapp unna straff sidan lova gav rom for tolking av kva som var unaturleg og ikkje.²⁶

I overgangen mellom 1700- og 1800-talet, blir uttrykket «pederast» meir brukt om homoseksuelle. Pederasten er, i følgje historikar Hanne Marie Johansen, overgangen frå «Sodomitten» til den moderne homoseksuelle. Pederasti er eit uttrykk som stammar frå det antikke Hellas, og det vart mest sannsynleg tatt i bruk på slutten av 1700-talet under klassisismen i Noreg.²⁷ Pederast var eit uttrykk brukt om eldre menn som hadde sex med yngre menn, men det vart også vanleg å bruke generelt om menn som hadde sex med kvarandre.

Homoseksuelle var ikkje så synlege i denne perioden, då tabuet rundt det også vaks meir fram og det var eit ikkje-tema, som ikkje skulle vises i det offentlege. Dette kan vere ein av grunnane til at det er så få dømde for brot på paragrafen i denne perioden. Dei fekk vere i fred, mest fordi ingen ville ha noko med dei å gjere.²⁸

I 1842 tar den norske straffelova over, og «*omgjængelse mod Naturen*» sto framleis som ordlyd i paragrafen. Først i 1889 kom paragrafen opp til diskusjon igjen på Stortinget, og det vart avgjort at dei skulle endre paragrafen fordi språket var utdatert og for dei fleste uforståeleg. Den nye paragrafen vart som følger: «*Finder legemlig Omgjængelse Sted mellom Personer af Mandkjøn, straffes de Skyldige med Straffearbeide i femte Grad eller fængsel*». Denne sto fram til 1902, då den nok ein gong vart endra, og vart aktiv i 1905 då Noreg vart uavhengig frå Sverige. Denne versjonen av paragrafen vart ståande uendra i 70 år, fram til den vart avskaffa i 1972:²⁹

²⁴ Groth, Bente: *Sodoma og Gomorra* i *Store norske leksikon* på snl.no. https://snl.no/Sodoma_og_Gomorra
Henta den 25.08.20

²⁵ Johansen s.41

²⁶ Johansen s.42,44, 45

²⁷ *Pederasti* i *Store medisinske leksikon* på snl.no. <https://sml.snl.no/pederasti>
Henta 25.08.20

²⁸ Johansen s. 54-55

²⁹Halsos s. 92
Johansen s. 56

«Finder utugtig omgjængelse sted mellom personer af mandkjøn, straffes de, der herigjør sig skyldige, eller medvirker dertil, med fængsel indtil 1 aar. //Med samme straff ansees den, som har utugtig omgjængelse med dyr, eller som medvirker dertil. // paatale finner alene sted, naar det paakræves af alemene hensyn.»

Den nye lova som skulle bli kjent i ettertid som homo-paragrafen, §213, kriminaliserte «utugtig omgjængelse [...] mellom personer af mandkjøn» med fengsel inntil eitt år. Paragrafen vart som regel brukt i tilfelle der den eine parten var under 21 år og det var den eldste parten i saka som skulle bli dømt for brotet.

Her ser vi også at lova om homoseksualitet og zoofili framleis under same paragraf som den har vore frå 1200-talet, noko som påverkar statestatikken over kor mange som faktisk var dømt for homoseksuelle handlingar i denne perioden, men frå 1905 til 1950 var 119 menn domsfeldt i Noreg på grunnlag av denne paragrafen.³⁰

Dei som vart funne skuldige i straffelovsbrotet måtte sitte i fengsel i opp til eit år, men berre då offentlege interesser kravde det.³¹ Lova forbaud alle seksuelle handlingar og kontakt. Lova kunne også straffe andre som var knytt til dei som braut lova, som for eksempel ein ven som kunne vite om eit forhold, eller ein hallik som kunne ha hatt ansvar for prostitusjon av unge gutar. Det ein også kan leggje merke til er at lova ikkje forbaud homofili i seg sjølv, men seksuell kontakt mellom menn. Dette gjorde det ikkje ulovleg for kvinner å ha eit seksuelt forhold til kvarandre. Det forbaud heller ikkje direkte eit homofilt forhold mellom menn, så lenge ein ikkje hadde eit fysisk seksuelt forhold til kvarandre.

All seksuell kontakt var derfor forbode mellom menn, alt frå orallsex til gjensidig masturbering, og ikkje berre sex med utløyising. Det var også gjeldande om dei hadde gjort andre «korrupte» eller «viste seg offentleg utan skam».³²

Her kan vi også komme tilbake igjen til den siste delen av paragrafen om «naar det paakræves af almene hensyn». Det er eit eksempel på dette frå 15. mars 1944 i Bergen, då ein nabo anmeldte eit par som vart arrestert for brot på lova, kvar i dette tilfellet den eine parten var tysk og vart straffa etter tysk lov, og nordmannen vart sett i fengsel i 1 år og 3 månader, alt fordi naboen hadde ein mistanke om eit likekjønna forhold bak naboens lukka dør.³³

Med få tilfelle etter 2. verdskrig, var §213 rekna som ein sovande paragraf, fram til den på nytt var tatt opp i 1953 då DNF-48 ville fjerne den. Straffelovrådet stilte seg bak DNF-48 om kravet om å avkriminalisere homoseksualitet, men dei ville sette ein høgare seksuell lågalder på 18 år, i tillegg til at dei ville straffe dei over 21 år som hadde sex med dei mellom 18 og 21 år. Heile målet med å auke den seksuelle lågalderen for homofile, var for å skjerme ungdommen frå å bli «smitta» av andre homofile, då det var ei generell oppfatning at unge gutar var lett påverkelege til å sjølv bli homofile ved seksuell kontakt med det same kjøn. Dette var mest iaugefallande bland unge prostituerte gutar, då dei fleste kundane var mykje eldre menn.³⁴

³⁰ Jordåen, Runar. Wolfert, Raimund. «Homoseksualitet i det tyskokkuperte Norge sanksjoner mot seksuelle forhold mellom menn i Norge 1940–1945» s.460

³¹ Halsos s. 92-93

³² Halsos s.93

³³ Jordåen og Wolfert s. 473

³⁴ Berge, Birger. Paragraf 213 - seksuell omgang mellom menn som straffbart forhold. I Store norske leksikon. https://snl.no/Paragraf_213_-_seksuell_omgang_mellom_menn_som_straffbart_forhold Henta 11.02.20

Det er her forføringsteorien kjem inn i biletet.³⁵ Teorien gjekk ut på at eldre homofile kunne forføre unge gutar til å også bli homofile, noko som ikkje lenger haldt mål då det vart motprova i ei nederlandsk undersøking på 1960-talet. Den nederlandske undersøkinga, eller Speijer-rapporten, skulle utgreia spørsmålet om homoseksualitet med særleg vekt på «forføringsteorien». Spørsmålet om unge gutar over seksten år kunne utvikle varig homoseksualitet om dei var utsett for homoseksuelle opplevingar i ungdomstida, vart avkrefta då komitéen konkluderte med at homoseksualitet: "forårsakast av ein vekselverknad mellom instinktive (medfødde) tendensar og faktorar som viser seg i dei tidlegaste barneår -såleis at det lenge før barnet fyller 16 år er avgjort kor vidt vedkommande vil utvikle seg hetero- eller homoseksuelt". Ungdom over 16 år kunne derfor ikkje «forførast» til homoseksualitet.³⁶

2.2 Den Norske Foreining av 48 vs. Staten:

I 1864 kom det i Tyskland, frå journalist Karl Heinrich Ulrich, framlegg om å avkriminalisere homoseksualitet, og i 1869 frå den austerrisk-ungarske skribenten Karl Maria Kertbeny, som begge argumenterte for å avkriminalisere sodomi. Dei blir rekna som pionerar for rettane til dei skeive. Dei argumenterte for det tredje kjønnet, og at sodomi dermed ikkje burde vere ulovleg fordi det er naturleg. Teorien om det tredje kjønnet er noko som også går igjen i moderne historie, og som fleire har brukt som grunnlag for skeiv teori, blant andre var lege og sexolog Magnus Hirschfeld ein av desse.³⁷ Teorien om det tredje kjønn hevdar at det eksisterer noko meir enn berre mann og kvinne, og dermed meir enn berre heteroseksualitet. At det ligg naturleg i ein person på lik linje som ein mann elsker ei kvinne og ikkje noko som «gaar i mod naturen», og kunne dermed ikkje vere straffbart.³⁸

I Noreg finn vi ikkje mykje motstand mot §213 før skipinga av DNF-48. Det var ei norsk underavdeling av det danske Forbund af 1948 og vart sjølvstendig i 1953. Det var i byrjinga ei gruppe det var vanskeleg å bli ein del av, kvar og ein måtte vise at ein var ein seriøs, diskret og aktverdig samfunnsborgar. I tillegg måtte nye medlemmar innstillast av to som hadde vert medlem i minst eit halvt år for å finne deg passende. Ein lang og kanskje nervepirrande prosess, men samtidig var det heller ikkje mange andre moglegheiter for å finne likesinna i Noreg på denne tida.³⁹ Vi er framleis i ein periode kvar det å vere homoseksuelt aktiv var ulovleg, så å vise at du kunne oppføre deg deretter var viktig, då det kunne skade heile forbundet skulle eit av medlemene gå utanom dei gitte grensene.

Då DNF-48 hadde etablert seg som eit sjølvstendig forbund, starta dei å gi ut ei internavis, «Klubb-Nytt» og seinare «Oss Imellom», kvar dei informerte medlemmene om kva som blant anna skjedde i organisasjonen og i andre land. Dette var starten på ei rekke nyhendeavisar som vart gitt ut dei komande tiåra.⁴⁰ Ei av desse nyhendene var

³⁵ Henmo s. 27-29

³⁶ Jordåen, Runar. *Speijer-rapporten*. Publisert 18.03.20 <https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/speijer-rapporten> Henta 14.11.20

³⁷ Johansen, Hanne Marie. *Skeive Linjer i Norsk Historie – Frå norrøn tid til i dag*. Samlaget, Oslo 2019, s 16

³⁸ Wolfert, Raimund. *Justus Lockwood*. Publisert 26.08.19 https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/justus-lockwood#_ftnref1 Henta 28.01.20

³⁹ Henmo s. 21-22

⁴⁰ Gillow-Kloster, Hannah *Det norske forbund av 1948*. Publisert 23.09.14 <https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/det-norske-forbundet-av-1948> 24.01.20

blant anna i 1953 då DNF-48 prøvde for første gong å avkriminalisere homoseksualitet ved å sende inn brev til Stortinget, med stor innsats frå Rolf Løvaas som var leiar.⁴¹ Den norske kyrkja var blant dei som sette seg på bakbeina og var i mot DNF-48 sitt framlegg til Stortinget om avkriminalisering i 1954, i tillegg til at dei ville ha kvinner inn under den same lova. At kyrkja var så sterkt i mot forslaget kan ha vert ei av årsakene til at saken vart lagt på is av Justisdepartementet.⁴²

DNF-48 var derimot ikkje villige til å gi opp, og sette advokat Johan Bernhard Hjort på saka. Han sette press på Justisdepartementet for å få fjerna paragrafen. Eit av vilkåra Hjort hadde for å jobbe med saka, var at han skulle ha vitskaplege bevis for å støtte opp under argumenta sine, og ikkje materiale som var rykte- og mytebasert. Han skulle vise til fakta. Eit eksempel er i 1955 då han skriv i Dagbladet om korleis kyrkja brukar bibelen for å argumentere for at homoseksualitet var synd, men viser til boka "Homosexuality and the Western Christian Tradition" (1955) av Derrick Sherwin Bailey, prest og hovudforelesar for den engelske kyrkjias råd for moralsk velferd, som konkluderte med at dette er feil tolking av bibelen.⁴³ Dette skapte offentleg ordskifte mellom kyrkja og DNF-48, noko som gav meir merksemd til DNF-48 utan at det førte til større resultat. Justisdepartementet tok ikkje opp straffeparagrafen til ny vurdering igjen før nesten ti år seinare.⁴⁴

Då Kim Friele og ein anonym homofil mann var med i eit radioprogram kvar dei ope snakka om homofili og homoseksualitet for første gang i norsk radio i 1965, var det byrjinga på eit meir ope forhold mellom homofile og resten av samfunnet. Intervjuet var eit forsøk på å forklare kva homofili var, korleis det oppstod, og å gjere det mindre framand for resten av samfunnet. Dei starta ei kampanje som gjekk ut på å informere resten av folket om kvifor dei ikkje var farlege eller noko å frykte.⁴⁵

Sjølv om homokampen hadde starta i Noreg på 1950-talet, så reknar ein Stonewall-opprøret i 1969 i New York som startskotet for den moderne homørørsla. I New York 27. Juni 1969, på Christopher Street, kjempa homofile og transseksuelle tilbake mot politiet for første gang under ein av dei mange politirazziaene som vart utført i denne perioden på homofile utestadar. Dei demonstrerte i mot politiet i to dagar, og kom ut sigrande av kampen. 28. Juni 1970 gjekk den første PRIDE-paraden gjennom gatene i New York for å markere desse demonstrasjonane, med 5-20000 menneskje samla for å demonstrere mot homofobi, diskriminering og urett.⁴⁶

Denne hendinga skulle kome til å inspirere homofile og lesbiske i Amerika, Europa og også Noreg til å ta opp kampen for alvor mot overgrep og diskriminering. Det er også dette ein markera då ein feirar PRIDE kvart år i Juni i mange land, kvar denne dagen er ein eigen kampdag og demonstrasjonsdag, første gang markert i Noreg i 1974.⁴⁷

⁴¹ Løvetann nr.6 – 1993, s.18-27

⁴² Henmo s. 29-30

⁴³ Dagbladet, kronikk 27.desember 1955 "Homoseksualitet og kristendom" av J.B. Hjort <https://katalog.skeivtarkiv.no/instance/letter/ubb-ska-0001-e-ea-01-11.html> Henta 24.01.20

⁴⁴ Løvetann nr. 6 -1993, s. 23

⁴⁵ *Stengt verden. Samtale om homofili og menneskeverd*

{ { Kilde bok | utgivelsesår = 1965-06-15 | tittel = Stengt verden. Samtale om homofili og menneskeverd. | forlag = NRK (the Norwegian Broadcasting Corporation) | url = https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_dra_1990-01774P | side = } } https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_dra_1990-01774P Henta 24.11.20

⁴⁶ Hekma s.68

⁴⁷ «Fritt Fram» nr.1 1974 s.14

Johansen s. 20

Kim Friele vart valt som den første kvinnelege leiaren av DNF-48 i 1966, og sette seg som mål å fjerne §213 som hadde vore tyngande for homoseksuelle i alt for lang tid.⁴⁸ Ho starta i 1968 med å sendte eit brev til regjeringa med seks konkrete spørsmål om paragrafens status, med hjelp av jussprofessor Johannes Bratt Andenæs, biskop Sigurd Oseberg, forfattar Finn Carling og helsedirektør Karl Evang. Deretter fekk ho støtte av elleve sentrale personar i arbeidet for å avkriminalisere homoseksuelle som alle meinte straffeparagrafen måtte avskaffast. Det var folk frå kyrkja, jussen, psykiatrien, kunstmiljøet og academia, og det er her heftet «Paragraf 213 – Onde eller nødvendighet?» av Kim Friele vart skrive og distribuert ut til det norske folk. Dette var eit viktig steg i kampen vidare då dette gjorde politikarane merksemd på paragrafen igjen og at det hadde skjedd ei forandring i samfunnet sidan 1953.⁴⁹

Arne Kielland, frå Arbeiderpartiet og medlem av justiskomiteen, jobba tett saman med Kim Friele frå 1971 for å få fjerna lovparagrafen. Etter fleire brevvekslingar mellom Friele og Stortinget, ville justisministeren fremme det tidlegare framlegget frå 1953 om å heve den seksuelle lågaldern for homoseksuelle til 18 år, noko som ikkje vart akseptert då det var poenglaust å erstatte ein diskriminerande lovparagraf med ein ny variant av den gamle.

Ei intervjuundersøking, utført av Norsk Gallup og skapt av cand. psychol. Arnold Havelin frå 1967, viser at første del av §213 ikkje lenger hadde oppslutning blant folk flest. 65 prosent av mennene og 64 prosent av kvinnene sa at dei ikkje var for straff.⁵⁰ Dette og ein rapport frå Wolfenden-komiteen i England var to undersøkingar som viste best at ting hadde endra seg i samfunnet sidan 1950-talet, og at det var tid for å endre lovparagrafen. Wolfenden-komiteen, oppkalla etter sin leiar, John Wolfenden, var ein komité sett saman av den britiske regjeringa. Bakgrunnen for undersøkinga var for å vurdere om straffelova frå 1885, som gjorde homoseksuelle handlingar mellom menn ulovleg, framleis var naudsynt. Talet på menn fengsla for homofile handlingar var gått over tusen i året innan 1954, som førte til ei revurdering av straffelova. Rapporten dei leverte til regjeringa konkluderte med at lova burde verte fjerna fordi dei meinte at "moral og umoral kort og godt sett ikkje er lovas verksemd". Komiteen anbefalte at homoseksuelle handlingar mellom menn ikkje lenger skulle vere ulovleg i Storbritannia.⁵¹

April 1972 kom forslaget frå Justiskomiteen til Stortinget om å fjerne lovparagrafen.⁵² Odelstinget stemte først over saka, så stemte Lagtinget for oppheving av paragrafen, og til slutt sanksjonerte kongen lova som oppheva §213 14. April 1972.⁵³

Homoseksualitet var ikkje lenger ulovleg og homofile kunne endeleg starte å leve livet sitt som dei sjølv ville, men det var her problema starta for mange. Ville samfunnet akseptere homoseksuelle?

⁴⁸ Henmo s 27

⁴⁹ Henmo s. 30-31

⁵⁰ https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1970-71&paid=7&wid=a&psid=DIVL350&pgid=c_0702 Henta 18.02.20

s. 2948 «2. Juni 1971, Interp. Fra repr. Kielland om å oppheve §213 i straffeloven om homofile»

Jordåen, Runar *Arnold Havelins forsikringsprosjekter*. Publisert 17.12.15

<https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/arnold-havelins-forskningsprosjekter>

Henta 28.10.20

⁵¹ *Wolfenden-rapporten*

<https://www.parliament.uk/about/living-heritage/transformingsociety/private-lives/relationships/collections1/sexual-offences-act-1967/wolfenden-report/>

Henta 18.02.20

⁵² Henmo s. 34-36

⁵³ Hennem, Ragnhild. «Lesbiske og homofiles rettsstilling», «Norsk homoforskning» redigert av Brantsæter, Marianne C. Eikvam, Turid. Kjær, Reidar. Åmås, Knut Olav Universitetsforlaget, Oslo 2001 s. 90

På 1950- og 60-talet kom dei første haldningsundersøkingane om homofili, som Havelins undersøkingar frå 1960-talet på vegne av DNF-48, kvar dei fleste «ikkje-skeive» meinte og forventa at homofile og lesbiske skulle halde ein lav profil. Om ikkje måtte dei sjølv ta konsekvensane av utestenging og trakassering. Dei skulle ikkje synast i det offentlege rommet, då dette var støyande og ubehageleg og heller ikkje akseptert av dei fleste samfunnsarenaene og i privatsfæren.⁵⁴

Seksualitet var noko folk generelt helst ikkje skulle snakke om, verken heteroseksualitet eller homoseksualitet, fordi det ikkje var anstendig. Det var ikkje noko å snakke høgt om og det var ein privat sak, spesielt i svært religiøse miljø, men det er ingen tvil om at det vart snakka om fordi det var eit «problem» alle kjende til.

I møte med eit heteronormativt samfunn som i alle år har basert seg på idear og tradisjonar som avviste homoseksualitet, skulle homoseksuelle endeleg få ta del i samfunnet. At ikkje alle var like imøtekommande med dei som valde å «komme ut», skulle, ikkje uventa, vise seg å bli eit problem.

Homofobi er eit ord som først vart tatt i bruk i 1972 av den amerikanske psykiateren George Weinberg, men omgrepet er gammalt. Frykta for homofili og homofile, noko som kunne føre til fysisk vald og anna trakassering mot homoseksuelle då dei var uønskt og av mange framleis sett på som uverdige.⁵⁵

DNF-48 kravde derfor i 1974 at homofile skulle komme inn under rasismeparagrafen 135s og 349a. 24. April i 1981, vart Noreg det første landet i verda som lovfestar eit vern av homofile. «Personar med homofil legning, leveform eller orientering» i rasismeparagrafane §135a og §349a.⁵⁶

2.3 Homoseksualitet; ein sjukdom.

Som vi har sett, så hadde homoseksualitet sidan vikingtida blitt assosiert med noko negativt og unaturleg. Det var ifølgje kyrkja syndig å vere homoseksuell, og å gi etter for dei kjenslene ein hadde for det same kjønn, var straffbart med døden. Det kom så ei tid kring 1800-talet kvar legar og psykiatrar begynte å spekulere på kva det var som skapte dette «seksuelle avviket», og mange konkluderte med at det måtte vere ein sjukdom, enten fysisk i kroppen, eller i hovudet og at det var ein mental sjukdom. I 1963 vart homoseksualitet diagnosert som ein mental forstyrring i WHO's offisielle diagnosehandbok ICD (international classification of diseases), og sto som diagnose fram til 1990. Klassifiseringa som ei mental lidning vart fjerna i Noreg av den norske psykiatriske foreining i 1977.⁵⁷

Av alle ting som var assosiert med homofile og homoseksualitet igjennom tida, var ikkje den mentale diagnosen, sterke fordommar, synd og sjukdom det einaste som har følgd homofile. Tidlegare vart forføringsteorien nemnt, som var ein teori om at

⁵⁴ Johansen s. 123, Jordåen, Runar *Arnold Havelins forsikringsprosjekter*. Publisert 17.12.15 <https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/arnold-havelins-forskningsprosjekter>
Henta 28.10.20

⁵⁵ Hennem, Ragnhild. «Lesbiske og homofiles rettsstilling», «Norsk homoforskning» redigert av Brantsæter, Marianne C. Eikvam, Turid. Kjær, Reidar. Åmås, Knut Olav Universitetsforlaget, Oslo 2001 s.91. Arntsen, Hilde & Grünfeld, Berthold & Ryste, Marte Ericsson & Almås, Elsa. *homofobi*. I *Store medisinske leksikon*. <https://sml.snl.no/homofobi> Henta 01.04.20

⁵⁶ Henmo s.89

⁵⁷ Henmo s. 51

homoseksualitet var smittsamt, då spesielt ifrå eldre homoseksuelle menn og over på yngre menn/gutar. Frykta for at ungdommen skulle bli utsett for ein forureining av både kropp og sinn, sette i gang diskusjonen om å nok ein gong endre lovparagrafen for å stramme inn reglane endå meir for homoseksuelle i Noreg, for å beskytte dei unge frå eit synderleg og tabubelagt liv. Då denne teorien vart avkrefta på 1960-talet, gjekk vegen vidare mot avkriminalisering av homoseksualitet og arbeidet for å få fjerna homofili som diagnose var i gang.

Vi kan i dag sjå tilbake på dei hundre åra fram til 1970-talet, og sjå at det var sterkt prega av fordømmar og faktalause teoriar innan vitskapen, som betrakta homoseksualitet som ein sjukdom, eit avvik eller ei feilutvikling.⁵⁸

Diskusjonen om homoseksualitet var ei drift som var medfødt eller om det hadde dukka opp seinare i livet, pågjekk i Tyskland frå ca 1870-talet, og sakte men sikkert fann den vegen til Skandinavia og Noreg. Carl Friedrich Otto Westphal (1832-1890), professor i sjels- og nervesjukdommar i Preussen, kom ut med ein medisinsk publikasjon basert på kliniske studiar ved Charité-sjukehuset i Berlin, kvar han tok føre seg seksuell tiltrekking til det same kjønn kvar ein i tillegg hadde ei kjensle av å høyre til det motsette kjønn. Her skapte han uttrykket «Kontrær seksualkjensle», som i dag omtalast som transvetisme og homoseksualitet, og i ettertid kjent som Westphal-diagnosen. Basert på denne publikasjonen skreiv den tyske rettsmedisinaren og psykiateren Johan Ludwig Casper fleire vitskaplege artiklar i 1852. Basert på intervju med folk som hadde hatt sex med det same kjønn, skapte han teorien om at homoseksualitet, eller pederasti, i nokre tilfelle var medfødt og arveleg drift.

Homoseksualitet var fram til dette tidspunktet ikkje innført i internasjonal psykiatri, før den tyske psykiateren Richard von Krafft-Ebings (1840-1902) var den første som tok i bruk uttrykket «homoseksualitet» i andre utgåva av boka «*psychopathia Sexualis*» i 1887. Denne boka var også eit stort bidrag til danninga av eit nytt spesialfelt innan psykiatri som i dag er kjent som sexologi. Krafft-Ebings hadde fleire teoriar rundt homoseksualitet, deriblant at det var arveleg, som Casper hadde skrive om tidlegare, og at perverisjonane var ein skade eller ei degenerering av sentralnervesystemet, men at det også kunne vere eit resultat av ein uheldig livsstil med overdriven seksuell aktivitet. Dette var også årsaka til at folk i mange år trudde at onani kunne føre til homoseksualitet blant menn.⁵⁹

Kvinner vart i mange land sendt til psykiater, fordi dei hadde ein sjeldan form for «perversitet». Lesbiske kvinner hadde valet, enten å tilpasse seg krava til husmor,- og konerolla, eller dei kunne bryte alle sosiale band og gå etter det dei sjølv følte var riktig. Skulle dei gi opp vener, familie, kanskje ei karriere for å vere lukkelege?⁶⁰

Første gongen ein nordmann fekk diagnosen «homoseksuell», eit uttrykk som vart meir og meir tatt i bruk, var i 1886. Legene starta å sjå homofili som ein fysisk sjukdom, ein patologisk tilstand. Det vart i nokre tilfelle prøvd å behandle homoseksualitet med medisinar og andre behandlingar i staden for straff, noko som også var med på å gjere straff for homofili og homoseksuelle handlingar mildare over tid sidan dette var ein sjukdom og noko ein ikkje kunne kontrollere sjølv.⁶¹

⁵⁸ Brantsæter, Marianne C. «Norsk homoforskning» redigert av Brantsæter, Marianne C. Eikvam, Turid. Kjær, Reidar. Åmås, Knut Olav Universitetsforlaget, Oslo 2001 s.9

⁵⁹ Johansen s. 60-63

⁶⁰ Hekma s. 52, 67

⁶¹ Selle s. 18

Det gjekk bortimot seks tiår år før det var ei endring i den homoseksuelle diagnosen. Grunnen til at endringa skjedde kringom 1950-talet, kan vere på grunn av tidsskriftet «Populært tidsskrift for seksuell opplysning» skreive av Dr. Karl Evang og Dr. Torgeir Kasa frå 1932. I tidsskriftet skreiv dei ein artikkel om homoseksualitet, kvar dei forklarar kva det var og to grunnleggjande teoriar om korleis homoseksualitet oppstod. Dei to diskusjonane var at det anten var at det var ei feilutvikling av seksualiteten, eller at det var medfødt og ein ikkje-sjukeleg ting, på same måte som at nokon kunne vere født fargeblind. Evang og Kasa var positive til å ha meir openheit rundt seksualitet, homoseksualitet inkludert. Dei var skeptiske til at behandling av homoseksuelle ville ha nokon effekt og tok avstand frå dette sjølv om dei begge var legar. Dei ville bryte med dei gamle tankane og tabuet som hang rundt seksualitet, og ville opplyse den generelle befolkninga om dette då dei såg den store mangelen på kunnskap om temaet. I 1938 vart Evang helsedirektør, og etter krigen i 1947 gav han ut ein bokserie som hette «Seksuell opplysning» som tok før seg seksuell opplysning generelt, også med eit heilt kapittel om homoseksualitet i første bind. Denne bokserien var å finne i dei fleste norske heim, og var med på å belyse heile den norske befolkning om all form for seksualitet som var kjent i denne tida. Dermed oppstod diskusjonen om kva homoseksualitet kom ifrå, om det var genetisk og medfødt, eller om det var noko som utvikla seg over tid.⁶²

I ein artikkel i Adresseavisen i 1958 skreiv hospitalprest Harald Rønning, at psykiaterane delar seg i to hovudgrupper. «Den eine meiner årsaka til homoseksualitet har samanheng med ein viss eigenart i kimcellene eller i den indre seksjon frå kjønnskjertlane. Denne gruppa legg altså vekt på reint kroppslege forhold og finner her årsaka. Den andre gruppa av psykiater legg hovudvekta på sjelelege årsaksforhold. Derunder påverking frå omgivnadene, miljøet.»⁶³

Overlege og direktør ved Gaustad sjukehus, Ørnulv Ødegård, hevda at homoseksuelle var neurotiske eller psykopatiske, og av den grunn hadde lite kontroll på eigne handlingar. Han meinte også at å kastrere homoseksuelle var mest effektiv behandling, utan å nemne andre formar for behandling.⁶⁴ Likevel skal det ha gått gjetord om at homoseksuelle vart lobotomert på Gaustad, utan at det finst kjelder som stadfestar dette, og det skapte stor frykt blant homofile i tida.⁶⁵

Evang var ein av dei som argumenterte mot Ødegård, og hevda at det heller burde undersøkast grundigare om det var mogleg å endre lovverket. Ødegård, med ei meining basert på forføringsteorien, ville også auke den seksuelle lågaldren då han var sikker på at unge gutar vart immune mot homoseksualitet då dei var modne nok. Han meinte at å sette ei aldersgrense på 18 til 21 år ville forhindre ei spreing av homoseksualitet.⁶⁶

På grunn av Verdens Helseorganisasjon si klassifisering av homoseksuelle som mentalt forstyrra i 1963, førte dette til eit skifte i synet på skeive menneske. Dette gjorde til at det ikkje lenger vart sett på som eit fysisk trugsmål og noko unge menn kunne bli smitta av, og det vart lettare å skulde på at det var noko som var psykisk gale med personen.

⁶² «Et stort behov for seksuell opplysning» Intervju med fagleg leiar ved Skeivt Arkiv, Runar Jordåen 22.03.18 https://www.youtube.com/watch?v=QSiqZCOWVjQ&ab_channel=SkeivtArkiv Henta 28.10.20

⁶³ Adresseavisen 20. desember 1958 «De profundis - En røst fra de ulykkeligste verden» av hospitalprest Harald Rønning. <https://katalog.skeivtarkiv.no/instance/letter/ubb-ska-0001-e-ea-01-11.html> s.8

⁶⁴ Løvetann nr. 6 – 1993, s. 22

⁶⁵ Skeivt Arkiv ved universitetsbiblioteket i Bergen, Livsminne intervju med Tom Ovlien, Intervju av Jo Hjelle 22. Februar 2017.

Ovlien fortalte om dette i intervjuet, men eg har framleis ingen måte å bekrefte dette på.

⁶⁶ Løvetann nr. 6 – 1993, s. 22

Dette var også med på å starte eit nytt ordskifte om i kor stor grad det faktisk var ein psykisk lidning.⁶⁷

Einar Kringlen, professor i psykologi, argumenterte etter studie av einegga tvillingar kring 1964, kvar den eine var homoseksuell, at dette var relatert til oppsedingsfaktorar. Kringelen forklarar dette i 1972 med at den homoseksuelle ganske tidleg i livet hadde blitt oppdratt som jente av mora. Ein distansert far kunne også spille inn i dette. Sidan berre den eine tvillingen vart homoseksuell kunne denne utviklinga ikkje skuldast på biologiske faktorar, i tillegg til at det i 1964 ikkje nokon *kjente* biologiske faktorar for kvifor nokon vart homoseksuelle. Homoseksualitet var påstått noko som utvikla seg over tid i frå barndommen, kvar mange la skylda for dette over på foreldra eller på omgivnadane i oppveksten. Dette gjorde det meir logisk at homoseksualitet var eit psykisk problem og noko ein kunne bli behandla for blant anna gjennom terapi.⁶⁸

Etter avkriminaliseringa av homoseksuelle i Noreg i 1972, gav det rom for utvikling og ei kjensle av tilhøyra. Homofile og lesbiske måtte ikkje lenger gøyme seg i frykt for straff, og mange såg moglegheita for å bli kurert for «sjukdommen» sin, då det ikkje lenger var like farleg å ta opp seksualitet med andre. Fleire vendte seg i motsetning til dette utover mot resten av befolkninga for å vise kva homoseksualitet eigentleg var. Kim Friele og psykiater Astrid Nøklebye Heiberg, som var ein forkjempar for homofile sine rettar som ung kvinne på 1970-talet, var blant dei som gjekk saman og jobba for å få fjerna diagnosen som mentalt forstyrra. Dei hevda det ikkje vart riktig at homoseksuelle kunne kurerast gjennom terapi og medisinsk behandling som mange prøvde eller måtte gjennom i denne perioden. Det var heller ikkje prova at denne behandlinga faktisk hadde effekt.⁶⁹ Fleire i samfunnet var framleis skeptiske til homofile og lesbiske, men mange snudde også om på dette då dei fekk meir kunnskap om kven desse menneskja eigentleg var. Ein kunne ikkje rekne med at alle skulle akseptere homofili, men mange av dei skeive gruppene jobba hardt for å ein dag oppnå dette.

Så blir ei konstant oppbygging av tillit og nedbryting av gamle idear, fordommar og normer, hardt ramma då homoseksualitet endå ein gong blir assosiert med sjukdom, men som denne gongen faktisk var smittsam og dødeleg.

2.4 Samandrag

I dette kapitlet har eg diskutert den juridiske utviklinga som gjorde homoseksualitet ulovleg frå den i 1160 først vart nedskreven i Gulatingslova, fram til den vart fjerna i 1972 som den norske straffelov §213. Lova viste eit skilje mellom kvinner og menn. Det var berre menn som skulle straffast for seksuelle handlingar med same kjønn. Homoseksualitet var synd og kunne straffast med død fram til 1842, då det gjekk over til fengselsstraff og straffarbeid. Samfunnets syn på homoseksuelle var reflektert i lovane, og bibelen hadde lenge fasiten på kva som var eit «riktig» parforhold.

DNF-48 vart den første skeive organisasjonen i Noreg frå 1953, og den første i Noreg til å

⁶⁷ Henmo s. 39

⁶⁸ Kjær, Reidar «Seksualpsykopaten som forsvant», «Norsk homoforskning» redigert av Brantsæter, Marianne C. Eikvam, Turid. Kjær, Reidar. Åmås, Knut Olav Universitetsforlaget, Oslo 2001 s. 118-119

⁶⁹ Heiberg, Astrid Nøklebye *For 42 år siden skrev jeg et leserinnlegg om homofili. Slik har kampen vert etterpå* Publisert 11.07.18 <https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/6n7Ox3/for-42-aar-siden-skrev-jeg-et-leserinnlegg-om-homofili-slik-har-kampen-vaert-etterpa>

Henta 06.03.20

prøve å fjerne §213 i straffelova. Kampen for avkriminalisering gjekk igjennom mange fasar, og var for alvor i gang på 1960-talet. Kim Friele-, som leia DNF-48, var den som gjekk hardest ut mot politikarane for å få fjerna §213 og lykkast med dette i 1972 då den vart avskaffa. Dette opna for likestillingskamp for homoseksuelle, opna med det seksualitet som tema i samfunnsdebatten.

Eg har også undersøkt historia om homoseksualitet som sjukdom. Her har spørsmål som i kor stor grad homoseksualitet var smittsamt blitt diskutert, teoriar om korleis homoseksualitet oppstod har blitt diskutert, og diskusjonar om homoseksualitet var noko som var utvikla over tid eller om det var biologisk. Spørsmål om homoseksualitet var noko som kunne kurerast vart testa gjennom fleire metodar etter at WHO diagnoserte homoseksualitet som psykisk lidning i 1963. Dette skapte diskusjonen om homoseksualitet faktisk var ei psykisk lidning, og resulterte i at Norske psykiatriske foreining fjerna diagnosen i 1977, og at WHO fjerna diagnosen i 1990.

Spørsmålet vidare er kva som skjedde når homoseksualitet vart sterkt assosiert med ein dødeleg sjukdom som kunne ramme alle, utan at det fanst nokon kur.

3.0 HIV/AIDS, eit nytt kapittel i skeiv historie

I dette kapitlet skal eg studere korleis HIV/AIDS først vart handtert av det skeive miljøet og av helsemyndigheitene, korleis det norske folk reagerte på den nye sjukdomen, og korleis sjukdommen påverka skeive liv.

AIDS vart det nye aktuelle temaet i heile verda på starten av 1980-talet, og tida framover skulle prege skeive liv i lang tid. Gjennom tidsskrifta *Løvetann*, *Blikk* og *Frimerket* som vart gitt ut på 1980- og 90-talet kan ein sjå ei utvikling av den vaksande sjukdomsproblematikken. Her vart det skriva innlegg og ført ordskifte som var med på å informere om AIDS i både Noreg og andre land, og her vart det stilt spørsmål ved dei nye og mange tiltaka-, også slike som var kritiske til at helsemyndigheitene no skulle fortelje korleis ein burde leve livet sitt. Her kom dei negative og dei positive sidene, og følgene av HIV-smitte i Noreg, fram gjennom innlegg skriva av skeive personar. Sexlivet og den homoseksuelle livsstilen vart plutsleg eit offentleg tema assosiert med ein dødeleg sjukdom som kunne ramme alle.

Kva var reaksjonane og diskusjonane relatert til homofile og HIV/AIDS? Korleis endra dette homofile og homoseksuelle sine liv, og kva vart viktige tema etter 1983?

3.1 Kva er HIV/AIDS?

- «Homokreft»

AIDS, «acquired immune deficiency syndrome», eller «ervert immunsviktsyndrom», er ein samlebetegnelse på dei mest alvorlege formene for HIV-infeksjon, oppdaga i 1981 og er eit virus som angrip immunforsvaret. Ervert immunsvikt, i motsetning til medfødt immunsvikt, er noko som kan ramme alle. HIV, oppdaga i 1983, står for «Human immunodeficiency virus», eller «humant immunsvikt-virus» på norsk. Viruset angrip spesifikke celler i immunforsvaret, og når det gradvis bryt ned immunforsvaret, blir kroppen meir mottakeleg for infeksjonar og sjukdom. HIV er eit retrovirus, noko som betyr at viruset brukar kroppens egne celler til å kopiere sitt eige arvestoff og skapar fleire virusceller.⁷⁰

I dag veit vi at HIV/AIDS smittar gjennom ubeskytta sex med ein HIV-positiv person som ikkje får behandling for det, gjennom blodkontakt, og frå mor til barn ved svangerskap, fødsel og amming. Normal smitteåte reknast som vaginal eller anal sex med ein HIV-positiv person, kor ein utvekslar kroppsvæske. Viruset er å finne i blodet, i mannens sæd og i kvinnens skjedeveske, noko som førar til at det også kan smitte gjennom oral sex, sjølv om det har lågare risiko.

I starten av utbrotet var det lite ein visste om korleis viruset spreidde seg, og det var fleire teoriar. Fleire var i byrjinga redde for at det var ein sjukdom berre homofile menn vart smitta av og ingen andre, og når dette ikkje viste seg å vere tilfellet, var det frykt for at det kunne smitte gjennom luftvegane. Det oppstod også fleire konspirasjonsteoriar i kring 1981 om AIDS i USA. Dette var teoriar som at AIDS var skapt av voodoo fordi det var komme til USA via Haiti, eller at CIA hadde introdusert viruset til homoseksuelle for å skade den homofile kulturen og livsstilen. Om det var slike teoriar i Noreg i same periode er usikkert, men teoriar som dette forsvann ganske raskt då dei hadde meir vitenskaplege bevis å bygge teoriane sine på. Dette gjorde til at dei seinare kunne konkludere med at det smitta gjennom blant anna ubeskytta sex, og at homofile var spesielt mottakelege for

⁷⁰ «Løvetann» Nr.1 1983 s. 38

viruset mykje på grunn av den seksuelle liberaliseringa som oppstod på 1970- og 1980-talet.⁷¹

Narkomane sprøytemissbrukere kunne også bli smitta av HIV dersom ein delte sprøyte med ubehandla HIV-positive. Dette vart oppdaga i 1981 og narkomane var i starten dei som var i fleirtal på statistikken, kvar homofile menn raskt tok dei igjen utover 80- og 90-talet.⁷²

Kva verknad har viruset på? Det finnes fleire stadier av ein HIV-infeksjon. Ein kan få ein «akutt HIV-infeksjon» som kunne gi utslag etter 3-6 ukar, og gir symptom som feber, svelgsmerter, hovne lymfeknutar, utslett, diaré, hoste og belegg på mandlane. «Asymptomatisk HIV-infeksjon» er kvar ein kan gå symptomfri i mange år og i nokre tilfelle få forstørre lymfekjertlar på kroppen. «Symptomgivende HIV-infeksjon» er det som slår ut etter mange år, kvar den smitta kan gå ned i vekt, blir plaga av feber, nattesvette, tretthet, forstørre lymfeknutar, diaré, soppinfeksjon i munnen, helveteseld og aukande plagar med utbrot av herpes.

Allereie i 1983 kunne dei sjå symptom på forstadiet til HIV, mykje grunna amerikansk forskning, men det var også mange som ikkje fekk symptom i det heile, noko som førte til at den einaste sikre måten å vite om ein hadde HIV, var ved å ta ein HIV-test. Overgangen frå diagnosen HIV til AIDS gjekk over tid, men det kravde som regel éin stor eller fleire små infeksjonar til for at AIDS-diagnosen skulle setjast.

Til dags dato er det ingen kur for HIV eller AIDS, men det finst behandling som reduserer sjansen for alvorlege sjukdomskomplikasjonar, i tillegg til at det reduserer risikoen for vidare smitte til andre. Dette gjer til at ein kan leve eit relativt normalt liv ved vellykka behandling, og mange har gjort det sidan medisinen kom i bruk i 1996.⁷³

Stig Frøland, lege og AIDS-spesialist ved Rikshospitalet, var den som tok imot det som kanskje var det første tilfellet av AIDS i Noreg, då ein ung sjømann i 20-åra kom inn med plagar i 1967. Dette tilfellet dokumenterte han godt, noko som skulle kome godt med då både kona og den yngste dottera til mannen døydde i 1976 utan at dei visste kvifor. Dette var ei viktig brikke som skulle til for at ein seinare skulle skjønne at det ikkje berre ramma homoseksuelle, men også heteroseksuelle, også utan at det nødvendigvis skulle vere sex involvert.⁷⁴

Mykje av det dei norske legane viste om AIDS og HIV på denne tida, var basert på amerikansk forskning, då det først vart identifisert på vest-kysten i USA i 1981. Aids vart i 1982 skildra som ein «viral infection», men det var ikkje før i 1983 at

⁷¹ Det norske medisinske selskap <https://www.michaeljournal.no/i/2010/02/Da-hiv-kom-til-Norge> 01.05.20 Michael 2010;7:12–157 Redigert utskrift frå eit aktørseminar om då hiv kom til Noreg, heldt ved Universitetet i Oslo måndag 28. september 2009 (red.) Stein A. Evensen, Christoph Gradmann, Øivind Larsen, Magne Nylenna

⁷² Anker, Christian *HIV – et historisk overblikk*. Oppdatert 19.11.19 <https://www.helsenett.no/223-sykdommer/infeksjoner/infeksjoner/19824-hiv-et-historisk-overblikk.html> Henta 30.03.20

⁷³ Sekretariatet, *Hva er HIV? Hva er AIDS?* Oppdatert 30.01.20 <https://hivnorge.no/om-hiv/hva-er-hiv-hva-er-aids/> Henta 20.03.20

HIV/AIDS, oppdatert 27.08.18 <https://nhi.no/sykdommer/infeksjoner/hiv-og-aids/hiv-og-aids-oversikt/> Henta 20.03.20

Frøland, Stig Sophus: aids i Store medisinske leksikon på snl.no <https://sml.snl.no/aids> Henta 20.03.20 Sekretariatet. *Hvordan smitter og sitter ikke hiv*. Oppdatert 13.10.20 <https://hivnorge.no/om-hiv/hvordan-smitter-og-smitter-ikke-hiv/> Henta 20.03.20

⁷⁴ Blikk nr.3 Mars 1995 s.28

franskmennene Luc Montaigner og Françoise Berre-Sinoussi ved Pasteur Institute i Paris isolerte og identifiserte «the human immunodeficiency virus», altså HIV. I 1985 kom den første HIV-testen som vart allment tilgjengeleg i Noreg. Den var ikkje perfekt då den kunne gi falske positive og falske negative resultat, men den var med på å kunne stille ein relativt sikker diagnose og folk vart oppfordra til å ta den.⁷⁵

I 1996 vart HAART (Highly active antiretroviral therapy) utvikla i USA⁷⁶. Dette var den første behandlinga som hadde ein varig og stabil effekt, og var noko som bremsa ned sjukdommen, og gjer som nemnt til at ein kan leve eit relativt normalt liv. Medisinen er i konstant utvikling, då målet er å skape ei vaksine.⁷⁷ Eit av måla til legar og UNAIDS med tanke på HIV/AIDS, var og er framleis å informere om korleis ein kan ha sikker sex utan å føre viruset vidare. Dette kan vi t.d. sjå i dei skeive tidsskriftene, kvar det dukkar opp meir og meir reklame og artiklar kvar det var oppfordring til bruk av kondom og sikker sex.⁷⁸

19. Januar 1983 døde to homofile menn med diagnosen AIDS på Ullevål sjukehus. Dei var dei første offentlege tilfella i Noreg.

3.2 Ein ny sjukdom i det skeive miljøet.

Med nyhende om ein ny sjukdom som spreidde seg blant homoseksuelle i dei amerikanske byane vart også legar og skeive organisasjonar i Noreg merksame på den fatale sjukdommen. Det starta utan store bekymringar for sjukdommen som endå ikkje hadde nådd norsk jord, som folk visste om, men alvoret vart raskt stort då dei første tilfella skulle vise seg også i Noreg.

Ueinigheiter om korleis AIDS skulle forebyggast gjorde til at informasjon kom ut seinare enn planlagt i starten. Det var hovudsakleg mellom DNF-48 og Homofil bevegelse i Bergen (HBB) kvar dei begge hadde forskjellige fokuspunkt. DNF-48 ville ha meir fokus på helse og medisinske konsekvensar, og ville få ut informasjon så raskt som mogleg. HBB ville ha meir fokus på ikkje-medisinske biverknader av epidemien som stigmatisering, utstøyting og moralisering. Dei var også redde for at friheita dei hadde oppnådd gjennom homokampen og den seksuelle frigjeringa skulle gå tapt.⁷⁹

«Dei kalla det AID i Amerika». I løpet av to år (1980-1982) hadde det blitt rapportert 634 AIDS-smitta homoseksuelle menn i USA, og no var det også kome til Europa og Norden. I 1983 dukka også det første tilfellet med immunsvikt opp i Noreg. Frøland var den første som tok inn pasienten og sa at det ikkje var grunn til å overdramatisere, eller å ha ein overdriven frykt for smittefare så tidleg. Lege Georg Petersen, som nyleg hadde

⁷⁵ Hekma s. 72

Manum, Olav André. *En medisinsk revolusjon*. Oppdatert 23.08.17

<https://hivnorge.no/nyheter/en-medisinsk-revolusjon/>

Oppdatert den 23.08.17, henta 30.03.20

Anker, Christian *HIV – et historisk overblikk*. Oppdatert 19.11.19

<https://www.helsenett.no/223-sykdommer/infeksjoner/infeksjoner/19824-hiv-et-historisk-overblikk.html>

Henta 30.03.20

⁷⁶ Berry, Sandra H. Bozzette, Samuel A. Goldman, Dana P. Joyce, Geoffrey. Leibowitz, Arleen A. McCaffrey, Daniel F. Morton, Sally C. Rastegar, Afshin. Shapiro, Martin F. Timberlake, David. *Expenditures for the Care of HIV-Infected Patients in the Era of Highly Active Antiretroviral Therapy*. New England Journal of Medicine 2001
Publisert 15.03.01

<https://www.nejm.org/doi/full/10.1056/NEJM200103153441107> Henta 30.10.20

⁷⁷ Hekma s.72

⁷⁸ Hekma s.136

⁷⁹ Iversen, Bjørn G. «Homosomatikk», «Norsk homoforskning» redigert av Brantsæter, Marianne C. Eikvam, Turid. Kjær, Reidar. Åmås, Knut Olav Universitetsforlaget, Oslo 2001 s. 280

komen tilbake frå USA og som vart fast rådgjevar i Løvetann, gjekk sterkare ut og meinte det var grunn til forsiktigheit og nedtrapping av talet på seksuelle partnarar, fram til dei viste meir om den nye sjukdomen og smittemåte. Det var endå usikkerheit rundt korleis det smitta og det var med på å skape stor frykt for dei som fekk diagnosen. Det vart derfor tidleg oppfordra frå både Petersen og sjukepleiar Calle Almedal, som tett følgde epidemiens utvikling, om å bruke kondom og unngå analsex fram til dei viste meir.⁸⁰

Å trappe ned på fleire sekspartnarar skulle derimot for mange homoseksuelle menn vise seg å vere ei livsstils-ending, som også mange meinte var urealistisk etter den homofile og seksuelle frigjeringa som skjedde på 1970-talet. Frå 1980-talet var området Marais Quarter i Paris eit godt eksempel på den homofile frigjeringa. Det dukka opp i denne perioden fleire homsebarar, og den homofile livsstilen handla alt om å framstille seg som ung og var mykje kroppsfixsert. «Crusing» vart ein kunst, altså å ha sex med flest moglege partnarar, noko som gjorde det naturleg for mange å ha fleire sexpartnarar ofte utan å tenkje på konsekvensane. Tronge jeans og t-skjorter, kort hår og bart, og svarte militærsko var den nye trenden for den homoseksuelle mannen for å vise fram sine beste sider. Då dansebarar gjerne var mannens møtestad, var den lesbiske kvinna heller i bokklubbar, kvinnesenter, te-rom, sportsklubbar og på festivalar for å møte likesinna.⁸¹

Den seksuelle frigjeringa kan ha blitt utnytta meir av menn, då kvinner i teorien skal ha vore meir trufast til partneren sin, spesielt på 1970-talet før AIDS var eit tema. Kvinner skal også ha levd ut sexlystene sine i stor grad, men menn hadde fleire sexpartnarar, meinte psykolog Elsa Almås, noko som gjorde dei meir utsette for å bli smitta av den seksuelt overførbare sjukdommen.⁸² Dette tok helsemyndigheitene i Noreg på alvor då dei skjønnte at dette var noko som kunne ramme alle, og at det sto om livet for dei som vart smitta. I 1983 var det framleis usikkerheit rundt korleis ein vart smitta, men dei hadde gått vekk i frå luftsmitte, og at viruset truleg smitta gjennom seksuell kontakt og/eller ved blodsmitte.

Både Helsedirektoratet og Statens institutt for folkehelse, som hadde ansvar for å overvake epidemiar i Noreg, tok det i høg grad alvorleg, i følgje Lege Georg Petersen. Dei gjekk inn for å informere leger og risikogrupper, då spesielt homofile menn. Homofile var ikkje den einaste gruppa som vart ramma av AIDS, men det var den gruppa som vart mest omtalt i media på dette tidspunktet fordi dei var ei utsett minoritetsgruppe.⁸³

I starten var det stor frykt for sjukdommen også blant helsepersonell, sjølv om dei hadde fått informasjon om den både på sjukehus og tannlegekontor. Dette førte til at folk slutta å fortelje at dei var HIV-positive, noko som forverra situasjonen endå meir. Eit anna problem som også skulle dukke opp etter kvart, var lite kunnskap om seksualitet blant

⁸⁰ «Blikk» Nr.6/7 Juni/Juli 1991, s.33

«Løvetann» Nr.1 1983, s.38-39

⁸¹ Hekma s. 71

⁸² «Blikk» Nr 12 Des 1991 s. 23

⁸³ (red.) Evensen, Christoph. Gradmann, Øivind. Larsen, Stein A. Nylenna, Magne. Det norske medisinske selskap <https://www.michaeljournal.no/i/2010/02/Da-hiv-kom-til-Norge> Michael 2010;7:12-157 Redigert utskrift frå eit aktørseminar om då hiv kom til Noreg, heldt ved Universitetet i Oslo måndag 28. september 2009. Henta 01.05.20

<https://www.youtube.com/watch?v=-Pvk5WMLDI0&t=1s>

Jarl Wåge, Livsminne intervju, henta 02.05.20

sjukepleiarane før AIDS dukka opp, og dei lærte mykje om dette gjennom Rådgivningstjenesten for homofile i Oslo. Det var vanskeleg å snakke om sikrare sex med ein nysmitta homofil mann om ein ikkje viste noko om sex mellom menn, og mange ville gjere det lettast mogleg for homoseksuelle å fortelje at dei var blitt sjuke til legane sine utan å møte store fordommar.⁸⁴

I dei første månadane av 1983 vart det stadig oppfordra til å trappe ned på seksuelle partnerar, men ingenting om å slutte å ha sex. Lenge håpet og trudde legar at sjukdommen kunne vere forårsaka av miljøfaktorar. Homoseksuelle vart oppfordra til å halde seg i god fysisk form og kontakte lege skulle ein få ein eller fleire av symptoma, så oppfordrast det også til å ikkje bruke «Poppers» eller andre typar narkotiske stoff som kunne svekke immunforsvaret.⁸⁵ Poppers er eit stoff som ofte kunne verke seksuelt stimulerande, beroligende og euforisk, noko som gjorde dei svært populære. Det var ein teori om korleis Poppers og utviklinga av AIDS kanskje hadde ei kopling, men teorien forsvant utover første halvdel av 1980-talet. Her kunne eg også gått inn på homoseksuelle som rusa seg, eller stille spørsmål til i kor stor grad narkotiske stoffar var ein del av den «homoseksuelle livsstilen» på 1980-talet? Dette er noko som fell utanfor denne avhandlinga, men det er ei uheldig kopling mellom dei to gruppene på grunn av AIDS, noko ein ikkje kan unngå å nemne. Det var blant anna ein kampanje som gjekk ut på at narkomane og mange homoseksuelle skulle jobbe saman som dei mest utsette gruppene, for å vise andre kva AIDS og HIV var, korleis det smitta og kva som skjedde om ein vart sjuk. Det var to forskjellige grupper menneske i ein felles front mot ein felles fiende.⁸⁶

At Helseutvalet og Helsevesenet kunne sjå og lære av det som skjedde i USA, gjorde det litt lettare for legar, sjukepleiarar og skeive organisasjonar som DNF-48, å gå ut med informasjon om sjukdommen. Allereie i 1983 kunne dei informere om fleire symptom som kunne vere førestadiet til AIDS som var hovne lymfeknutar, feber og trøytteleik over ein lengre periode. Sjølv om dei endå ikkje visste kva smittestoffet var, så rekna dei med at det kom til å komme ei auke i talet på smitta, då det på dette tidspunktet endå berre var to kjende tilfelle av smitta i Noreg. Det store spørsmålet var kor seriøst homoseksuelle menn tok åtvaringa.⁸⁷

3.3 Helseutvalet – Eit fokus på skeiv helse:

DNF-48 og Fellesrådet for homofile organisasjonar (seinare Fellesrådet for homofile og lesbiske organisasjonar) meinte i starten kring 1983 at det var deira ansvar å informere den skeive befolkninga om det nye viruset, då mange kjente at det ikkje skjedde ting raskt nok frå Regjeringa si side. Hausten 1983 vart derfor Helseutvalet stifta gjennom eit

⁸⁴ «Løvetann» Nr. 1 1989, s.38

«Løvetann» Nr. 5/6 1988, s32-33

⁸⁵ «Løvetann» Nr. 2 1983, s.17

⁸⁶ *POPPERS – virkninger og bivirkninger*

<https://www.rustelefonen.no/fakta-om-andre-naturlige-rusmidler/poppers/>

Henta 17.04.20

(red.) Evensen, Christoph. Gradmann, Øivind. Larsen, Stein A. Nylenna, Magne. Det norske medisinske selskap <https://www.michaeljournal.no/i/2010/02/Da-hiv-kom-til-Norge> Michael 2010;7:12–157 Redigert utskrift frå eit aktørseminar om då hiv kom til Noreg, heldt ved Universitetet i Oslo måndag 28. september 2009. Henta 01.05.20

<https://www.youtube.com/watch?v=-Pvk5WMLDI0&t=1s>

Henta 02.05.20

⁸⁷ «Løvetann» Nr.4 1983, s. 40

samarbeid mellom DNF-48 og FHO, kvar formålet med gruppa var å betre helsesituasjonen for homofile og lesbiske generelt, og spesielt dempe utbreiinga av AIDS.

Ved oppstarten viste Helsedirektoratet liten interesse for gruppa, men dette snudde raskt. I Helseutvalet satt det snart representantar frå begge kjønn, - i frå helsedirektørens arbeidsgruppe for AIDS, frå Rådgivingstenesta for homofile (etablert i 1977), og frå organisasjonane DNF-48 og FHO.

Helseutvalet skulle ha eit fokus på både fysisk og mental helse, og i denne perioden var det viktigaste arbeidet å få ut riktig informasjon til risikogrubbene, for å opplyse om sjukdomen og spreining av viruset. Feil informasjon i media om AIDS kunne skade meir enn det var til nytte, slik at riktig og oppdatert informasjon til kvar tid var viktig for også å vere med på å dempe AIDS-frykta. Helseutvalet fekk offentleg støtte og pengar frå Helsedirektoratet, men lesarane av aviser som Løvetann kunne også sende pengar til utviklinga av arbeidet til gruppa, som gjorde at «Helse i kvar krone» vart ein reklame ein såg oftare i tidsskrifta.⁸⁸

Tom Ovlien, som var ein populær journalist i «Blikk», meiner at homobevegelsen var viktig i kampen for å utvikle behandling, og var ein av dei som kjempa for homohelse på slutten av 1970-talet. Dette var viktig arbeid då fleire mest sannsynlegvis hadde vore HIV-smitta i Noreg sidan 1970-talet. Ovlien var ein av mange som lærte av det skeive organisasjonar og regjering gjorde i utlandet, og kalla inn til allmøte på Metropol kvar han, ved hjelp frå Helseutvalet og Røde Kors, gav ut informasjon for å forebygge mot AIDS-smitte så godt som mogleg.⁸⁹ Dei gav ut kondom og fekk midlar til å informere om smitteforebygging og mobilisere homobevegelsen mot AIDS. Dei lagde informerande plakatar, brosjyrar og heldt foredrag som informerte om viruset og konsekvensane av å bli smitta. Det var store plakatkampanjar som også var retta mot homoseksuelle som ikkje engasjerte seg i det skeive miljøet, noko som var viktig då mykje av informasjonen vart gitt ut i skeive lokale som Metropol, saunaer, diskotek og andre populære utestadar for homofile.⁹⁰ Det var populært i USA allereie i 1985 å bruke pornografi som visuelt verkemiddel for å få fram kva som var gode retningslinjer for sikrare samleie mellom menn. Dette slo ikkje heilt an i Noreg, men det vart gjort fleire forsøk på å vise erotiske lysbilete for å demonstrere sikkerheit på dei forskjellige homofile klubbene. Mange meinte dette kunne vere ein effektiv måte å vise kva som var farleg, men norske homofile var lite villige til å sjå på dette som lærerikt.⁹¹ NRK var også med på å vise sikrare sex på fjernsyn og viste gjennom sommaren 1991 fire forskjellige videoar på 1 minutt lengde. Forslaget var sendt inn av nesten hundre ungdommar over heile landet og formålet var å hindre spreining av kjønnsjukdomar og AIDS.⁹²

Det var fleire seminar om korleis homoseksuelle kunne ha sikrare sex, i tillegg til fordrag og allmøte kvar Helseutvalet jobba saman med andre organisasjonar som PLUSS (Hiv Norge i dag). Dei gav saman ut gratis kondomar og glidemiddel med informasjon om HIV og AIDS i brosjyrar. Helseutvalet kunne ikkje rekne med at skeive menn skulle komme til dei for informasjon om AIDS og gjekk derfor rundt til utestader, saunaer og andre

88 «Løvetann» Nr. 2 1984, s.47

89 Metropol var den lokale utestaden for homofile og lesbiske i Oslo.

90 Livsminne intervju med Tom Ovlien, henta frå Skeivt Arkiv i Bergen August 2019. Intervjuar og foto: Jo Hjelle, 22. feb. 2017

«Blikk» Nr.6/7 Juni/Juli 1991, s. 33

91 «Blikk» Nr. 4 April 1991, s25

92 «Blikk» Nr.6/7 Juni/Juli 1991, s.13

populære cruisestadar (plassar der homoseksuelle oppsøkte sex) for å gjere homoseksuelle merksame på smittefaren.

Det var forskjell på dei som identifiserer seg som homofile og dei som praktiserte homoseksuelt samleie, men som framleis identifiserer seg som heterofile. Derfor var det viktig for Helseutvalet å nå ut til alle menn som hadde sex med menn, og ikkje berre homofile. Opplysningsarbeidet heldt derfor fram for å prøve å nå ut til eit breiare publikum.⁹³ Mykje av informasjonen vart sendt ut gjennom skeive aviser, men også i aviser som Aftenposten kvar dei hadde to store annonser for homoseksualitet. Dei skulle trykke ein tredje annonse i Aftenposten, men det kom store protestar og dei måtte trekke tilbake denne. Resultatet var likevel at dei nådde ut til ein større del av befolkninga.⁹⁴

Lege Haakon Aars var ein av legane i Helserådet og var ivrig med på å opplyse befolkninga om AIDS. Aars sjølv stod fram som homofil i 1984 og fekk allereie i 1982 høyre om «homsepesten» i Amerika. Han som mange andre trudde også at det var luftsmitte, men fant fort ut at det var blodsmitte det var snakk om. Venen hans Peder var ein av dei første som døde av AIDS i Noreg. Frykta for sjukdommen voks og fleire av venane hans døde etter kvart, men sjølv meinte han at han overlevde fordi at han hadde sin faste partner. Aars var også blant anna ein av dei som sto i gata i Lillehammer under OL i 1994, kvar dei delte ut AIDS-opplysande posar til idrettsutøvarar. Dei hadde ikkje fått løyve frå OL-direktøren, så dei måtte stå ute og dele ut informasjon, men dette sette heller direktøren i eit dårleg lys. Han måtte gi etter og gav dei til slutt løyve til å halde fram opplysningsarbeidet innanfor arrangementsområdet.⁹⁵ Reklamane i avisa frå Helseutvalet oppmoda om at folk skulle bli meir merksame på sikker sex for å hindre smitte. Det dukka også oftare opp nyttige tips til sikker sex og oppfordring til å bruke riktig hovud i «lystens time». Å få frem denne informasjonen til alle som kunne bli ramma var det store målet til Helseutvalet, men det var ikkje alltid like lett då det kunne dukke opp personar som OL-direktøren som sto i vegen for det arbeidet. At HIV og AIDS var offentlege tema var det ikkje alle som var så begeistra for. Mange i samfunnet trudde også at alle homofile var HIV-positive, noko som var uriktig, og uvitenhet kunne skape unødvendig stor frykt for sosiale verknader av sjukdomen.⁹⁶

I USA såg ein tre forskjellige reaksjonar frå dei som fekk HIV-diagnosen i starten, som ein også kunne sjå seinare i Noreg. Ein reaksjon var å trekke seg heilt tilbake med angst og forsøk på å kutte all seksuell kontakt med andre. Den andre reaksjonen var å gjere det motsette og auka det seksuelle aktiviteten og talet på sekspartnarar, noko som var med på å spreie viruset endå meir om dei ikkje var forsiktige. Den tredje reaksjonen var den mest vanlege, kvar dei smitta tok betre forholdsreglar, var meir forsiktige og klarte å oppretthalde eit ganske normalt liv, så sant viruset ikkje utvikla seg til det meir alvorlege.⁹⁷

93 «Løvetann» Nr. 2 1987, s22-23

«Blikk» Nr.4 April 1991, s.10

94 *Da aids kom til Norge* Video av Skeivt Arkiv i forbindelse med 30års jubileet til HIVNorge 2018. Publisert 29.mai 2018. <https://www.youtube.com/watch?v=-Pvk5WMLDl0&t=1s>

95 Livsminne intervju med Haakon Aars, henta frå Skeivt Arkiv i Bergen.

96 «Blikk» Nr. 4 April 1992

Livsminne intervju med Haakon Aars, henta frå Skeivt Arkiv i Bergen.

97 «Løvetann» Nr. 3 1984, s.31

Sjukepleiarane Britt-Torill Brænden, Kenneth Persson og Kirsti Wiese Aanerud let seg i 1988 intervju av Løvetann og fortalte om korleis det var å møte HIV-positive på Ullevål sjukehus. Det var vanleg at dei HIV-positive fekk sjokk då dei fekk diagnosen, og at dei gjekk igjennom fasane sjokk, reaksjon, bearbeiding og nyorientering før ein godtok at ein var smitta. Nokon reagerte med aggresjon fortel ein av sjukepleiarane, og meinte det var viktig at folk fekk ut kjenslene sine. Det kunne ta lang tid å omarbeide kjensler og tankar då ein får ein så alvorleg diagnose, men Brænden, Persson og Aanerud hevda at det var viktig å gå i seg sjølv, ta fram frykta og angsten, tørre å snakke og få eit forhold til sjukdommen. Å tilpasse livsstilen sin etter ein sjukdom var ikkje gjort over natta, og det var viktig å ha nokon å støtte seg på. Halvegs ut i 1988 hadde bort imot 90 menneskje fått diagnosen AIDS, og det tøffaste for sjukepleiarane var å sjå unge menneske med heile livet framfor seg bli lagt inn for å døy.⁹⁸

Det vart oppretta fleire støttegrupper for HIV-positive igjennom Helseutvalet, men folk var ofte i tvil med å kontakte dei då dette ville gjere det «offentleg» at ein var HIV-positiv. Mange følte på skam og skuld då dei fekk diagnosen, noko som kunne gjere ei støttegruppe svært hjelpsam, men samtidig var det mange som ville klare seg sjølve med vener og offentleg helsevesen som støtteapparat. Noregs første HIV-treff fann stad 14. mars 1987, der 22 nervøse menn møtte opp. Her kunne dei snakke med likesinna utan å kjenne seg forplikta til å vere med i ei støttegruppe, noko som kunne gjere det lettare å møte opp om det berre var snakk om den eine gongen. Dette kunne også opne for at fleire tok kontakt med støttegruppene i ettertid, som kunne by på fleire nye vennskap med likesinna. Det var også på denne måten PLUSS – Landsforeininga mot AIDS vart etablert.⁹⁹

I 1986 gjekk talet på smitta ned, noko som vitna om at kampanjane til Helseutvalet fungerte og Helseutvalet kunne utvide arbeidet sitt. I 1987 hadde Helseutvalet utvida kontor frå Oslo til byar som Bergen, Tromsø og skulle etablere seg i Trondheim og Stavanger då dei såg behovet for større tiltak både i Midt-Noreg og på Sør-Vestlandet.¹⁰⁰ Dei ville halde fram arbeidet, og etablere ei HOT-line (ei open direkte linje, kvar ein fekk kontakt med folk augeblikkeleg) som skulle gi folk sjansen til å snakke med andre menneske om AIDS, og ikkje berre ein telefonsvarar. Dette kan vi sjå var godt etablert i ei annonse for «Informasjonstelefonen om AIDS». Dette var ein telefon homoseksuelle kunne ringe og få snakke med helsepersonell som kunne svare på spørsmål om AIDS/HIV. Det var «Statens informasjonsteneste» som dreiv telefonen, ein norsk statleg fagetat på informasjonsområdet.¹⁰¹

3.4 «Sex-reglene må vurderes på nytt?»

Når ein sjukdom rammer ei spesifikk gruppe menneske så hardt, så måtte det tiltak til for å stoppe spreinga av viruset, og ein av dei endringane var sexvanene til homoseksuelle menn. Helseutvalet ville ikkje at homoseksuelle skulle slutte heilt å leve livet sitt som vanleg, så dei arrangerte tilbod som sjekkekurs, kvar ungdom kunne lære seg sikre sjekketoder, sex-seminar, kvar ein kunne møte andre menn og snakke om

⁹⁸«Løvetann» Nr. 5/6 1988, s32-33

⁹⁹ «Løvetann» Nr. 2 1987, s22-23

«Blikk» Nr.4 April 1991, s.10

«Blikk» Nr. 6/7 Juni/Juli 1991, s.33

¹⁰⁰ «Løvetann» Nr. 4 1986, s35

¹⁰¹ «Blikk» Nr. 1/2 Februar 1991 s.7

Statens informasjonstjeneste i Store norske leksikon på snl.no. https://snl.no/Statens_informasjonstjeneste
Henta 01.11.20

sex, og andre tilbod som skulle vise sikker sex i eit positivt lys og ofte retta mot ungdom.¹⁰² Samtidig kom det utsegner frå Folkehelsa om korleis homoseksuelle ikkje hadde respekt for viruset då det stadig var fleire som vart smitta grunna usikker sex. At ei heil gruppe menneskje skulle bli dømt for kva som berre stemte for frå individ, var det ikkje alle som var like begeistra for. Det var kanskje eit fåtal homoseksuelle som ikkje hadde endra sexvanene sine, og som skada framgangen i å hindre spreining av HIV.¹⁰³

Ei undersøking frå Sverige viste at tjue av 400 smitta var smitta ved oralsex, noko dei hadde vurdert som sikker sex fram til 1991. Det var fleire legar som meinte å tru at HIV-positive ikkje snakka sant om korleis dei hadde blitt smitta, då det var fleire HIV-positive som skulle fortrenge sin eigen seksuelle praksis. Lege Göran Bratt derimot, var ikkje i tvil om at dette var sant då HIV-positive ikkje hadde nokon grunn til å lyge om smitteopphavet.¹⁰⁴ Bratt poengterte også at talet på smitta gjennom oralsex kunne vere høgare, men då smitta homoseksuelle fortalte at dei har hatt ubeskytta analsex, så antok dei at det var dette som først og fremst var smittekjelda. Helseutvalet oppfordra derfor til å ta i bruk kondom også ved oralsex, då dette førte til sikrare sex og mindre sjanse for smitte.¹⁰⁵

Fleire homofile knytte stor smittefare til saunaer, spesielt i mørkerommene kvar fleire ikkje skal ha brydd seg med kven som brukte kondom og ikkje så snart lyset var av.¹⁰⁶ Framleis såg det i 1996 ut til at kondom var blitt vanleg å bruke når homoseksuelle ikkje hadde fast partnar. Dette var eit stort fremskritt då ein frå 1991 såg at talet på HIV-positive hadde gått opp med 142 nysmitta og var nesten tilbake til tidlegare år då det var flest smitta. Oralsex var det litt meir variert med, då det ofte var meir vanleg å ikkje bruke kondom, noko som auka smittefaren igjen.¹⁰⁷

Tidleg på 1980-talet var derimot kondombruk ikkje så vanleg. Å møtast på offentlege toalett, i mørke smug og i parkbuskar for «ein kjapp ein» var vanleg for mange homoseksuelle. Beskyttelse var ikkje alltid det første ein tenkte på. Då homoseksuelle vart oppfordra til å bruke kondom var det mange som klaga, både fordi dei meinte kondomane ville øydeleggje opplevinga, og fordi mange ikkje ville at andre skulle bestemme over sex-vanane deira.¹⁰⁸

Nokre risikosituasjonar ser ut til å vere knytt til homofile som var i komme-ut-fasen, då det var så mykje anna å forhalda seg til at det å tenke på smitterisiko for HIV/AIDS ikkje alltid var det første dei tenkte på, sjølv om dei gjerne satt på mykje kunnskap om det.¹⁰⁹

Det som framstår som merkeleg er at sjølv om det står mykje om sjukdom og død, så er det fleire oppslag om par som finn lukka og korleis sex-livet er i utvikling trass i den store stygge ulven som er HIV/AIDS.¹¹⁰ Fleire telefon-dating-linjer dukka opp, «Homosjekken» i Blikk er eit eksempel på dette som var ein måte homoseksuelle, både

¹⁰² «Blikk» Nr.3 Mars 1992, s.10

¹⁰³ «Blikk» Nr. 2 februar 1992, s.35

¹⁰⁴ Doktor ved eit HIV-mottak for homofile og bifile menn i Stockholm.

¹⁰⁵ «Blikk» Nr. 1/2 Februar 1991 s.7

¹⁰⁶ Rom kvar det ofte var orgiar som gjekk føre seg i mørket. Dette skapte ein anonymitet, som kunne vere meir til skade enn til hjelp om nokon skulle bli smitta i ein av disse orgiane.

¹⁰⁷ «Løvetann» Nr. 3 1995, s.22

«Blikk» Nr. 2 februar 1992, s.7

¹⁰⁸ «Løvetann» Nr. 4 1982, s24

¹⁰⁹ «Løvetann» Nr. 3 1995 s.22

¹¹⁰ «Blikk» Nr. 9 Sep. 1991

menn og kvinner, å kunne komme i kontakt over heile landet. Om fleire fann fast partner ville det vere mindre sjanse for vidare smitte som igjen ville vere ein positiv utvikling.¹¹¹

3.5 HIV i eit heteronormativt samfunn

Midt på 1980-talet var det ikkje berre homofile menn som vart smitta av AIDS, men også heteroseksuelle menn og kvinner. Det kunne ikkje lenger bli kalla ein sjukdom som kun homofile menn fekk, som gjorde homoseksuelle mindre framand i samfunnet då dette viste at homoseksuelle og heteroseksuelle var like mottakelege for sjukdommen. Det homofobiske fleirtalet frå 1968 hadde blitt eit mindretal på starten av 1980-talet, men likevel kom det ei ny diskrimineringsbølge.¹¹²

Fleire frykta å bli HIV-smitta og derfor bli utestengt frå det skeive miljøet og i samfunnet generelt. Homoseksuelle opplevde ofte mykje motgang om det kom ut at ein var HIV-positiv, enten i jobb eller familie, noko som førte til at mange ville halde diagnosen sin hemmeleg og hadde sjeldan nokon å snakke med diagnosen om. Mange vart også ufrivillig «outa» eller «dratt ut av skapet» då dei fekk diagnosen, noko som kunne få store konsekvensar for familielivet og det sosiale livet til den smitta. I nokre sjeldne tilfelle vart unge homofile kasta ut og utestengt av foreldre på grunn av legninga si, og det kunne gjere ting vanskeleg då mange med HIV-smitte måtte legge om heile livet sitt etter ein diagnose. Med AIDS som eit nytt tema, vaks frykta for smitte og fordommane i takt med kvarandre.¹¹³

HIV hadde også effekt på arbeidslivet til mange homoseksuelle då mange i samfunnet trudde smittefaren var større enn den var. Kor mange som mista jobben på grunn av diagnosen er ukjend, men ein sak fekk merksemda til heile Noreg på slutten av 1980-talet. Henki Hauge Karlsen vart den første som vann ei HIV-sak i Høgsterett i September 1988. Saka vart kjent som Henki-saka.

Då Karlsen i 1985 vart oppsagt frå jobben som bartender på restauranten Papillon i Fredrikstad, fordi han var HIV-positiv, gjekk Karlsen til sak i mot eigaren av Papillon fordi han meinte dette ikkje var godt nok oppseiingsgrunnlag. Både byretten, lagmannsretten og Høgsterett meinte også at dette var eit usakleg grunnlag. Han vant saka i første runde i byretten og lagmannsretten og fekk eit erstatningssum på 50.000 kroner, men ikkje jobben sin tilbake. Han var mest opptatt av å få tilbake jobben sin, då det var lite konsekvensar for sjefen etter oppseiinga av Karlsen. Han tok derfor saken vidare og fekk til slutt tilbake jobben og ein erstatningssum på 20.000 kroner. Det hadde nå gått tre år og han hadde ikkje lenger helse til å gå tilbake til jobben, då rettssaka hadde vert for krevjande og han var blitt for sjuk til å fortsette. Likevel var det ein seier. Ein seier for Karlsen og alle HIV-positive i Noreg.¹¹⁴

Henki Hauge Karlsen var med på å redusere frykta for HIV-positive, og var eit viktig steg i retning mot meir openheit om temaet AIDS og HIV. Homofile og lesbiske vart i 1998 inkludert i anti-diskrimineringsparagrafen 55a i arbeidsmiljølova, men det første steget mot dette var i 1988 då det vart mindre grunn for HIV-positive å frykte for jobben sin då

¹¹¹ «Blikk» Nr.6/7 Juni/Juli 1991, s.11

¹¹² «Blikk» Nr. 0. des 1990 s.7

¹¹³ «Blikk» Nr. 1/2 Februar 1991 s.10

Livsminne intervju med Helge Fisknes, henta frå Skeivt Arkiv i Bergen August 2019.

Intervjuar: Bjørn André Widvey. Foto: Jo Hjelle, 10. April 2018.

¹¹⁴ «Løvetann» Nr. 5/6 1988, s8

ein var sikra vern mot usakleg oppseiing.¹¹⁵ Dette letta det psykiske presset mange HIV-positive kjende på, noko som kunne ha direkte innverknad på sjukdomsforløpet. Dette medførte ikkje at kampen var over, då fleire kunne oppleve å bli mobba ut av jobben og mange sleit med å få seg jobb fordi folk var redde for smitte. likevel var dette ein viktig seier, både fordi det sikra arbeidet til fleire HIV-positive og fordi det fekk stor merksemd i media, noko som førte til at fleire fekk informasjon om HIV, AIDS og homoseksualitet. Henki var blitt ansiktet til HIV-positive i Noreg og vart hylla fordi han turte å legge ut om livet sitt i det offentlege.¹¹⁶

Henki fortsette å arbeide som AIDS-rådgivar for Aksept, eit kontaktsenter under Kyrkjias Bymisjon og var også med på å stifte PLUSS – Landsforeininga mot AIDS.¹¹⁷ Då PLUSS vart etablert, førte det til at fleire sto fram som HIV-positive i media, og bidro til å avdramatisere og fjerne mykje av «sensasjonsjaget» rundt HIV-positive i Noreg. Mange homoseksuelle opplevde at Henki fekk utretta mykje positivt og viktig arbeid før han døydde 28. desember 1988 på Rikshospitalet, berre 31 år gammal. Etter hans død stifta advokaten hans Tor Erling Staff, lege Stig Frøland og sjef for datatilsynet Helge Seip «Henki Hauge Karlsen-fondet» som seinare vart slått saman med to andre HIV-fond, «Per Høydahls legat» og «Det Norske HIV-fondet til minne om Gudmund Bakaas». Namnet vart endra til det som i dag er «Hivfondet – til hjelp i en vanskelig situasjon». Fondet har vore til hjelp for mange HIV-positive i ettertid, ved «bidra til å betre hivpositives livssituasjon gjennom å yte støtte til de som er vanskelig stilt». Dette kunne vere økonomisk hjelp til behandling, både medisinsk og terapi, eller t.d. støtte til vidareutdanning etter vellukka behandling. Fondet har også bidratt støtte til å søke alternativ behandling som vanlege helsetilbod ikkje dekka.¹¹⁸

Arne Husdal, første daglege leiar i Pluss, fortel i 1991 at han ikkje kjende verken seg sjølv eller Henki igjen i det som vart skreve om AIDS og HIV i media. Det var for mykje fokus på det negative, på død og sjukdom. At HIV-positive framleis hadde eit liv å leve vart sett til side for ein «dødsdom». Homoseksuelle vart framstilt som sexavhengige skapningar, noko som ikkje var riktig, og det var eit for stort fokus på seksualiteten og ikkje personen bak.

Det er her alle homo-organisasjonane vart aktuelle, kvar mange homofile trappa opp med organisert arbeid for å hindre at fleire skulle kjenne på det same som HIV-positive. Dei var opptatt av at riktig informasjon skulle komme ut og ikkje eit forvrengt bilete av kven homoseksuelle eigentleg var, både om homofile og lesbiske. Problem såg ut til å oppstå då det dukka opp nye organisasjonar, som t.d. Pluss, som søkte støtte frå regjeringa. Dei andre gruppene og organisasjonane mellom homoseksuelle frykta at dei ville få mindre pengestøtte. Sjølv om alle ville det same, så var det ofte eit spørsmål om

¹¹⁵ Foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold. *Fri Historie* Anti-diskrimineringsparagrafen 55a i arbeidsmiljølova.

<https://www.foreningenfri.no/om-oss/organisasjon/historie/> Henta 16.11.20

¹¹⁶ Manum, Olav André. *En medisinsk revolusjon*. Oppdatert 23.08.17

<https://hivnorge.no/nyheter/en-medisinsk-revolusjon/>

Oppdatert den 23.08.17, henta 30.03.20

«Løvetann» Nr. 5/6 1988, s9

¹¹⁷ PLUSS slo seg saman med Landsforeininga mot AIDS i 1999, og fekk namnet PLUSS- Landsforeininga mot AIDS, som seinare vart HivNorge <https://katalog.skeivtarkiv.no/instance/article/ubb-ska-lovetann-6249.html> Henta 01.11.20

¹¹⁸ Rem, Håvard. *Henki*. Oppdatert 23.08.17

<https://www.hivnorge.no/nyheter/henki-3/>

Henta 09.04.20

«Løvetann» Nr.1 1989, s.14

Dette er Hivfondet. Pulisert 09.12.19

<https://hivfondet.no/2019/12/09/dette-er-hivfondet/> Henta 30.10.20

økonomi og pengestøtte som var avgjerande for vidare drift og arbeid innan ein organisasjon. Det kan også verke som at det var usemjer om kva for ein organisasjon som gjorde det beste arbeidet og hadde den beste framgangsmåten og kven som derfor «fortente» mest pengestøtte. Eit eksempel på dette er forholdet mellom PLUSS og Aksept i starten, då Aksept i tillegg var styrt av Kyrkjias Bymisjon, som ikkje var så populært i byrjinga. Representantar frå PLUSS hevda at pengestøtta vart ganske skeivt fordelt, spesielt sidan PLUSS var drive av HIV-positive sjølve og ikkje hadde ein institusjon som kyrkja i ryggen.¹¹⁹

Det samla arbeidet til organisasjonane mot AIDS gav resultat. I følgje Kalle Mannes, informasjonssekretær i PLUSS, hadde pressen komme langt når det kom til temaet HIV og AIDS i 1991. Distriktspressa skreiv ikkje stort om verken homoseksuelle eller HIV-positive, men avisar som Dagbladet derimot kunne skrive både positive og negative artiklar om HIV-positive. Frå positive artiklar, til artiklar som legaliserte folks hysteri om HIV-smitte utan innvendingar, fortalte Mannes til Blikk. Frå starten av AIDS-krisa i Noreg hadde media prøvd å selje AIDS, ofte med usanne påstandar som auka fåkunne og angst. Dette kunne vere påstandar som til dømes at naturmedisin kunne føre til AIDS. Fleire trudde ein kunne bli smitta med AIDS ved å sitte ved sidan av nokon, eller at folk kunne få AIDS ved å vaske eit offentleg toalett, skriv Ovlien og Bjørn Eirik Følid i Blikk.¹²⁰ Lesbiske kvinner slapp heller ikkje unna AIDS-hysteriet. Lesbiske var ikkje i risikograppa for å bli smitta med HIV, men mange trudde at både homofile menn og lesbiske kvinner kunne smitte andre med AIDS.¹²¹

I 1987 meldte Aftenposten at mange frykta at dei kunne bli smitta med AIDS gjennom myggstikk. I same tidsrom vart HIV-positive nekta inngang ved offentlege svømmebasseng i frykt for at andre kunne bli smitta. Ei undersøking blant kommunelegar i Noreg, gjennomført av PLUSS i samband med Senter for medisinsk etikk ved Universitetet i Oslo, viste at ni prosent av legane som deltok hadde den same meininga om smitterisikoen og HIV-positive. 29 prosent av deltakarane i den same undersøkinga, meinte også at fengsel var ein passande stad å oppbevare HIV-positive. Dette viser at informasjonsarbeidet hadde komme langt, men endå var det mykje for skeive organisasjonar å jobbe med når det kom til informasjon som skulle ut til samfunnet.¹²²

I 1987 viste ei undersøking, i følgje blikk, at heile 80 prosent av befolkninga ville at det skulle takast i bruk tvangstiltak for at alle homoseksuelle måtte HIV-testast ein gang årleg. Lege Magne K. Fagerhol, då leiar for blodbanken ved Ullevål sjukehus, var ein av dei som var snare med å krevje tvangstesting av homoseksuelle. Dette kjem blant anna godt fram i Fagerhols bok «AIDS: har vi skjønt Alvoret?» frå 1987, kvar han tar opp fleire tema kring AIDS i Noreg, også eit heilt kapittel om tvangstesting av homoseksuelle. Han ville ha AIDS-testing som ein borgarplikt, både som nødvendig hjelpemiddel, og fordi frivillig testing som den hadde vore, ikkje var effektiv nok mot sjukdommen.¹²³

Professor i biologi, Nils Christian Stenseth, skal ved gjentatte høve fremma forslaget om at alle HIV-positive skulle merkast med eit lite blått hjarte i lysken. Han meinte dette

¹¹⁹ «Blikk» Nr.4 April 1991, s.7

«Blikk» Nr. 6/7 Juni/Juli 1991, s.34

¹²⁰ «Blikk» Nr. 6/7 Juni/Juli 1991 s.34

¹²¹ «Løvetann» Nr. 3 1986 s. 32-33.

¹²² Manum, Olav André. «Myggstikk» HivNorge <https://hivnorge.no/nyheter/myggstikk/> Henta 01.11.20

¹²³ Fagerhol, Magne K. «AIDS: har vi skjønt Alvoret?» Gyldendal Oslo 1987 s. 68

ville gi potensielle sexpartnarar kjennskap til om vedkommandes status som smitta eller ikkje-smitta, og at dette ville verne samfunnet mot smittespreiing.¹²⁴

Det var derimot ingen som gjekk vidare med dette forslaget, mest fordi det ville gi ein falsk sikkerheit, i følgje helsedirektør Torbjørn Mork og spesiallege Svein Erik Ekeid.¹²⁵

I 1991 kom det framleis eit lovforslag til Stortinget kvar det kunne bli innført tvangsundersøking om ein var hiv-positiv, i tillegg til opp til sju døgn i isolasjon på sjukehus. PLUSS kjempa i mot dette forslaget, kalla det for «sjukehusfengsel» og meinte at dette ikkje høyrte til i det norske samfunn. Den Norske Legeforeining meinte derimot at forslaget ikkje var strengt nok. Det var diskutert at ein skulle kunne bryte teieplikta om legen oppdaga at nokon var HIV-positiv for å kunne spore opp smittekjelda. Dette ville derimot føre til eit dårlegare forhold mellom helsepersonell og homofile, om HIV-positive var redde for at legen kunne bryte teieplikta, i tillegg til at visse befolkningsgruppe ville bli utsett for forfølging som resultat av at smittekjelda skulle oppsporast.¹²⁶ I Oslo sommaren 1990 vart det også gjennomført ei undersøking av kor mange som testa seg for HIV blant homofile i det skeive miljøet. Her kom det fram at tre av fire homofile tok HIV-testen og gjerne fleire gonga. Det var ei positiv framdrift at homoseksuelle var blitt meir bevisste på smittefaren, og at fleire homofile gjekk inn for å sikre eiga-, og potensielle sexpartnarars, helse gjennom å teste seg for HIV.¹²⁷

Ei anna positiv utvikling for homoseksuelle var at partnerskapslova vart vedtatt av Stortinget i 1993. Formålet med partnerskapslova var å gi tryggare rammer rundt samlivet ved eit juridisk bindande forhold. Skulle ein av partane i forholdet bli sjuk, kunne det å ikkje vere gift-, vere nok til at partnaren ikkje kunne komme på besøk på sjukehuset, og dei kunne heller ikkje få permisjon frå jobb for å ta vare på partneren sin. Partnerskapslova gav dei same fordelane som ekteskapslova, som gjorde til at skulle ein av partane i partnerskapet døy, kunne det gi økonomiske fordelar til den gjenlevande når det kom til arv og bustad. Arv og eignedelar ville elles gått til nærmaste familie, og partnar hadde ikkje hatt nokon rett til dette hadde det ikkje vert for partnerskapslova. Dette var det fleire som hadde problem med før lova trådde i kraft og mange døde av AIDS utan å kunne lovleg etterlate noko til partnarane sine. Det var eit framsteg for homoseksuelle og lova ville vere med på å endre samfunnets haldningar i vegen mot å akseptere homofile og lesbiske, men det var ingen garanti for positive haldningar mot dette.¹²⁸

3.6 Ein kur?

Verdas AIDS-dag den 1. desember, vart halden første gongen i 1988 av «Joint United Nations Programme on HIV and AIDS» (UNAIDS). UNAIDS vart starta av dei foreinte nasjonar (FN), og jobbar globalt for å motarbeide spreining av HIV/AIDS-viruset. Det er ein dag for solidaritet og for å vise framgang og status på den globale HIV-epidemien. Så

¹²⁴ (red.) Evensen, Christoph. Gradmann, Øivind. Larsen, Stein A. Nylenna, Magne. Det norske medisinske selskap <https://www.michaeljournal.no/i/2010/02/Da-hiv-kom-til-Norge> Michael 2010;7:12–157 Redigert utskrift frå eit aktørseminar om då hiv kom til Noreg, heldt ved Universitetet i Oslo måndag 28. september 2009. Henta 01.05.20

Manum, Olav André. «Myggstikk» HivNorge <https://hivnorge.no/nyheter/myggstikk/> Henta 01.11.20

¹²⁵ «Blikk» Nr. 6/7 Juni/Julí 1991 s.34

¹²⁶ «Blikk» Nr. 9 september 1991 s. 9

¹²⁷ «Blikk» Nr. 5 mai 1991, s.11

¹²⁸ Hekma s. 77

«Blikk» Nr. 0. des 1990 s.7

kva var stoda i 1996?¹²⁹ I Noreg var totalt 592 homoseksuelle menn fram til 1996 smitta med HIV, 294 av desse utvikla AIDS og 242 av desse døydde av viruset. Kor nøyaktige tala er, er uvisst, då det ikkje er sikkert alle med HIV/AIDS vart registeret. I tillegg til dette har eg ikkje komme over to like tal, men det ligg på omtrent det som er nemnt over.¹³⁰

Sidan HIV-utbrotet i USA i 1981 hadde forskarar arbeidd for å prøve å finne ein kur eller ei vaksine, utan å lukkast. PLUSS prøvde å argumentere for alternativ behandling som kroppsmassasje, akupunktur og alternativ matlaging, noko som truleg verka meir lindrande på den psykiske helsa enn den fysiske.

I 1987 vart medikamentet AZT (Zidovudin) tatt i bruk ved det nasjonale kreftinstituttet i USA. Jerome P. Horwitz var tilsett ved Michigan Cancer Foundation i Detroit, USA, og var den første som utvikla AZT i eit forsøk på å finne ei behandling for kreft på 1960-talet. Etter noko som vart rekna som nederlag, vart AZT satt til side fram til 1987 kor det viste seg at AZT var det første medikamentet med ein viss effekt på HIV. AZT mista dessverre effekt etter kort tid og det var derfor viktig å ha fleire behandlingsmetodar. I Sverige vart det blant anna tatt i bruk Isoprenosin, men dette vart ikkje tatt i bruk i Noreg.¹³¹ Det var mange homofile som kalla AZT for rottegift då det hadde mange alvorlege biverknader, frå brekningar, kvalme, oppkast til diaré. Det vart jamt testa nye medisinar, nokre meir effektive enn andre, men biverknadane var ofte vanskelege å leve med.

I 1991 vart AZT forsøkt kombinert med eit nytt medikament kalla Didanosine (DDI), dette for å forhindre at viruset skulle mutere etter at AZT hadde slutta å ha effekt. Gjennombrøtet kom i 1996 då såkalla proteasehemmerne vart teken i bruk. Dette var midlar som hindra viruset å formeire seg og resultatet var revolusjonerande, men behandlinga var krevjande. HIV-positive under behandling måtte ta opp til 26 tablettar dagleg og det var ikkje alle som klarte å følgje ein så streng medisinsk timeplan.

I 1996 vart HAART, eller høgaktiv antiretroviral terapi, tatt i bruk i USA, og har vert under utvikling og forbedring sidan. HAART behandling ved HIV-infeksjon var ein kombinasjon av minst tre ulike antiretrovirale medikament som nukleosidanaloger, proteasehemmere og non-nukleosidanaloger. Dette var ikkje ei behandling som fjerna HIV, men som førte til at viruset ikkje ville kunne spreie seg i kroppen og utvikle seg til AIDS. Dette var med på å redde mange liv frå ein tidleg død og ein kunne starte å leve igjen.¹³²

¹²⁹ <https://www.hivnorge.no/aktiviteter-og-tilbud/>

Henta 03.04.20

¹³⁰ Aavitsland P, Nilsen Ø, Lystad A. *HIV-epidemien blant homoseksuelle menn i Norge* Publisert 30.11.96 Tidsskrift for Norsk Lægeforening 1996.

<https://tidsskriftet.no/1996/11/artikkel/hiv-epidemien-blant-homoseksuelle-menn-i-norge> Henta 02.05.20

Statistikkbanken - Dødstall <https://www.ssb.no/statbank/sq/10035751> Henta 02.05.20

¹³¹ Frøland, Stig Sophus: «aids» i *Store medisinske leksikon* på snl.no. <https://sml.snl.no/aids> Henta 04.05.20 «Blikk» Nr. 6/7 Juni/Julii 1991, s.33

«A failure led to drug against aids» New York Times 20.09.1986 s.7

<https://www.nytimes.com/1986/09/20/us/a-failure-led-to-drug-against-aids.html> henta 31.10.20

¹³² Berge, Birger: «Helseutvalget for homofile» i *Store norske leksikon* på snl.no.

https://snl.no/Helseutvalget_for_homofile Henta 04.05.20

Ørstavik, Ragnhild. *Ti år med høyaktiv antiretroviral terapi mot hiv* Publisert 29.11.06 utgåve 23, 29.11.06.

Tidsskrift for Norsk Lægeforening 2006 126:3075 <https://tidsskriftet.no/2006/11/medisinsk-nytt/ti-ar-med-hoyaktiv-antiretroviral-terapi-mot-hiv> Henta 04.05.20

Frøland, Stig *Antiretroviral behandling av HIV-infeksjon anno 2001* Tidsskrift for Den norske legeforening 2001, 121: 3363 Publisert: 30. november 2001 Utgave 29, 30. november 2001

<https://tidsskriftet.no/2001/11/redaksjonelt/antiretroviral-behandling-av-hiv-infeksjon-anno-2001> Henta 30.10.20

3.7 Konklusjon

I dette kapitlet har vi sett at AIDS raskt vart eit alvorleg tema i Noreg, kvar helsefagarbeidarar og skeive organisasjonar og grupper raskt var ute med å prøve å hindre smitte. Utan å vite tidleg i 1983 korleis det smitta, var det mykje usikkerheit både på legane sin side og frå den generelle befolkninga, men kunnskapen om dette steig raskt grunna amerikansk forskning.

Det vart deretter gjennomført fleire kampanjar som gjekk ut på å spreie riktig informasjon om sikker sex til menn som hadde sex med menn, gjennom foredrag, brosjyrar, plakatar og andre visuelle hjelpemiddel. Dette var viktig då Helseutvalet meinte at riktig informasjon om sjukdommen og sikker sex var den beste måten å forhindre vidare smitte. Sex vart derfor eit av dei store diskusjonstema, eit tema ikkje alle var like vante og komfortable med å snakke om. Dette gjorde til at homoseksuelle gjekk frå å vere ei usynleg gruppe menneske som var assosiert med skam, til ei meir synleg gruppe menneske i samfunnet med eit nå ganske offentleg sexliv. Ikkje alle var like villige til å følgje dei nye smitteverns råda og følte at det var urealistisk å trappe ned på sekspartnarar. Dette gjorde til at fleire homoseksuelle vart smitta utan at dei sjølv visste om det, før det kom ein relativt sikker HIV-test i 1985

Det var mange forskjellige reaksjonar på å få diagnosen HIV-positiv, men det vart stadig meir populært å møtest i støttegrupper, noko som resulterte i organisasjonen PLUSS, ein organisasjon som endå eksisterer som HivNorge i dag.

I byrjinga oppstod det mykje frykt rundt sjukdommen AIDS. Det skapte fordommar mot homoseksuelle, noko som resulterte i at mange følte seg utestengde eller tvungne til å leve med ein «hemmeleg» sjukdom. Dette gjekk utover arbeidet, familien og det sosiale livet til mange. Henki Hauge Karlsen var ein av dei som fekk kjenne på det å miste jobben sin på grunn av HIV-diagnosen, og måtte gjennom tre rettsaker i løpet av tre år for å få tilbake jobben. Dette var ein av faktorane som var med på å opne Noreg opp for eit nytt syn på homoseksuelle og HIV-positive, og det førte homoseksuelle nærmare likestilling i samfunnet.

Likestillingskampen til homofile var ennå ikkje over, og ein kunne sjå resultat som partnerskapslova i 1993 som skapte tryggare rammer rundt samlivet gjennom eit juridisk bindande forhold. Dette var også med på å gjere liva til homofile og lesbiske tryggare i ein periode med mykje usikkerheit og død.

Behandling for AIDS var under utvikling frå starten av utbrotet, og slo endeleg gjennom med gode resultat i 1996 då HAART vart tatt i bruk. Dette gjorde til at homoseksuelle ikkje lenger fekk ein dødsdom då dei fekk diagnosen HIV, og HIV-positive kunne i staden leve eit vanleg liv så sant dei fekk medisinsk behandling for sjukdommen. Mange som hadde forventa å dø i ung alder hadde no i staden livet framfor seg.

4.0 Homoseksuelle og psykisk helse

Vi har sett korleis homoseksuelle igjennom historia har blitt sett på som unaturlege og at det måtte ligge ein sjukdom til grunn for at ein person var homoseksuell. På 1980-talet vart så homofile menn assosiert med ein dødeleg sjukdom som drap mange, utan at legar i starten visste kvifor. HIV og AIDS-epidemien knuste LHBTQ-miljøet fordi fleire tusen unge menn over heile verda døde, og det skremte ein heil generasjon. I dette kapitlet skal eg studere homofile si psykiske helse, kvifor homofile var spesielt utsett for å utvikle dårleg psykisk helse, og den auka sjølvmondsproblematikken som oppstod i denne perioden blant homofile.

Det var ikkje berre AIDS som låg til grunn for problematikken å vere homoseksuell og open homofil i denne perioden. Det var også sosialt stigma rundt denne «livsstilen». Deprimerte homofile som ikkje fekk den hjelpa dei trengte vart ein del av ein sjølvmondsstatistikk, og unge skeive tok tak i dette problemet då det var lite respons frå regjeringa då dette sto på som verst. Kva var det som skapte dette problemet i utgangspunktet, og kvifor var homoseksuelle så utsett for å utvikle dårleg psykisk helse på 1980- og 1990-talet?¹³³

4.1 Ein introduksjon til psykisk helse

Psykisk helse er eit breitt tema, kor ein av dei mest brukte definisjonane på god psykisk helse i Noreg er «ein tilstand av velvære der individet kan realisere sine moglegheiter, handtere normale stressituasjonar i livet, arbeide på ein fruktbar og produktiv måte og ha moglegheit til å bidra overfor andre og i samfunnet. God psykisk helse er altså ein positiv tilstand – ikkje berre fråvær av sjukdom og vanskar». Dårleg psykisk helse kan ha ein negativ påverknad på livskvaliteten, og kan i lengda gjere deg sjuk og føre til psykiske lidningar.¹³⁴

Eg skal halde meg til spesifikke lidningar som påverka liva til skeive menneske spesielt mykje på 1980- og 90-talet, særleg psykiske lidningar som depresjon og angst. Dette er dei psykiske lidningane som går mest igjen i dei forskjellige fortellingane frå skeive menneske som har deltatt i intervju, livskvalitetsundersøkingar og frå dei som har prøvd å ta sitt eige liv eller som har lykkast med å ta sjølvmond. Stigmatiserte homoseksuelle vart ein del av sjølvmondsstatistikken som følgje av depresjon og angst.

Depresjon er ein av dei vanlegaste lidningane som kan oppstå under vanskelege forhold. Depresjon er ein tilstand der livsviljen er utmatta og ein ser mørkt på det meste i livet kvar alt er meningslaust, utan å vere i stand til å sjå dei lyse sidene i livet. Depresjon kan vere med på å skape eit dårleg sjølvbilete, og fleire kan prøve å dekke over depresjonen ved å ta i bruk narkotika, eit større forbruk av alkohol eller gjennom aggressiv åtferd. Nokre vel også å trekke seg vekk frå vener og kjente, kvar fleire ikkje ein gong er klar over at det er ein depressiv lidning dei har.¹³⁵

Depresjon, i følgje «*ICD-10 Psykiske lidelser og atferdsforstyrrelser*» vedtatt av WHO i 1992, har tre typar og stadier; mild, moderat og alvorleg. Den generelle kjensla av

¹³³ Mykje av dette kapitlet er bygd på «Løvetann» Nr. 2 1998, der temaet var sjølvmond blant homoseksuelle.

¹³⁴ Andersen, Anders Johan W.: *psykisk helse* i *Store medisinske leksikon* på snl.no.

https://sml.snl.no/psykisk_helse Henta 07.09.20

Sist endra oktober 2018

¹³⁵ Tamm & Andersen s. 65

interesse- og gledeslausheit og energitap som førar til trøytteik og redusert aktivitet. «Ved depressive episoder av alle tre alvorlighetsgrader kreves vanligvis en varighet på to uker for at diagnosen skulle kunne stilles. Kortere varighet kan likevel aksepteres om symptomene er svært alvorlige.» Symptom er: Redusert konsentrasjon og merksemd, redusert sjølvkjensle og sjølvtilitt, skyldføling og mindreverdskjensle, triste og pessimistiske tankar om framtida, planar om, eller utføring av sjølvskade eller sjølv-mord, søvnforstyrningar og redusert appetitt.¹³⁶

Årsaka til depresjon kan vere mange, men det er ofte økonomiske problem, kjærleikssorg eller mykje motgang og negativitet i kvardagen. Homoseksuelle var ei gruppe menneske i denne perioden som var spesielt utsett for negativitet og motgang i kvardagen, noko som gav potensiale til å bli deprimerte og oftare i fare for å ta sitt eige liv om lidinga var alvorleg.¹³⁷

4.2 Homofile i møte med psykisk helsevesen

Den norske psykiatriske foreining fjerna homoseksualitet som ein psykiatrisk lidning i 1977, og WHO hadde klassifisert homoseksualitet som psykisk lidning frå 1963 og fram til 1990. Dette gav mange homofile ei unnskyldning for kvifor enkelte var homoseksuelle, som for nokre kunne vere ein trøyst fordi det var ein sjanse for at ein kunne bli «frisk». For andre var denne diagnosen ikkje godtatt fordi homoseksualitet var naturleg og ikkje ein «feil» i systemet, noko som starta arbeidet med å få fjerna diagnosen og som ein såg resultatet av i 1977 og 1990. Ei utvikling av dette kan vi for eksempel sjå i lærebøkene innan psykologi, kvar utviklinga sidan 1972 har vert stor. I boka «Psykologi og mental hygiene – pedagogisk psykologi» frå 1972 av Eva Nordland, vart homoseksualitet beskrive som «unaturleg seksuell utvikling». Som eit forsøk på å forklare kvifor nokre menneske vart homoseksuelle, skreiv Nordland at det er i ung alder ein har blitt hindra frå vanleg heteroseksuell kontakt. Dette kunne utvikle seg til ein form for angst for kontakt med det andre kjønn. Nordland var ein av psykologane som meinte det kunne vere skuld i organiske manglar eller forstyrningar i hormonproduksjonen, som vart utgangspunkt for ein unormal utvikling. Ho la også til at det som regel var ein kombinasjon av fleire orsakar og at det derfor var mogleg å få hjelp til å gå vekk i frå homoseksualiteten på fleire måtar, utan å nemne kva metodar ein skulle ta i bruk for å oppnå dette.¹³⁸ Til samanlikning har vi boka «Psykologi: innsikt og utsikt» av Maare Tamm og Bjørn-Gunnar Andersen i frå 1990. Her blir homoseksualitet ikkje lenger nemnt som ei «unaturleg seksuell utvikling» som det var i 1972. Når Tamm og Andersen skriv om parforhold er det ikkje nemnt noko om kjønn på partnarar eller seksualitet, men heller om kjensler som ligg til grunn i eit parforhold.¹³⁹

Sjølv om homoseksualitet ikkje lenger var rekna som ei psykisk lidning i Noreg etter 1977, så var det framleis store fordommar blant det psykiske-helsepersonellet. Pål Abrahamsen, assisterande overlege i psykiatri ved Ullevål sjukehus let seg i 1980 intervju av Løvetann, og la ikkje skjul på at psykiatrien i lang tid hadde vert prega av fordommar i synet på homofili. Problemet var at mange som hadde utdanna seg innan psykiatri og som var godt etablert i denne perioden, ikkje hadde nokon innsikt i homofili

¹³⁶ WHO «ICD-10 psykiske lidelser og atferdsforstyrrelser – Kliniske beskrivelser og diagnostiske retningslinjer» Gyldendal Norsk Forlag AS 2000 1. utgave 1999, 13. opplag 2008, Oslo. s. 116

¹³⁷ Tamm & Andersen s.66

¹³⁸ Nordland, Eva. «Psykologi og mental hygiene – pedagogisk psykologi» H. Aschehoug &co. Oslo 1972 s.34-35

¹³⁹ Tamm, Maare. Andersen, Bjørn- Gunnar. «Psykologi: innsikt og utsikt» Universitetsforlaget 1990 s. 59

frå studiet. Det var noko som var omtalt i enkelte gamle tyske lærebøker og som var lista opp med andre «sjukdommar». Abrahamsen meinte at ein grov feil mange i det psykiske hjelpeapparatet gjorde når dei fekk vite at ein pasient var homofil, var å sjå på homofilien som problemet.¹⁴⁰

Det har vert fleire forsøk på å «lege» homoseksualitet, også kalla konversjonsterapi. Aase Prøitz skreiv i sin artikkel «Homofili og «helbredelse», Forskningsmessige og etiske betenkligheter» at det var tatt i bruk ein variasjon av metodar. Dette var metodar som elektrisk sjokk, forskjellige formar for åtferdsterapi som det kvalmeframbringande stoffet apomorfin, besøk hjå prostituerte eller masturbasjon som skulle vekke ei seksuell interesse for det motsette kjønn, i tillegg til metodar som hormonterapi og kirurgi.¹⁴¹

Psykiater, Morten S. Selle, skreiv i artikkelen «Nei til «behandling» - Ja til terapi» i 2001 om fleire forskjellige typar behandling som var tatt i bruk. Kvar Prøitz skreiv masturbasjon, skriv Selle om «orgasmerebetjing» - kor homoseksuelle menn like før utløyning skulle sjå på nakenbilete av kvinner, for å vekke denne interessa for motsette kjønn som Prøitz skreiv om. Selle beskriv også «fantasimetting», som gjekk ut på at den homoseksuelle skulle spille inn sine seksuelle fantasiar, og spille dei av til seg sjølv kvar dag til han gjekk lei denne fantasien og stilte spørsmål til kvifor han fant homoerotikk opphissande. Hjernekirurgi vart tatt i bruk i Tyskland så seint som på 1960-, og 1970-talet.¹⁴²

Homoseksuelle menn som fekk hormonbehandling, tok ei testosteronsprøyte for å auke maskuliniseringa, og gjerne saman med det kvinnelege kjønns hormonet østrogen for å redusere libido. Dette var ei behandling som skal ha vorte tatt i bruk på homoseksuelle menn i Noreg på 1950-, og 1960-talet. Ved Modum Bads Nervesanatorium brukte dei blant anna LSD som hjelpemiddel i psykiatrisk behandling mellom 1961 og 1976. Denne forma for behandling var også tatt i bruk som hjelpemiddel i konversjonsterapi for homoseksuelle, i følgje Selle.¹⁴³

Det var ikkje berre menn som gjekk gjennom denne type behandling, lesbiske kvinner gjekk også gjennom konversjonsterapi, men presset på å vere heteroseksuell skal ha vert større hjå menn, og derfor var det fleire menn som gjekk gjennom denne type terapi.¹⁴⁴ Homoseksuelle som hadde gjennomgått konversjonsterapi hadde i ettertid rapportert om ei auke av skyldkjensle, auka kjensle av å vere mislukka, ei auke av sjølvhat, angst, redusert sjølvkjensle og ein auka risiko for sjølv mord. Mange hadde også problem med å fungere seksuelt etter behandling.¹⁴⁵

Den amerikanske psykoanalytikeren Doktor Richard A. Isay var ein av dei som var skeptiske til konversjonsterapi, og meinte at det var eit misbruk av psykiatrien å forsøke å forandre homoseksuelle til heteroseksuelle. Isay påstod at homofile som hadde lidd

¹⁴⁰ «Løvetann» Nr.5 januar 1980 s.28

¹⁴¹ Prøitz, Aase «Homofili og «helbredelse», Forskningsmessige og etiske betenkligheter» (udatert) s. 2

¹⁴² Selle, Morten S. «Nei til «behandling» - Ja til terapi» «Norsk homoforskning» Redigert av Brantsæter, Marianne. Eikvam, Turid. Kjær, Reidar. Åmås, Knut Olav. Universitetsforlaget 2001 Oslo. S.239

¹⁴³ Selle 2001 s.240 Lunde, Charlotte. *Tro, håp og terapi*. Publisert 10.02.15

<https://tidsskriftet.no/2015/02/intervju/tro-hap-og-terapi> Henta 17.11.20

Hoffart, Asle. Madsen, Jørgen Due. *Psychotherapy with the aid of LSD*. Publisert 12.06.09

<https://www.tandfonline.com/doi/abs/10.3109/08039489609082516>

Henta 17.11.20

¹⁴⁴ Selle 2001 s. 241

¹⁴⁵ Selle 2001 s. 243

under manglande akseptering av familie og samfunn, fekk gjentatte avvisingstrauma i terapien og fekk nedsett sjølvbilete grunna dette. Forsøk på å endre den seksuelle legninga til ein person ville gjere meir skade enn nytte.

I Noreg gjekk Norsk Psykiatriske foreining ut med eit fråsegn vedtatt på årsmøtet 13. oktober 2000, og erklærte at denne forma for behandling var etisk uforsvarleg.¹⁴⁶

Homoseksualitet var i 1977 kanskje ikkje lenger definert som ein psykisk liding i Noreg, men nye problem vaks fram i form av skam, fortrenge kjensler, angst, og depresjon. Fleire frykta for livet fordi ein levde eit liv som endå ikkje var akseptert av mange i samfunnet, i tillegg til at det var ei stor frykt for ein svært smittsam sjukdom på 1980- og 90-talet. Korleis forandra dette skeive liv, og kva var det som gjorde til at så mange homoseksuelle tok sitt eige liv i denne perioden?

4.3 Aids og angst

Frykta for AIDS/HIV var mykje til stades i kvardagen til mange, og skapte mykje angst også blant homoseksuelle. Frykta for HIV-smitte gjorde til at homofile som var smitta, eller som andre hadde mistanke om var smitta, vart utestengt ifrå sine eigne miljø, som kunne føre til isolasjon og depresjon.¹⁴⁷

I boka *Kjærlighet mellom menn i aidsens tid* frå 1988 har Annick Prieur, professor i sosiologi ved Aalborg Universitet, intervjuet fleire homofile menn som hadde opplevd sterk angst rundt smittefaren. HIV-smitte personar vekka angst, og mange homofile hadde problem med å forhalda seg til dei. Dette førte ofte til at HIV-positive og AIDS-sjuka trakk seg vekk frå det homofile miljøet og isolerte seg vekk frå alle andre. Ein del av dei intervjuet mennene gav uttrykk for at dei aldri ville finne på å ha sex med ein person dei visste var HIV-positiv, men ikkje alle då det var fleire som var villige til å ta den risikoen men med bruk av kondom. Fordommar mot dei som var smitta var utbreidd: Den smitta vart sett på som ein framand, som «ein som er annleis enn ein sjølv og eins vener». Smitte personar vart dessutan assosiert med ei rekke negative eigenskapar. Dei vart sett på som «sjuskete», «lugubre» eller «shabby» og vart assosiert med analsex og promiskuitet. Negative haldningar som dette kunne skuldast skamkjensle knytt til eigen seksualitet, meinte Prieur. Det kunne også skuldast angst og behov for kontroll og orden i livet, ein kontroll som kunne forsvinne då andre ikkje alltid tok like godt omsyn til smittefaren.¹⁴⁸

Det var dei som vart pressa til å ha usikker sex og kunne oppleve å få angst om dei ikkje turte å sei frå om kva som var greitt og ikkje i frykt for smitte. Fleire gav slipp på denne angsten etter testing med negativt svar, men fram til dette resultatet kom i posten var det mange som hadde det vanskeleg. Dette var også problematisk då det var vanleg å ha fleire seksuelle partnarar for mange, og om ein var i eit forhold var det ikkje alltid med sikkerheit at kjærasten var innstilt på å ha kun éin sex partnar. I eit tilfelle var det ein mann som ikkje stolte på kjærasten sin til å ha sikker sex då han oppdaga at han ikkje var trufast. I frykt for smitte la han om heile livet sitt så kjærasten ikkje skulle vere

¹⁴⁶ Prøitz s. 7

¹⁴⁷ «Blikk» Nr. 4 april 1992 s. 4

¹⁴⁸ Nova rapporten s.66

Prieur, Annick. "Kjærlighet mellom menn i aidsens tid" Pax Forlag a.s Oslo 1988 s. 148, 152, 154

aleine i helgene og verte freista til å ha sex med andre. Dette gjekk kraftig ut over mannens mentale helse, då han til alle tider passa på kva kjærasten føretok seg.¹⁴⁹

Ein del av problematikken var også den mentale innstillinga til personar som var diagnosert med HIV/AIDS. Før medisinerings mot HIV/AIDS vart tatt i bruk, var det fleire homoseksuelle menn som tok sjølv mord kort tid etter å ha fått diagnosen. Vi kan i ettertid sjå ein klar samheng mellom HIV/AIDS-diagnosen og ein utvikling av psykiske lidningar, sjølv etter at HAART vart tatt i bruk vart det ikkje ein slutt på sjølv mordsåtferda blant HIV-positive.

Menneske som har gjort seg klare for å døy, skulle plutselig leve igjen, men ikkje alle klarte å tilpasse seg dette.¹⁵⁰

4.4 Homofile, ei utsett gruppe?

Antropologen Gay Beckers skreiv i boka *Disrupted Lives* at «når forventningar om livsløpet ikkje blir innfridd, opplever individet indre kaos og brot. Slike brot representerer eit tap av framtida».¹⁵¹ Forventningane ein får frå familie og andre menneske frå fødselen, er ofte med på å forme vala vi tar i livet. Dette er gjerne i tråd med samfunnets normer og reglar. Du utdannar deg, får deg jobb, skaffar leilegheit, dannar familie og får barn, fordi det er forventa av deg som medlem av det norske samfunnet. Bryt du ut av dette mønsteret kjem du inn under kategorien «avvikande». På same måte som det var forventa at ein skulle vere heteroseksuell, så brøyt mange dette mønsteret ved å vere homoseksuelle. Dei «skuffar» dei som hadde forventningar til seg, og det førte til ei form for skam då ein ikkje klarte å passe inn i dette mønsteret. Ved å derimot ikkje bryte ut av det heteroseksuelle mønsteret, forplikta ein seg til det som var forventa av ein heterofil person, noko som kunne vere vanskeleg om det ikkje var dette livet ein med homoseksuell legning var ment å leve. Det kunne skape ei kjensle av å vere falsk, at ein laug til dei i livet sitt fordi dei levde eit liv som ikkje stemte overeins med det dei følte innvendig, og fleire såg ingen framtid i dette. Uansett kva for eit liv ein skeiv person valde å leve, så kunne det medføre problematiske kjensler, anten innan ifrå eller utan ifrå om ein ikkje vart akseptert for kven ein var av andre og seg sjølv.¹⁵²

I boka *Homofile- myter og virkelighet: en undersøkelse blant homofile kvinner og menn i Norge* frå 1978 skrive av Steinar Bergh, Birgit Bjerck og Elin Lund, kjem det fram at mange ikkje la merke til at dei var med på å undertrykke homofile. Enkle uttrykk i fleip og nedsettande merknadar var glidd inn i daglegtalen til mange, noko som var med på å bryte ned sjølvrespekten til menneske dei ikkje nødvendigvis kjente. Boka påstår at alle som var homofile hadde opplevd denne daglege undertrykkinga på kroppen, og at dei fleste ikkje klarte dette presset.¹⁵³ Dette er noko som framleis eksisterar i dagens samfunn, kvar uttrykk som «homo», «homse» og «lesbe» er brukt som negativt lada ord, meint for å skade og gi assosiasjon til noko negativt. Dette er spesielt blant unge menneske som ofte ikkje tenkjer over kva effekt ord kan ha på eit anna menneskjes liv, men også blant eldre som heng fast i gamle tankesett.

¹⁴⁹ «Løvetann» Nr.3 1995 s.22

¹⁵⁰ Jia CX, Mehlum L, Qin P. AIDS/HIV infection, comorbid psychiatric illness, and risk for subsequent suicide: a nationwide register linkage study. *J Clin Psychiatry*. 2012;73(10):1315-1321. doi:10.4088/JCP.12m07814

¹⁵¹ Ohnstad & Malterud, Tone Hellesund s. 77

¹⁵² Ohnstad & Malterud s. 64-65

¹⁵³ Bergh, Steinar. Bjerck, Birgit. Lund, Elin. «Homofile – myter og virkelighet: en undersøkelse blant homofile kvinner og menn i Norge» PAX Forlag A.S Oslo 1978 s.10

Vi veit at det var mange fordommar mot homofile og homoseksuelle på 1970-, 80- og 90-talet. Noko som resulterte i at fleire mista jobbane sine då AIDS-krisa var på sitt verste, og fleire fekk ikkje jobben dei søkte på og var kvalifisert til eine og aleine grunna legning. Dette som vi veit vart delvis endra etter Henki-saka, då det vart satt vern mot usakleg oppseiing i arbeidslivet. Fleire vart kasta ut av foreldre som ikkje ville ha noko med barna sine å gjere skulle dei finne ut at dei var smitta med HIV. Fleire kunne også risikere å bli kasta ut av huseigar om dei fant ut at leigetakar var homofil. Om du som homofil skulle sjekke opp feil person i parken ein kveld, så kunne du risikere å bli slått ned, eller i verste fall bli slått i hel. Dette var tilfellet 23. august 1991, då Paul Gamlem vart funne død i ein park som var eit kjent cruising-område for homofile. Kva som låg til grunne for drapet var ukjent, men politiet meinte han vart drepen fordi han var homofil og at dette var ikkje det einaste tilfellet.¹⁵⁴

Homofile vart også stigmatisert av forsikringselskap grunna AIDS-krisa. Eit tilfelle frå 1991 viser ein artikkel om eit par som ikkje fekk livsforsikring fordi dei var homofile, men sidan dette var brot på straffelov §349a (som forbyr å nekte homofile varer og tenester på grunn av seksuell legning), snudde dei raskt for å rette opp feilen då saka vart kjent for Dagsrevyen og vist i beste sendetid.¹⁵⁵ Også innan religiøse samfunn vart folk utestengt grunna legning. Mange fekk beskjed om å ikkje komme tilbake til kyrkjesamfunnet dei kanskje hadde vert ein del av heile livet, då det vart kjent av personen var homofil eller lesbisk. Kristne vart kasta ut av kyrkja og «kunne skulde på seg sjølv og ha det så godt». Kven skulle så gi dei trøyst då religionen som skulle trøyste dei kasta dei ut?¹⁵⁶

Det hang eit negativt bilete over homofile i media og ofte vart dei kopla opp mot pedofile, noko som gav eit inntrykk av homofile som ein trussel, ikkje berre for vaksne men også barn.¹⁵⁷ Dette går litt tilbake til ideen om forføringsteorien som vart avkrefta på 1960-talet, kvar eldre menn kunne «smitte» unge gutar. Det kan også komme av at eldre homoseksuelle menn ofte fant yngre menn tiltrekkande, eller at homoseksuelle pedofile fekk meir fokus i media enn heterofile pedofile. I alle tilfelle gjekk dette utover alle homofile som fekk endå ein negativ eigenskap tildelt.

I ei undersøking utført av Christopher Bagley, og Pierre Tremblay, *Suicidal behaviours in homosexual and bisexual males* frå 1997, vart det vist at unge homoseksuelle i alderen mellom 18 og 27 år i Nord-Amerika ikkje alltid var like godt handsama av helsetenesta og rådgjevingsbyrå. Fleire fortalte ikkje terapeuten sin at dei var homoseksuelle og at det blant anna var ein av faktorane for sjølvmoordsforsøk. Dette viser kor lite terapeutar hadde lest seg opp om homoseksuelle og at det var ein mangel på forståing og informasjon om homoseksuelle i helsevesenet også på 1990-talet i Nord-Amerika.¹⁵⁸

Homoseksuelle vart også ofte misforstått og skada gjennom avhengigheits dannande medikament som var meint for å hjelpe dei. Stoffmisbruk vart eit vanleg problem blant

¹⁵⁴ «Blikk» Nr. 9 september 1991 s.5

Bergh, Bjerck, Lund s. 18

¹⁵⁵ «Blikk» Nr. 5 mai 1991, s.12

¹⁵⁶ «Løvetann» Nr. 2 1986 s. 22-23

¹⁵⁷ NOVA s.57

¹⁵⁸ Bagley, C. & Tremblay, P (1997). Suicidal behaviors in homosexual and bisexual males. *Crisis: The Journal of Crisis Intervention and Suicide Prevention*, 18(1), 24-34. <https://doi.org/10.1027/0227-5910.18.1.24> Henta 25.09.20

homofile unge menn som hadde problem med å komme ut, som var utsett for stigmatisering og hat, og som hadde lav sjølvtilitt.

Unge homoseksuelle og biseksuelle menn var oftare utsett for fleire negative opplevingar i livet som psykisk, verbalt og emosjonelt misbruk av familie, skule og samfunn. Fleire falt under presset for denne negative erfaringa og vart sidesatt av samfunnet, dei rømte heimanfrå, vart heimlause og kriminelle. Mange trødde til prostitusjon for å overleve eller fordi det var forventa av dei gjennom negative stereotypiar. Då dei i tillegg ikkje fekk den kvalifiserte hjelpa dei hadde behov for, om dei vart psykologisk misbrukt eller til sidesatt av fagpersonar som var meint for å hjelpe dei, kunne ein lett hamne ned i ein spiral av negative tankar og ty til å ta sitt eige liv om ein ikkje såg anna utveg.¹⁵⁹

Når ungdommar blir møtt med stor motstand frå sine nærmaste kan det bli problematisk då det er i ungdomsåra vi ofte er ekstra sårbare når det kjem til seksualitet. Det er også i denne perioden vi er avhengig av å ha eit utløp for kjensler, noko som kan føre til isolasjon om skeiv ungdom ikkje har nokon å dele desse kjenslene med i frykt for kva som kjem til å vere konsekvensen av å dele desse. Homoseksuelle kunne risikere å bli kasta ut eller bli mishandla grunna legninga si. Det var også foreldre som tvang barna sine til å gå igjennom konverteringsterapi for å bli konvertert til «riktig legning», gjennom metodar som nemnt over.

Komme-ut-prosessen er ein viktig del av å finne sin plass i sitt eige liv og blir forklart i fire stadier. Først utvikla det seg ei kjensle av å vere annleis, til så å skjønne at det hadde å gjere med ein anna seksuell orientering enn det som var «normalt». Då dei kjenslene hadde fått lagt seg litt, så ville mange identifisere seg sjølv som homofil eller lesbisk og samanlikne seg sjølv med andre homofile og lesbiske. Problemet oppstår her om ein person som nettopp har identifisert seg sjølv som skeiv, ikkje visste av andre skeive menneske, og vart isolert i eit miljø eller i ein familie du ikkje kunne dele denne identiteten med. Presentasjon av sin identitet til andre var for mange eit viktig steg for å kunne akseptere si eiga legning, både for seg sjølv og for at andre skulle akseptere det. Dette var ein måte å få stadfeste at det var ein likeverdig måte å leve på.

Skeive menneske hadde dårlegare psykisk helse enn den generelle befolkninga, og av mange som hadde prøvd å ta sitt liv, så var ein av faktorane eit manglande familienettverk og lite kontakt med oppvekstfamilie. I denne perioden av livet er ein som ung ganske sårbar, og unge menneske i denne gruppa var også dei som var minst likt av andre ungdomsgruppr. Dette kunne gjere livet vanskeleg, noko som kunne føre til identitetsforvirring, avvising, isolasjon, manglande stadfesting og i verste fall sjølv mord.¹⁶⁰

Mange i vaksen alder eller som unge på 1980- og 90-talet vart opplært til fordommar og forakt ovanfor homofile i ung alder. Ein var «programmert til selvundertrykking, og undertrykkingen startet midt i vår egen familie, fra de menneskene som står oss nærmast og som vi derfor er mest sårbare ovanfor.»¹⁶¹ Å finne ut at ein var homoseksuell, som ein hadde lært var galt og unaturleg, kunne føre til avsløringsangst.

¹⁵⁹ Bagley, C. & Tremblay s.31

¹⁶⁰ «Løvetann» Nr. 2 1996 s. 11

Johansen s.191

¹⁶¹ Bergh, Bjerck, Lund s. 17

Mange som hadde vanskar med å leve i skjul valde derfor, i frykt for konsekvensane, heller å trekke seg unna enn å komme ut til familie og vener.¹⁶²

Homoseksuelle var fem gonger meir utsett for trugslar enn resten av folket, og dei som var blitt utsett for fysisk og verbale/psykisk overgrep grunna legning, hadde ofte eit særleg høgare alkoholforbruk.¹⁶³ Homoseksuelle har hatt eit rykte på seg for å ha eit større problem med alkohol enn heteroseksuelle, og ei svensk undersøking frå 1993 viste at dette stemte til ein viss grad. Dei som deltok i undersøkinga var bekymra for sitt eige forbruk, sjølv om dei fleste hadde positive erfaringar med alkohol då dei følte seg meir sjølvsikre og at det då var lettare å få kontakt med andre. Alkohol var også ein av måtane folk handterte depresjonen sin på, noko som ikkje kjem fram i denne undersøkinga, men ein skal ikkje sjå vekk ifrå at fleire hadde eit større alkoholforbruk grunna depresjon og bekymringar grunna legning.¹⁶⁴

4.5 Sjølv mord blant unge homofile, eit stigande problem

«Vi vet det forekommer, men kunnskapen om det er svært mangelfull og temaet er tabulagt og fullt av skam.»¹⁶⁵ Måndag 10. juni 1996 på side tre i VG stod følgjande overskrift; *Ungdomspolitikere slår homse-alarm*. Artikkelen fortalde om korleis unge homoseksuelle ikkje vart tatt på alvor då det kom til sjølv mordsåtferd blant skeive menneske. Det var ungdomar frå AUF, Senterpartiet og Sosialistisk ungdom som slo alarm om problemet, og krevje at det skulle bli gjort noko med dette i eit brev til dåverande statsminister, Gro Harlem Brundtland. Dei refererte til ei amerikansk undersøking frå 1993, som viste at skeiv ungdom sto for 30 prosent av utførte sjølv mord, og at ungdom i denne gruppa var to til tre gonger så utsette for sjølv mord som heterofil ungdom.

Sjølv om det i 1996 var manglande forskingsmateriale å hente frå Noreg, rekna ein med at tala ikkje var ulike frå dei i amerikanske og andre utanlandske studie, spesielt då ungdomane kunne sjå auka på sjølv mord blant unge sidan 1980. I brevet la ungdomspolitikarane også til kva utfordringar skeiv ungdom møtte i kvardagen, gjennom diskriminering som strakk seg frå rein vald og mobbing i skulen, til fordømmende foreldre. Intensjonen med brevet var eit håp om ei stortingsmelding som adresserte problemet, som ville gi moglegheita til å drøfte homofile sin stilling i Noreg på eit generelt grunnlag. Ungdommen ville skape eit fellesskap mellom myndighetene og dei som ville forbetre forholda til homofile.¹⁶⁶

Det var fleire undersøkingar som oppstod rundt same problematikk i denne perioden, då det var manglande materiale om suicidal skeiv ungdom, og det stigande problemet kravde meir data som regjering og helsesektoren kunne jobbe ut frå. Den stigande sjølv mordsåtferda er også ein av grunnane til at NOVA-rapporten (Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring) om lesbiske og homofiles levkår og livskvalitet i Noreg vart til. NOVA-rapporten var finansiert av Silva Brysstad, familie og barneminister, som godkjente pengar til denne forskinga. Undersøkinga tok 2 år, og avdekkja fleire homofile problem i Noreg. Nokre områder sterkare utsett enn andre, og var ferdig stilt i 1999.¹⁶⁷ Artikkelen av Bagley og Tremblay frå 1997, som nemnt

¹⁶² NOVA s.62

¹⁶³ Brantsæter 2001 s. 262

¹⁶⁴ «Løvetann» nr. 2 1995 s.40

¹⁶⁵ «Løvetann» Nr. 2 1998 s. 13

¹⁶⁶ VG, måndag 10. juni 1996, s. 3

¹⁶⁷ https://www.arkivportalen.no/entity/no-SKA_arkiv_00000000129

Henta 13.08.19

tidlegare, er eit eksempel på ein av dei utalandske undersøkingane som vart gjennomført for å kartleggje sjølvordsatferden til homofile. Bakgrunnen for undersøkinga var media som fleire gonger hadde fanga opp den hyppige sjølvordsåtferda blant homoseksuelle på andre halvdel av 1990-talet i Canada.¹⁶⁸

Asle Offerdal, tilsett ved Studentanes psykiske helseteneste i Bergen, skreiv i sin hovudoppgåve i 1995 om korleis han såg samanhengen mellom samfunnets negative haldningar til homofili, vanskar med å bygge opp ein trygg homofil identitet og risiko for sjølvord blant unge homofile menn. Det var viktig å få fram at samfunnets negative haldningar *kunne* skape desse kjenslene, men ikkje som einaste faktor. Dei som kalla homofili synd, kriminelt eller sjukleg, eller dei som gjekk den andre vegen og nekta heilt for eksistensen av homoseksuelle kunne vere med å bygge opp under dette. Stereotypiar og uvitskap er den viktigaste kjelda til fordømming av homofile. Som konsekvens av all denne negativiteten rundt homoseksuelle, så var det mange som dagleg vart utsett for vald, fysisk eller verbalt, eller trugslar om det. Undersøkingar tydar også på at store delar av denne valden skjedde innan familien, noko som kunne skape store kjensler av å bli avvist av sine nærmaste.¹⁶⁹

Noreg hadde i 1996, saman med Irland, ein av dei største aukene i sjølvord blant unge i Europa over 15 år. Kvifor? Etter 1972 var det fleire som «kom ut» då homoseksualitet vart lovleg, men så dukka diskrimineringsproblematikken opp fram til 1981 då homoseksuelle kom inn under diskrimineringsparagrafane. Sjølv om lova var på plass, var det framleis dei som vart utsette for utestenging, mobbing og rein vald. Det verste for mange var kanskje dømmende foreldre og vener som ikkje tolererte homoseksuelle, som nemnt over.¹⁷⁰

Sjølvordsraten låg ganske lavt i Noreg på 1950- og 60-talet med kring 250 sjølvord kvart år. Mot slutten av 1960-talet auka dette talet kraftig og nådde toppen i 1988 med 708 sjølvord. Dei neste tre åra var talet ganske stabilt mellom 658 og 675, fram til 1994 då det gjekk ned til 531, eit fall på 25 prosent frå 1988 til 1994. Dette fallet kan ha samanheng med den medisinske utviklinga innan depresjonsbehandling, men kan også vere fordi det var meir fokus på å informere om sjølvord, og å forbetre utdanning så ein kunne lære meir om årsakene til kvifor folk tok livet sitt. Dette førte til større og betre kompetanse hjå fagfolk som hadde ansvar for behandlinga av sjølvordstrugande menneske. Dei mellom 15 og 29 år var den største gruppa av dei som tok sitt eige liv, og av desse var homoseksuelle overrepresentert.¹⁷¹

Ein Nord-Amerikansk studie frå 1989 argumenterte for at 1 av 3 unge som tok livet sitt var homoseksuelle. Problemet med dette argumentet var at medisinerer eller rettslege ikkje kunne vite om ein person var homoseksuell eller ikkje, då det er vanskeleg å avgjere noko om ein persons legning etter eins død. Skulle foreldre sitte på denne informasjonen, var det store moglegheiter for at dei forneakta dette, så sant det ikkje var kjent for andre i livet til vedkommande eller gjort kjent for andre i eit brev eller liknande. Dette gjer sjølvordstala vanskeleg å estimere, då mykje er antakelser, i motsetning til sjølvordsforsøk eller sjølvordstankar som ein faktisk kunne finne tal på. Gjennom ei kontrollert undersøking på midten av 1990-talet fann dei for eksempel ut at lesbiske kvinner hadde dårlegare psykisk helse enn kvinnebefolkninga generelt, i tillegg til fleire

¹⁶⁸ Bagley & Tremblay s. 30

¹⁶⁹ «Løvetann» Nr. 2 1996, s. 11

¹⁷⁰ Arkivinstitusjon: Skeivt arkiv Arkiv: A-0003 – Lindstad, Gro Serie: N – Diverse Stykke: L0001 – Diverse Mappe: 0004 - Idrett, komme ut, selvmord og politisk plattform LLH (https://www.arkivportalen.no/entity/no-SKA_arkiv_00000000129)

¹⁷¹ «Løvetann» Nr. 2 1998, s. 15

Moseng, Bera Ulstein. «Selvmordsatferd og seksuell orientering», «Norsk homoforskning» redigert av Brantsæter, Marianne C. Eikvam, Turid. Kjær, Reidar. Åmås, Knut Olav Universitetsforlaget, Oslo 2001 s. 258

undersøkingar som viste at sjølv mordstankar var sterkare blant homoseksuelle. I 1998 kom det fram at det var fleire menn som tok livet sitt enn kvinner, men at kvinner prøvde oftare å ta sjølv mord.¹⁷²

Det som også kom fram under denne undersøkinga var at homoseksuelle som var "synleg" homofile hadde ein tendens til å busette seg i nærleiken av kvarandre av sikkerheitsgrunnar. Det var klart at når ein hadde likesinna i nærområdet, så gav det moglegheit for å gi litt slipp på frykta for fordommene ein elles kunne blitt møtt med i andre miljø. Framleis var det også vist at det var i desse områda flest homoseksuelle tok sjølv mord, noko som kunne vere grunna talet på homoseksuelle som var samla på ein stad i byane, kontra homoseksuelle på bygdene som var meir spreidd.¹⁷³ Av alle deltakarane i den Nord-Amerikanske undersøkinga var det også vist at homoseksuelle som ikkje var seksuelt aktive var mest representerte i sjølvskadingsgruppa med 46,1 prosent. Dette kunne vere på grunn av einsemd eller låg sjølv tillit, men også frykt for eigen seksuelle legning.¹⁷⁴

I resultatet av levekårsundersøkinga frå 1999 av NOVA, kom det fram at skeiv ungdom var overrepresentert i statistikken for sjølv mordstankar og sjølv mord. Det var denne gruppa som brukte lengst tid på å «komme ut», noko som kunne føre til at mange levde doble liv i frykt for reaksjonane til venner og familie, og deretter til avsløringsangst.¹⁷⁵ Kvifor var så mange unge homofile og lesbiske så utsette for sjølv mord? Offerdal påstod det kunne skuldast skam, skyld og tap av ein heterofil identitet, med ei frykt for avvising eller tap av familie og vener. Det var viktig for mange unge menneske å ikkje stikke seg ut for mykje frå andre, og dermed vart det ein ekstra belastning i denne fasen av livet.¹⁷⁶

Sidan 1980 og utover 1990-talet var det ei auke av verbal og fysisk vald mot homofile, både mot «skjulte» og opne homofile og lesbiske. Det var endå ei negativ haldning blant unge. To undersøkingar frå 1994 og 1995 viste at det var mykje negativ haldning mot homofile blant ungdommen. Då dei skulle rangere forskjellige ungdomsgrupper frå 1 til 10, hamna den homofile gruppa på botnen i 70 prosent av gutanes resultat, samtidig som jentene gav litt høgare verdiar.¹⁷⁷

Om ein som ung skulle fortelje til nokon i helsevesenet at ein var homoseksuell, så var det eit vanleg problem at desse kjenslene vart forklart vekk med at dette var noko som kom til å gå over eller at det var ei identitetskrise. Om dette var med på å auke sjølv mordsproblematikken hjå unge homofile er usikkert, men helsevesenets manglande evne og vilje til å sjå homoseksuelle for kven dei var, var problematisk og førte til ei mistru frå homofile sin side.¹⁷⁸ Det var lettare for helsepersonell ofte å finne andre grunnar til kvifor nokre tok livet sitt enn seksualitet då dette var vanskeleg å snakke om for mange. Det var lettare å skulde på rus og alkoholproblem, forhold til foreldre eller å leite opp andre grunnar enn å ta opp seksualitet som hovudproblem.¹⁷⁹

Det var gjort lite forskning på norske homofile som prøvde å ta livet sitt, noko som førar til mange mørke tall og liten oversikt. I USA i 1997 var det 30 prosent av den homoseksuelle befolkninga, med ein snittalder på 15 år som hadde forsøkt ta sitt liv.

¹⁷² «Løvetann» Nr. 2 1998, s. 15. Moseng, «Norsk homoforskning» s.259. Bagley & Tremblay s. 31

¹⁷³ Bagley & Tremblay s. 30

¹⁷⁴ Bagley & Tremblay s. 28

¹⁷⁵ Johansen 191

¹⁷⁶ Arkivinstitusjon: Skeivt arkiv Arkiv: A-0003 – Lindstad, Gro Serie: N – Diverse Stykke: L0001 – Diverse Mappe: 0004 - Idrett, komme ut, selvmord og politisk plattform LLH (https://www.arkivportalen.no/entity/no-SKA_arkiv_000000000129)

¹⁷⁷ «Løvetann» Nr. 5 1980 s.15, Arkivinstitusjon: Skeivt arkiv Arkiv: A-0003 – Lindstad, Gro Serie: N – Diverse Stykke: L0001 – Diverse Mappe: 0004 - Idrett, komme ut, selvmord og politisk plattform LLH (https://www.arkivportalen.no/entity/no-SKA_arkiv_000000000129)

¹⁷⁸ Kjær «Norsk homoforskning» s. 125

¹⁷⁹ «Løvetann» Nr. 2 1998 s.32

Dette samsvarer også med britiske undersøkingar, kvar 25 prosent av unge tok sitt eige liv fordi dei ikkje kunne akseptere sin homoseksualitet.¹⁸⁰ Sjølv om det vart forska på sjølv-mord i Noreg, var homofile utelate frå denne forskinga. Offerdal var ein av dei som sette søkelyset mot denne problematikken, og sette den saman med ei anna undersøking kvar det viste negative haldningar til homofili som var utbreidd i det norske samfunnet. Stigmatiseringa av homoseksuelle i USA kunne ein sjå var reflektert gjennom heile systemet. Frå presidenten og ned til lærarar og terapeutar. Media i USA valde å tie om sjukdommen då det vart kjent at den først og fremst ramma homofile menn kring 1984. Redaktørar i store amerikanske avisar nekta å publisere noko om sjukdommen som drepte homofile menn. Få månader etterpå vart det kjent at også heterofile kunne bli smitta og døy, og AIDS vart slått opp som framtidens helsetrussel. Det gjekk tre år før president Ronald Reagan bad kongressen om midlar til bekjempinga av AIDS, etter at meir enn 20 000 personar hadde døydd av sjukdommen i USA.¹⁸¹ Ein av grunnane til at det ikkje hadde blitt forska så mykje på sjølv-mords åtferda blant unge homoseksuelle i Amerika, kunne vere homofobi, skreiv Bagley og Tremblay. Altså bevisst utelukkning. Var det då sannsynleg at det same skjedde i Noreg?¹⁸²

Tom Ovlien var ein av dei som kontakta Helsedirektoratet og spurte om tiltak mot suicidale unge homofile, men fortel at dei viste lite interesse. «Dei var flinke og engasjerte innan AIDS/HIV, men når det kom til sjølv-mord var de grusomme». Helsedirektoratet på 1990-talet ville ikkje sjå fakta for kva det var, fakta. Dei hang fast i ein gamal ide om at dei som tok sjølv-mord var narkomane og alkoholiserde menneske. At homofile var ei av gruppene under denne paraplyen ville dei ikkje anerkjenne, sjølv etter fleire framlegg av undersøkingar frå andre land om sjølv-mord. Det var stadig fleire skeive menneske som «forsvann» frå rundt 1960- og 70-talet, men det var mest forsvinningar gjennom 1980- og 90-talet. Ovlien beskreiv det som ei gravferd nesten kvar uke, og at det var som ein eigen liten krig med både AIDS/HIV, stigmatisering frå samfunnet og sin eigen psykiske helse.¹⁸³

I 1998 var det gitt fleire grunnar til at homoseksuelle tok livet sitt. Mange er allereie nemnt. Følelsmessige kriser, trugslar om einsemd og redusert livsfunksjon, sosial isolasjon og einsemd, eller sjukdom er nokre av desse. Dette er fleire element som går igjen i fortellingane frå skeive liv i denne perioden. Folk som var isolerte fordi dei ikkje hadde nokon å snakke med om kjenslene sine eller fordi dei frykta HIV/AIDS-smitte. Folk som ikkje trudde dei nokon gong ville oppnå kjærleik i livet sitt, og som var sikre på at dei kom til å vere einsame heile livet. Fleire ynskja ofte heller å døy enn å stå fram som homoseksuell.¹⁸⁴

Helsetilsynet tok etterkvart med homofile som risikogruppe, men Statens helsetilsyn hadde endå ikkje tiltak retta mot denne gruppa. Landsforeininga for lesbisk og homofil frigjering (LLH), tidlegare DNF-48 og HBB, arrangerte derfor eit møte i 1997 med helseministerens rådgivar, Lars Erik Flatø og Finn Aasheim i Sosial- og Helsedepartementet, for å få midlar til å utføre forebyggjande arbeid mot sjølv-mord blant homofile. LLH argumenterte i eit brev til Statens helsetilsyn med at homofile var meir utsette for ytre belastningar, at dei fleste homofile i korte og lengre fasar av livet sitt sleit med belastningar som følgje av usynleggjering, negativ omtale, diskriminering og vald. Dette kunne føre til økt sårbarheit for å utvikle psykiske lidingar, og i følgje utanlandske undersøkingar var homofile også meir utsett for sjølv-mord. Det var derimot vanskeleg å

¹⁸⁰ Bagley & Tremblay

¹⁸¹ «Blikk» Nr. 6/7 juni/juli 1991 s.32

¹⁸² Bagley & Tremblay s. 26

¹⁸³ Livsminneintervju med Tom Ovlien

¹⁸⁴ Ohnstad & Malterud, Tone Hellesund s. 71-72, Tamm & Andersen s.82

kartleggje kven som tok livet sitt grunna homofili, då ein ikkje kunne ha innsikt i kvart individs liv utan ei forklaring på kvifor nokre avslutta livet sitt, og ein måtte derfor rekne med ein del mørke tal på dette. Men det ein såg var eit tabubelagt tema med store fordomar, og at unge homofile var 2 til 6 gonger meir utsett for å ta sjølv-mord i Noreg. Dette var knytt til samfunnets negative haldningar til homofili, og usynleggjing av homoseksuelle, noko som gjorde unge homofiles identitetsutvikling vanskeleg.

I 1998 var det satt ein risiko på 15-20 prosent større sjanse for at ein tok livet sitt om ein var deprimert, og frykta for å høyre til ei minoritetsgruppe som oftare var utsett for trugslar, vald, hets og trakassering, kunne vere skremmande for mange og føre til depresjon. Hets og einsemd var også det som førte mange ut i mørke tankar og miljøet i DNF-48 fekk fleire gonger erfare at homoseksuelle tok sjølv-mord, kvar unge menneske i kristelege miljø var mest utsett.¹⁸⁵

Prest Helge Fisknes var ein av dei som ville bygge eit betre forhold mellom homoseksuelle og kyrkja. Dette var mykje grunna spliden som hadde oppstått spesielt under AIDS-krisa, men også for å vere ei støtte til dei som hadde det ekstra tungt i livet grunna legning. Dette gjorde han ved å starte eit senter for HIV/AIDS-smitta under namnet Aksept. Sidan Aksept låg under Kyrkjens Bymisjon, gjorde det fleire homoseksuelle skeptiske, men det kom fleire og fleire til då dei fekk etablert seg. Dei kom inn i det homofile miljøet gjennom Virusgruppa. Dette var viktig for Fisknes, då han ville lære å kjenne miljøet for å kunne bygge eit godt forhold til dei som gjerne hadde fått avsmak eller blitt pressa ut frå Kyrkja.

Noko som var tungt for Fisknes var alle gravferdene. I perioden Fisknes var aktiv mellom 1987 og 1996 heldt han rundt 100 gravferder, og ofte måtte han forsvare den avdøde ovanfor familien som gjerne ikkje var begeistra for at den avdøde var homofil. Det var mange familiar som ikkje ville at andre skulle vite kva den avdøde døde av. Han ville også ta vare på dei pårørande, noko som ikkje alltid var så lett, men han fortel om ei hending då eit par foreldre opplevde at sonen var døydde på grunn av AIDS. Faren hadde vanskeleg for å akseptere at sonen var homofil, og då sonen hamner på sjukehus tok det faren 14 dagar å jobbe seg opp frå fotenden av senga og opp til å halde sonen i handa to dagar før han døde. Ein del av arbeidet til presten var å få familien til å akseptere, noko som kunne vere svært utfordrande i Aksept.

Fisknes heldt ein del seminar, foredrag og fortalte mykje om det homofile miljøet, korleis homofile faktisk var kontra det folk kanskje trudde om dei. Han ville at flest mogleg menneske skulle få vite om korleis det eigentleg var for homoseksuelle i denne tida. Det var ikkje berre familiar til avdøde som kunne vere vanskelege, men også kyrkja var vanskelege å ha med å gjere då det var ein kamp kvar gong berre å få ei kyrkje til gudsteneste for HIV/AIDS-positive. Fisknes kjempa derimot vidare for å samle folket for å gi dei mot og ein grunn til å leve. Han var ein av dei som såg det høge talet på sjølv-mord blant homofile og ville gjere noko med det. Sjølv-mord stadfesta at livet var «feil», og det var ofte dei som ikkje anerkjente sin eigen seksualitet, og som kanskje vart utnytta seksuelt som følte at livet ikkje var verdt å leve.¹⁸⁶

¹⁸⁵ Moseng «Norsk homoforskning» s. 263, «Løvetann» Nr. 2 1998, s. 16, Johansen s.163

¹⁸⁶ Livsminne intervju med Helge Fisknes, henta frå Skeivt Arkiv i Bergen August 2019. Intervjuar: Bjørn André Widvey. Foto: Jo Hjelle, 10. April 2018.

I den canadiske undersøkinga frå Bagley og Tremblay frå 1997 kom det fram ei forteljing frå ein ung gut på 17 år som kom ut til foreldra sine. Dei nekta å akseptere han av religiøse årsakar, og foreldra uttalte at dei heller ville vere døde enn å vite at barnet var homoseksuell. Dei frykta for eige rykte om dette skulle komme ut til andre, og dei hadde eit ynskje om at han aldri var født i frykt for kva resten av familien ville tru. Religionen kom før sonen og derfor nekta dei å akseptere han som han var, homofil. Etter ein periode med rusmisbruk og hjelp frå sjukehuset, kom han tilbake og lurte foreldra til å tru han var heterofil, men dette var å leve på ein løgn. Han hadde som eit resultat av dette sterke depresjonar og angst, og hadde vore innlagt på eit psykiatrisk institutt for sjølvmoordsforsøk. Han mangla nokon å snakke med i livet sitt, og følte han levde på ei løgn kvar grensa mellom løgn og sanning ikkje lenger eksisterte. Han hadde eit ynskje om at foreldra skulle elske han for den han var, men han skjønnte at han ikkje kunne vere homofil og kjenne kjærleik ifrå foreldra samtidig, så han måtte velje.¹⁸⁷

Samtidig var det ikkje berre negativt for dei som valde å komme ut til familie og vener. Det var også dei som fekk eit betre forhold til sine foreldre etter at dei fortalte om sin legning. Det å gå å bære på ein så livsendrande hemmelegheit var det ikkje alle som klarte i lengda, og avlastinga mange kjente på då dei endeleg gav slipp på denne tyngda i livet var for mange livreddande. Dette kunne også vere oppløftande for familie som kanskje ikkje har visst om kvifor dei var blitt satt til side eller blitt unngått av vedkommande, sjølv om mange ofte hadde ein mistanke om kvifor.¹⁸⁸

4.6 Tiltak og førebygging

Kva tilbod hadde så homofile i det norske helsevesenet? Psykoterapi var eit tilbod i 1998, kvar dei prøvde å finne årsaka til kvifor pasienten var suicidal. Det var også oppfølging hjå fastlege og heimebesøk av sjukepleiere for at ein skulle slippe å leggjast inn på sjukehus. Medisinering var tilgjengeleg for dei som hadde sterke lidningar av depresjon og mest utsett for å ta sitt liv. Om ein skulle ende opp på sjukehuset etter eit forsøk på å ta livet sitt, var det ikkje mykje som hindra pasienten frå å dra heim så snart dei var i stand til det. Det var ingen oppfølging på å prøve å løyse kva som var problemet bak. Dette var noko helsevesenet ville ha ei endring på, då dei såg at alt for mange drog heim utan at livsproblema vart tatt opp, og suicidale menneske hadde potensiale til å prøve å ende livet sitt igjen. Det kunne også vere ei traumatisk oppleving for mange, kontakt med psykiatriske avdeling var derfor noko dei ville forbetre. Skulle nokon hamne på psykiatrisk sjukehus, fekk dei god behandling då dei var der, men så snart pasienten var skrivne ut, gjekk dei over i ein risikobelasta periode. Mange trudde eit sjølvmoordsforsøk var den einaste måten dei kunne få profesjonell hjelp for sine psykiatriske lidningar, om ikkje hadde dei gått ubehandla.¹⁸⁹

For dei meir religiøse, var presten og kyrkja vegen å gå for mange. Dette var problematisk for fleire, då homofile ikkje følte seg spesielt velkomne i kyrkja, men det var likevel dei som fekk hjelp og trøyst igjennom si tru og religion. Aksept var også som vi har sett over ein organisasjon under kyrkja som prøvde å bygge opp forholdet mellom homofile og kyrkja igjen gjennom gudstenester og samtalegrupper. Kyrkjjas SOS var også ein måte for mange å ta kontakt via telefon utan å måtte vise seg for ein framand person, men som gav nokon å prate med om sin livssituasjon, tankar og problem.

¹⁸⁷ Bagley, C. & Tremblay s. 32

¹⁸⁸ NOVA s. 164

¹⁸⁹ «Løvetann» Nr. 2 1998, s. 18-19

Organisasjonen Mental helse hadde også hjelpetelefon der dei kunne få tilsvarende hjelp.¹⁹⁰

Framleis var det problematisk for homofile, då dei ikkje i utgangspunktet var inkludert i Statens helsetilsyns prosjektplan for førebygging av sjølv mord i perioden 1994-1999. 24. april 1997 sendte derfor LLH eit brev til helseminister Gudmund Hernes i Sosial- og helsedepartementet, kvar dei søkte om prosjektmidlar til sjølv mordsforebyggande og haldningsskapande arbeid. Fordi homofile ikkje var medrekna i handlingsplanen mot sjølv mord, ville LLH ha eit større fokus på skeive som tok sitt eige liv. Det store spørsmålet var kva LLH kunne gjere for å bidra til dette. Basert på utanlandske undersøkingar vist tidlegare, så visste dei at kring kvar tredje homofile hadde forsøkt å ta sitt eige liv, og helseminister Hernes hadde sjølv uttalt seg i eit intervju med BLIKK i oktober 1996, kvar han ikkje såg grunn til at tala skulle vere annleis i Noreg. LLH, som einaste organisasjon i Noreg som jobba for lesbiske og homofiles livsvilkår og rettigheter i 1996, hadde alle forutsetningar for å gjere ein god jobb for å forebygge mot at unge homofile skulle ta sitt liv, men mangla pengar til å utføre dette arbeidet på ein forsvarleg måte. Det vart avtalt i eit møte at departementet i relasjon til Handlingsplan mot sjølv mord skulle sende ut brev til kompetansesenter kringom i landet for å informere om LLH og kva dei gjorde, og samtidig oppfordre dei til å bruke LLH i arbeid mot sjølv mord som på dette tidspunktet ikkje var gjort før.¹⁹¹

Kva ville LLH gjere for å forebygge sjølv mord? Under risiko for sjølv mord var det psykiske plagar som depresjon, sinnsliding, personlighetsforstyrrelse, i tillegg til alkohol- og stoffproblem. Sosiale problem kunne vere dårleg sosialt nettverk, arbeidsledighet, dårleg økonomi, kriser og relasjonsproblem, og valdsproblematikk.¹⁹² Det var eit poeng for LLH å bygge opp om lesbisk og homofil identitet, fordelt rundt om i landet på dei forskjellige avdelingane i dei forskjellige byane i landet. LLH ville opne fleire tilbod til unge skeive som ikkje hadde andre å gå til, plassar kvar dei kunne møte likesinna, noko dei hadde sett fungere på «Ta-imot-nye kafeen» i Oslo, kvar 150 av gjestane i 1996 var unge homofile som nyleg hadde identifisert seg som homofile. LLH var med på å skape eit sosialt rom til unge homofile over heile landet, kvar dei kunne få informasjon, personleg støtte og rådgiving i trygge omgivnader. Det var eit fokus på å finne sin eigen identitet gjennom samtalegrupper, kvar målet var å kunne vere meir open om homofili i det offentlege, utan at det skulle by på problem.

Eit anna viktig mål var å også nå ut til dei som ikkje var opne om legningen sin, og dei som ikkje var medlem av LLH, som dei kunne nå ut til gjennom brosjyrar og annonser i større aviser for å vise at det var plassar ein kunne treffe andre og få hjelp om det var noko dei trengde, eller berre for å slå av ein prat om ein var nysgjerrig. Alt dette var basert på frivilligheit, og ikkje alle hadde kunnskapen om korleis ein skulle gå fram på riktig måte, noko som var ein av grunnane til denne søknaden om midlar for å kunne skaffe denne kunnskapen. Det var ikkje berre midlar til å hjelpe homofile og lesbiske, men også for å utvide kunnskapen til det norske hjelpeapparatet, som mange homoseksuelle unngikk i frykt for å bli møtt med fordommar, fåkunne og eit tilbod om «helbredelse». Det var kjent at fleire av dei som tok sitt liv, gjorde det i etterkant av kontakt med helsepersonell. Ved å auke kunnskapen til helsepersonell ville det forebygge stigmatisering, marginalisering og usynleggjering av homoseksuelle, ei gruppe som

¹⁹⁰ «Løvetann» Nr.2 1998, s 60

¹⁹¹ Skeivt Arkiv, A-0003- Lindstad, Gro. L0001, 0004

¹⁹² NOVA s. 63

hadde minoritetsstatus. Statens Helsetilsyn godkjende søknaden 24. april 1997, kvar Statens Forvaltningsteneste anviste 55 000kr til LLH.¹⁹³

Ting snudde i 1999. Homofile fekk offentleg støtte og meir aksept av den generelle befolkninga. Folk levde lengre, levde symptomfri frå HIV og hadde plutsleg ei framtid å sjå mot. Homoseksuelle fortsette å vere overrepresentert på sjølvmondsstatistikken, men arbeidet for å forebygge mot sjølvmond blant homoseksuelle var i gang og det var ikkje lenger eit nedprioritert problem.¹⁹⁴

4.7 Konklusjon

I dette kapitlet har eg studert psykiske lidingar og homoseksuelle på 1980- og 90-talet. Ved å introdusere kva psykisk helse er, har eg vist korleis forholdet mellom det psykiske helsevesenet og homofile var etter 1972. Det kom fram ei historie med mykje fordommar, misstillit og forbedringspotensiale frå helsevesenet si side, men også ei utvikling til det positive.

Konversjonsterapi var blant anna eit forsøk på å lege homoseksualitet, noko som skada meir enn det var til hjelp. Dette var metodar som ikkje hadde nokon bevist effekt på seksualiteten til dei som gjekk igjennom behandlinga, og det var derfor mange av psykiaterane som avviste dette som behandlingsmetode.

Koplinga mellom AIDS og angst var noko som kom fram i seinare tid, som viser at HIV/AIDS-epidemien var noko som ikkje berre tok på fysisk, men også psykisk. Dette var noko som skapte ein konstant frykt for smitte blant mange homoseksuelle. Dette førte til isolasjon, utstøying av smitta homoseksuelle i eigne miljø og mykje misstillit mellom potensielle sexpartnarar. Det kom også fram at det var ein samanheng mellom HIV/AIDS og sjølvmond. Spørsmålet om homofile var ei spesielt utsett gruppe med tanke på dårleg psykisk helse, noko ein kunne sjå ved å lese livsforteljingar frå skeive liv, kom ikkje fram i offisiell norsk undersøking før i 1999. Det viste ein vanskeleg periode med mykje kvardagslege problem som diskriminering, mobbing, vald og utelukking i frykt for sjukdom.

Det var også i andre halvdel av 1990 åra det kom fleire undersøkingar om skeive liv, både i Noreg og i Nord-Amerika. Dei var med på å gje fleire tilbod til skeive menneske innan helsesektoren.

Mot slutten av 1990-talet var det ein stigande sjølvmondsproblematikk blant homofile. Det vart presentert som eit problem av skeiv ungdom, som viste at homoseksuelle var overrepresentert i statistikken av dei som tok sitt eige liv, og at det hadde vart eit stigande problem sidan 1960-talet. Mykje basert på amerikanske undersøkingar og intervju vart det vist at homofile hadde eit dårlegare utgangspunkt i samfunnet om det skulle bli kjent at dei var homofile, noko som førte til dårlegare livskvalitet hjå mange og dårlegare psykisk helse.

Tiltaka og førebygging mot sjølvmond bland homofile vart satt i gang av LLH som ville informere meir om sjølvmond blant homofile, men også gi unge homofile nokon å snakke

¹⁹³ Skeivt Arkiv, A-0003- Lindstad, Gro. L0001, 0004

¹⁹⁴ Livsminneintervju med Tom Ovlien

med i alle delar av landet skulle dei trenge det. Kyrkja hadde også ei rolle i dette kor organisasjonar som Aksept gjekk inn for å bygge opp igjen forholdet mellom kyrkje og homoseksuelle i ei særleg vanskeleg tid for homofile i det norske samfunn.

Det var ei positiv utvikling som skjedde over desse to tiåra. Sjølv om det framleis var store problem og utfordringar, så vart det kjempa fram tiltak som skulle hjelpe homofile i kvardagen og auke levekåra for homoseksuelle.

5.0 Konklusjon og samandrag

I denne oppgåva stilte eg spørsmålet: Korleis endra HIV/AIDS-krisa skeive liv i det norske samfunn i frå 1983 til 1999, og kva påverknad hadde det norske samfunnet på skeive si psykiske helse i same periode? For å undersøke dette har eg retta søkelyset på korleis synet på homoseksuelle har endra seg over tid, korleis dette synte seg i møte med HIV/AIDS-epidemien, og kva følgjer det fekk for skeive sin psykiske helse.

Lovane mot homoseksualitet mellom menn i Noreg, og som danna grunnlaget for korleis homoseksuelle var oppfatta i det norske samfunn, starta på 1160-talet med Gulatingslova. Det var den første europeiske lova som tematiserte homoseksualitet mellom menn. Denne lova vart ein del av Sverres kristenrett i 1273 og deretter var den gjeldande for heile landet. Homoseksualitet har sidan norrøn tid vore assosiert med noko «unaturleg» og negativt. Noko ein ikkje ville vere. Kyrkja hadde ein sterk påverknad på kva som var «rett og gale», og ifølgje bibelen var homoseksualitet mellom menn synd. Homoseksuelle handlingar mellom kvinner var det ingen som diskuterte, fordi kvinner tilsynelatande ikkje hadde nokon seksualitet og var derfor utelukka frå denne lova mot homoseksuelle handlingar.

Frå 1687 til 1889 var det dødsstraff i Noreg for menn som utførte homoseksuelle handlingar, og etter 1889 gjaldt fengsel eller straffarbeid som straff for brot på lova. Etter den siste lovendringa i 1902 var den nye «homoparagrafen» §213, mykje brukt i dei tilfella kvar det var ein eldre og yngre mann som hadde utført homoseksuelle handlingar saman. Spesielt då den eine parten var under 21 år, vart den eldste straffa med fengsel opp til eit år. Dette var for å beskytte yngre menn og unge gutar frå å bli smitta med homoseksualitet. Ifølgje forføringsteorien kunne unge gutar bli smitta av homoseksualitet, og det var derfor viktig å beskytte dei frå homoseksuelle menn som kunne påverke den seksuelle utviklinga til gutar i ung alder.

§213 var sjeldan nytta og vart derfor rekna som ein sovande paragraf fram til DNF-48, den første skeive organisasjonen i Noreg, ville fjerne paragrafen i 1953. Kyrkja var mellom dei som gjekk i mot dette forslaget då det kom, og forslaget om å fjerne paragrafen gjekk ikkje igjennom før i 1972. Forslaget gjekk igjennom etter ei kampanje som informerte det norske folk og regjering om kva homoseksualitet eigentleg var og at det hadde skjedd ei positiv haldningsendring i befolkninga. Denne kampanjen var satt i gong av DNF-48. Organisasjonen var den første av mange som etter kvart skulle snakke homoseksuelle si sak i det offentlege. Avkriminaliseringa av homoseksuelle var starten på likestillingkampen til homofile menn og kvinner, og norske homofile var også dei første i verda som kom under vern mot rasisme i 1981.

På 1800-talet kom spekulasjonane om kva homoseksualitet var og kva det kom av, om homoseksualitet var medfødt eller noko som utvikla seg over tid. Dette var ein diskusjon som starta i Tyskland i andre halvdel av 1800-talet, og som spreidde seg til Norden og Noreg ikkje lenge etterpå. I Noreg prøvde dei å behandle homoseksualitet som ein patologisk tilstand frå kring 1886, og det var ikkje store endringar på denne sjukdomsteorien før på 1950-talet. Mellom 1930- og 1960-talet vart seksualitet eit meir aktuelt tema i det norske samfunn, og ordsiftet om det var genetisk og medfødt, eller om det var noko som utvikla seg over tid var tilbake. Ideen om at homoseksualitet var smittsamt haldt fast fram til 1960-talet. I 1963 klassifiserte WHO homoseksualitet som ei psykisk lidning, og denne diagnosen stod fram til 1990. Fordi det var sett på som ei psykisk lidning, prøvde mange også å bli «friske» frå denne sjukdommen, og fleire typar

behandling og terapi vart tatt i bruk. Norske psykiatriske foreining valde derimot å fjerne denne diagnosen i 1977, og mange gjekk inn for å fjerne homoseksualitet som psykisk lidning.

Lovane mot homoseksualitet og samfunnet si forståing av homoseksualitet som sjukdom har endra seg saman. Brot på lova mellom 1600- og 1800-talet kunne strekke seg frå dødsstraff, fordi dei var sett på som unaturlege, synderlege og sjuke menneske, til fengselsstraff og forsøk på å lege homoseksuelle fordi dei var psykisk sjuke. Diskusjonen om kva som gjorde ein person homoseksuell, kvifor nokre var det og andre ikkje, var med på å stille homoseksualitet som ein psykisk lidning og gjorde homoseksuelle mindre trugande for yngre menn og gutar. Dette var ein av faktorane for at homoseksualitet i 1972 vart avkriminalisert.

Fordi homoseksualitet ikkje lenger var ulovleg frå 1972, ga dette moglegheita for ein likestillingskamp for homofile og lesbiske, og dei kunne starte å kjempe seg fram mot like rettar i eit heteronormativt samfunn. Homoseksuelle kunne vise resten av det norske samfunnet kven dei var og kvifor dei ikkje var noko å frykte. Dette gjorde seksualitet til eit offentleg tema, men det skapte også nye problem, då homofobi, undertrykking og trakassering vart kvardagsproblem for mange homofile og lesbiske som valde å stå ut som skeive. Dette var med på å skape fleire skeive organisasjonar som alle kjempa for ein betre kvardag og betre livskvalitet for homoseksuelle menn og kvinner i Noreg.

Då HIV/AIDS-epidemien råka kom homoseksuelle i eit uønskt lys, og det hadde stor påverknad på skeive liv i løpet av 1980- og 1990-talet. Homoseksuelle menn måtte ta meir omsyn til kven dei hadde sex med, meir omsyn til eiga helse og tilpasse seg at homoseksualitet var blitt eit offentleg tema. Ikkje berre var det HIV-smitte homoseksuelle måtte tenke på, men samfunnet skulle nå finne ut av kven homoseksuelle var og komme med både positive og negative kommentarar på dette. Fordi gamle tankesett endå hang igjen i den større delen av det norske folket, var det mange fordømmar mot homoseksuelle, både homofile og lesbiske. Det var mange som trudde at alle homoseksuelle var HIV-positive og smittsame, og fleire valde heller å halde homofile på avstand enn å inkludere dei i frykt for HIV-smitte.

Det var i byrjinga av 1980-talet lite informasjon om korleis HIV smitta, noko som skapte unødvendig stor frykt, spesielt då avisar til tider gav ut feil informasjon om viruset. Derfor vart det satt i gang fleire store kampanjar av Helseutvalet for å gi ut riktig og oppdatert informasjon om viruset og om korleis det smitta. Eit av dei viktigaste tiltaka mot HIV- og AIDS-smitte var informasjon om kva det var og kva det gjorde. At HIV og AIDS ikkje vart lagt til side som eit tema som var for skamfullt til å snakke om, at helseutvalet spreidde informasjon ikkje berre til det skeive miljøet, men også til den generelle befolkninga og homoseksuelle som ikkje var aktive i det skeive miljøet. Det at fleire homoseksuelle vart klare over smittefaren, la om sexlivet sitt og tok i bruk kondom under samleie var det som redda liv.

Å snakke og skrive om sex vart vanleg, sjølv om det i starten var ubehageleg for mange då dette hadde vore eit tema ein ikkje snakka om generelt, og homoseksualitet vart meir synleg i samfunnet. Ein stor del av den homofile livsstilen var kroppsfixert, cruising vart ein trend, og dette var noko som måtte snu då det høge talet på sexpartnarar gjorde homoseksuelle menn meir utsette for å bli smitta. Fokuset på å trappe ned på sexpartnarar, bruk av kondom, og forsiktighet vart derfor stort. Smittetalet steig i

byrjinga av 1980-talet, fordi homoseksuelle ikkje var like villige til å stille om livsstilen sin etter råda frå Helseutvalet og Helsetenesta. Dette snudde då fleire homofile såg alvoret i situasjonen og at tala på AIDS-døde auka.

HIV-positive trakk seg i byrjinga enten tilbake og isolerte seg, eller så følte dei seg utestengde frå det skeive miljøet. Dette gjorde til at mange ikkje ville fortelje at dei var HIV-positive, og at dei måtte leve eit hemmeleg liv for å skjule dette for folk i liva sine. Viruset var også med på å «avsløre» mange som homoseksuelle, som kunne gå ut over familie, arbeid og sosialliv. Det var også dei som fekk eit betre forhold til sin familie då dei kom ut som skeive, og kunne dele eit meir ærleg liv med sine nærmaste. Mange som følte seg aleine som HIV-positiv, samla seg i støttegrupper kvar dei kunne møte likesinna og kjempe for ein felles sak. Eit resultat av dette var PLUSS, ein organisasjon som har utretta mykje positivt for HIV-positive sidan slutten av 1980-talet. Henki Hauge Karlsen vart det nye ansiktet til HIV i Noreg på slutten av 1980-talet, og igjennom hans rettssak vart Noreg meir informert om kva HIV og AIDS var, og ikkje minst gitt eit betre innsyn i homofile sine liv på 1980-talet.

Homofile og lesbiske kjempa fram partnerskapslova, som var med på å skape tryggare rammar rundt samlivet til skeive par. Lova gav same rettane som ved eit ekteskap, og det gav tryggleik til skeive par i ein periode med mykje usikkerheit og død. Dette var noko som blant anna kom godt med om den eine parten som døydde ikkje hadde noko godt forhold til sin familie, for det var ikkje alltid tilfellet at familien respekterte livet og dei siste ynskja til den avdøde. Partnaren til den avdøde kunne derfor gjennom partnerskapslova ta det ansvaret som normalt hadde gått til den gjenlevande familien.

I 1996 vart HAART tatt i bruk som behandling for HIV, og var den første medisinen som hadde ein varig effekt på viruset. Dette førte til at HIV-positive levde lenger, og så lenge dei brukte medisinen var viruset heller ikkje smittsamt.

Det var ei positiv utvikling for homofile og lesbiske, sjølv om det framleis var store problem og utfordringar med fordomar, homofobi og urasjonell frykt for AIDS-smitte. AIDS synleggjorde homofile og førte til større openheit om seksualiteten og seksualitet generelt, og menneskja bak HIV- og AIDS-sjukdommen. Arbeidet med å forbetre helsetilbod for homoseksuelle forbetra forholdet mellom homoseksuelle og helsetenesta, og helsepersonells forståing av homofil og lesbisk helse. AIDS-epidemien førte til framsteg innan terapi, og medisinen som vart utvikla i eit forsøk på å finne ein kur, gjorde den dødelege AIDS-sjukdommen til ein kronisk sjukdom ein kunne leve med.

HIV- og AIDS-krise og den lange historia fekk følgjer for skeive sin psykiske helse. Homoseksuelle var i større grad utsett for å utvikle dårleg psykisk helse enn den generelle befolkninga som kunne vere grunna mykje negativitet og motgang i kvardagen. På 1980- og 1990-talet var homofile og lesbiske spesielt utsett for diskriminering, mobbing, vald og utelukking. Men det var også mange som sleit med indre homofobi, skam og ei kjensle av å verre falsk. Homoseksualitet var noko nordmenn i mange år hadde blitt opplært var feil og unaturleg. Derfor var det mange som sleit med avsløringsangst då dei oppdaga at dei var homoseksuelle, og fleire av desse prøvde å leve doble liv utan å kunne dele dei ekte kjenslene sine med nokon. Dei som ikkje klarte å skjule identiteten sin kunne risikere å miste familie og vener, og i få tilfelle kunne homoseksuelle risikere å miste livet i møte med feil menneske.

Mange religiøse homofile og lesbiske fekk beskjed frå kyrkjesamfunnet sitt om å ikkje komme tilbake, fordi dei levde eit liv i synd. Få representantar av kyrkja ville bygge opp igjen dette forholdet mellom skeive og kyrkja. Dette skapte Aksept, som gjekk inn for å lære å kjenne homoseksuelle for den dei var og ikkje kva samfunnet trudde homoseksuelle var. Det var også fleire homoseksuelle som støtta seg psykisk på kyrkja i tunge tider, spesielt under AIDS-krisa og i depressive periodar i livet. Sidan den norske kyrkja erklærte homoseksualitet som synd på 1160-talet, var dette kanskje det første steget for den norske kyrkja i retning mot å akseptere homofili og homoseksualitet.

Homoseksuelle som kom ut av skapet på tidleg 1980-talet var sett på som modige menneske, som turte å stå fram med sin identitet og legning i eit samfunn kor mange ikkje hadde akseptert homofile og lesbiske som likeverdige. Då AIDS vart eit problem i Noreg, var det fleire homoseksuelle som kjente på smitteangst og frykt for utestenging. HIV-positive var frykta både i det skeive miljøet og i det norske samfunn. Då HAART vart tatt i bruk og vist effektiv mot HIV-viruset, kan fleire homofile menn kjent at denne smitteangsten letta litt, då sjansane for smitte var redusert. Framleis var faren for smitte til stades og fordi fleire AIDS-sjuka og HIV-positive trakk seg vekk og isolerte seg frå familie og venar, var det mange som vart deprimererte etter at dei var diagnoserte med HIV. Ein kunne som følgje av dette i ettertid sjå ein samheng mellom HIV/AIDS og sjølv mord blant homoseksuelle.

I møte med psykiatrien hadde homoseksuelle mykje negative erfaringar, og ofte blitt møtt med fordommar som førte til mistillit. Mange psykiatrar og psykologar som fekk homoseksuelle pasientar såg på homofilien i seg sjølv som rota til problemet. Sidan slutten av 1800-talet var det forsøkt å kurere homoseksualitet gjennom diverse formar for terapi og behandlingsmetodar. Behandling som elektrosjokk, åtferdsterapi, hormonterapi og kirurgi var spesielt utforska mellom 1945 og 1980-talet, men andre formar for behandling var framleis i bruk også inn i 1990-talet. Ingen av desse metodane hadde dokumentert verknad, og fleire hadde i ettertid av behandlinga rapportert verre psykisk helse enn det dei hadde i utgangspunktet. Det var også dei som var skeptiske til denne forma for behandling, som t.d. psykoanalytikaren Dr. Richard Isay som meinte denne forma for behandling kunne gjere meir skade enn nytte. Framleis var det mange homofile menn som følte seg spesielt pressa til å gå igjennom denne forma for behandling for å passe inn i si rolle som mann i samfunnet.

Mykje av informasjonen psykologar og legar satt på om skeiv psykisk helse, var henta frå utanlandske undersøkingar, og tala som var å hente frå desse var alarmerande. Homoseksuelle var overrepresentert i statestikken over dei som tok sitt eige liv, og då spesielt unge homofile. Undersøkingar viste at homofile hadde eit dårlegare utgangspunkt i samfunnet om det skulle bli kjent at dei var homofile, og dette kunne føre til dårlegare livskvalitet og dårleg psykisk helse. Unge homofile var spesielt utsett for dette fordi det var i ungdomsåra ein var mest utsett for negative inntrykk, og homofile var den minst populære ungdomsgruppa blant ungdommar og derfor meir utsett for mobbing både i privatliv og på skule.

I Noreg såg unge homofile eit behov for å gjere noko med den stigande sjølv mordsproblematikken blant homoseksuelle, og kravde at regjeringa skulle ta tak i dette. For å løyse dette var det viktig å ha meir kunnskap om skeive liv og livskvaliteten til skeive menneske. Resultatet vart at LLH fekk midlar til å forebygge mot sjølv mord i det skeive miljøet, spesielt retta mot skeiv ungdom. Homoseksuelle vart også anerkjent

som ei risikogruppe for sjølv mord, i Statens helsetilsyns prosjektplan for førebygging av sjølv mord i perioden 1994 til 1999, i 1997. Regjeringa rekna endeleg sjølv mord blant unge homoseksuelle som eit faktisk problem og førebyggingsarbeidet kunne omsider settast i gang.

LLH sin handlingsplan handla mykje om å informere meir om sjølv mord blant homoseksuelle, og å gi unge homofile moglegheita til å snakke med nokon om seksualitet og identitet uavhengig av kor dei budde i Noreg. Dette ville ha ein positiv effekt på psyken til unge homoseksuelle som ikkje hadde nokon å snakke med i kvardagen, eller nokon å sjå opp til som dei sjølv kunne identifisere seg sjølv med. Det opna opp for at fleire likesinna kunne bli kjent, og dei kunne bygge nettverk. Det var også ei positiv utvikling at resten av folket også fekk meir informasjon om homoseksualitet, kva det var og kunne lære å kjenne sine søsken, foreldre eller barn på ein ny måte. At psykisk helse kom i fokus på denne måten, gjorde det mindre tabubelagt å snakke om, og det vart lettare for folk å be om hjelp om dei skulle ha behovet for det.

Liva til homoseksuelle på 1980- og 1990-talet i Noreg fekk ei positiv vending i det større biletet innan helsetilbod og politisk utvikling, sjølv om det var mykje negativitet kring homoseksualitet i denne perioden. Dette var ei minoritetsgruppe som vart stilt i eit nytt lys etter opplysningsarbeidet til skeive organisasjonar og helseutvalet, og viste gang på gang at dei var verdige likestilling i det norske samfunn.

5.1 Tankar om vidare forskning:

I dette arbeidet har eg ikkje undersøkt kva som skjedde etter 1999. Kva skjedde då den nye bølga med AIDS kom, i følgje Ovlien, og kva endringar skjedde i det skeive miljøet etter tusenårsskiftet? Dette er ei tid kvar internett og sosiale media tar meir over, noko som har hatt ein effekt på korleis tema som HIV og AIDS kom ut og frem til ungdom og kommande generasjonar. Ikkje berre informasjon om HIV/AIDS, men også generell informasjon om homoseksualitet. Det vart lettare for skeive å møtast over internett, og dette opna opp for at fleire kunne bli kjent utan å faktisk treffast. Kva var det som skjedde då sosiale media vart ein del av det skeive miljøet?

Pride er noko som er med på å gi eit nytt lys over skeiv historie og dagsaktuelle tema der omkring over heile verda, gjennom offentleg debatt, foredrag og andre aktivitetar som er med på å skape ein positiv assosiasjon til skeive menneske. Ei undersøking Pride kunne gitt oversyn over ei utvikling som har vore viktig for skeive i Noreg sidan det først vart feira i 1974. På denne måten kunne vi også fått ein analyse av den politiske sida av skeiv historie.

Kjelder og litteratur:

Litteratur:

- Andresen, Astri. Rosland, Sissel. Ryymin, Teemu. Skålevåg, Svein Atle. «Å gripe fortida – Innføring i historisk forståing og metode» Det Norske Samlaget, Oslo 2015
- Bergh, Steinar. Bjerck, Birgit. Lund, Elin. «Homofile – myter og virkelighet: en undersøkelse blant homofile kvinner og menn i Norge» PAX Forlag A.S Oslo 1978
- (Red.) Brantsæter, Marianne C. Eikvam, Turid. Kjær, Reidar. Åmås, Knut Olav. «Norsk Homoforskning» Universitetsforlaget, Oslo 2001
- Fagerhol, Magne K. «AIDS: har vi skjønt alvoret?» Gyldendal Oslo 1987
- Grodal, Finn. «Vi som føler annerledes» H. Aschehoug & CO (W.Nygaard) Oslo 1957
- (Red.) Hekma, Gert. «A cultural history of sexuality in the modern age» Volum 6. Berg, 2011
- Henmo, Ola. «Kampene; Et portrett av Kim Friele» Cappelen Damm AS, Oslo 2017
- Johansen, Hanne Marie. «Skeive Linjer i Norsk Historie – Frå norrøn tid til i dag» Samlaget, Oslo 2019
- Jordåen, Runar. Wolfert, Raimund «Homoseksualitet i det tyskopperte Norge sanksjoner mot seksuelle forhold mellom menn i Norge 1940–1945»
- Kristiansen, Hans W. «Masker og motstand -Diskré homoliv i Norge 1920-1970» Unipub 2008
- Nordland, Eva. «Psykologi og mental hygiene – pedagogisk psykologi» H. Aschehoug & co. Oslo 1972
- Ohnstad, Annbjørg og Malterud, Kirsti «Lesbiske og homofile i møte med helse- og sosialtenesta» Samlaget 2006
- Prieur, Annick. «Kjærlighet mellom menn i aidsens tid» Pax Forlag A.s, Oslo 1988
- (Red.) Rydtröm, Jens. Mustola, Kati. «Criminally Queer: Homosexuality and criminal law in Scandinavia 1842-1999» 2007, Aksant Academic Publishers, Amsterdam. Kap. 3: «Norway 1842-1972: When public interest demands» Martin Skaug Halsos.
- Selle, Morten S. Tidsskriftet Suicidologi 2007 årg. 12 Nr. 1. «Homo eller hetero – spiller det noen rolle kva pasienten er?» s.18-20
- WHO «ICD-10 psykiske lidelser og atferdsforstyrrelser – Kliniske beskrivelser og diagnostiske retningslinjer» Gyldendal Norsk Forlag AS 2000 1. utgåve 1999, 13. opplag 2008, Oslo.

Tidsskrift:

Tidsskrift henta frå Skeivt Arkiv i Bergen, utan hylleplassering:

«Blikk» Nr. 0. des. 1990
«Blikk» Nr. 1/2 feb. 1991
«Blikk» Nr.4 april 1991
«Blikk» Nr. 5 mai 1991
«Blikk» Nr.6/7 juni/juli 1991
«Blikk» Nr. 8 aug. 1991
«Blikk» Nr. 9 sep. 1991
«Blikk» Nr 12 des. 1991
«Blikk» Nr. 1 jan. 1992
«Blikk» Nr. 2 februar 1992
«Blikk» Nr.3 mars 1992
«Blikk» Nr. 4 april 1992
«Blikk» Nr.3 mars 1995
«Frimerket» Nr.1 1979. Boks merka «Frimerket 1979 – 1986» [MAG] 1/83
«Løvetann» Nr. 5 1980
«Løvetann» Nr. 4 1982
«Løvetann» Nr.1 1983
«Løvetann» Nr.2 1983
«Løvetann» Nr.4 1983
«Løvetann» Nr.2 1984
«Løvetann» Nr.3 1984
«Løvetann» Nr.3 1986
«Løvetann» Nr.4 1986
«Løvetann» Nr.2 1987
«Løvetann» Nr.5/6 1988
«Løvetann» Nr.1 1989
«Løvetann» Nr.6 1993
«Løvetann» Nr. 2 1995
«Løvetann» Nr. 3 1995
VG, måndag 10. juni 1996

Digitale tidsskrift:

Aavitsland P, Nilsen Ø, Lystad A. *HIV-epidemien blant stoffmisbrukere i Norge*. Publisert 30.11.96 Tidsskrift for Norsk Lægeforening 1996.

<https://tidsskriftet.no/1996/11/artikkel/hiv-epidemien-blant-stoffmisbrukere-i-norge>

Henta 02.05.20

Aavitsland P, Nilsen Ø, Lystad A. *HIV-epidemien blant homoseksuelle menn i Norge* Publisert 30.11.96 Tidsskrift for Norsk Lægeforening 1996.

<https://tidsskriftet.no/1996/11/artikkel/hiv-epidemien-blant-homoseksuelle-menn-i-norge> Henta 02.05.20

Frøland, Stig *Antiretroviral behandling av HIV-infeksjon anno 2001* Tidsskrift for Den norske legeforening 2001, 121: 3363 Publisert: 30. november 2001 Utgave 29, 30. november 2001 <https://tidsskriftet.no/2001/11/redaksjonelt/antiretroviral-behandling-av-hiv-infeksjon-anno-2001> Henta 30.10.20

Frøland, Stig *20 år med AIDS i Norge*. Publisert 20.11.03
<https://tidsskriftet.no/2003/11/leder/20-ar-med-aids-i-norge> Henta 30.10.20

Lunde, Charlotte. *Tro, håp og terapi*. Publisert 10.02.15
<https://tidsskriftet.no/2015/02/intervju/tro-hap-og-terapi> Henta 17.11.20

Ørstavik, Ragnhild. *Ti år med høyaktiv antiretroviral terapi mot hiv* Publisert 29.11.06
utgåve 23, 29.11.06. Tidsskrift for Norsk Lægeförening 2006 126:3075
<https://tidsskriftet.no/2006/11/medisinsk-nytt/ti-ar-med-hoyaktiv-antiretroviral-terapi-mot-hiv> Henta 04.05.20

Arkivmateriale:

Aars, Haakon. Livsminne intervju, henta frå Skeivt Arkiv i Bergen August 2019.
Intervjuer: Bjørn André Widvey, Foto: Jo Hjelle, 4. Mai 2017

Evang, Jenny Madsen *Vi som føler annerledes*. Publisert 07.09.18
<https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/vi-som-foler-annerledes>
Henta 03.08.20

Fisknes, Helge. Livsminne intervju, henta frå Skeivt Arkiv i Bergen August 2019.
Intervjuar: Bjørn André Widvey. Foto: Jo Hjelle, 10. April 2018.

Gillow-Kloster, Hannah. *De homofile* Publisert 02.16.2017
<https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/de-homofile> Henta 11.08.20

Gillow-Kloster, Hannah *Det norske forbund av 1948*. Publisert 23.09.14
<https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/det-norske-forbundet-av-1948>
Henta 24.01.20

Hjort, J.B. *Homoseksualitet og kristendom* Dagbladet, kronikk 27.desember 1955
<https://katalog.skeivtarkiv.no/instance/letter/ubb-ska-0001-e-ea-01-11.html>
Henta 24.11.20

Iversen, Bjørn G. *PLUSS – Landsforeininga mot AIDS*
<https://katalog.skeivtarkiv.no/instance/article/ubb-ska-lovetann-6249.html>
Henta 01.11.20

Jordåen, Runar *Arnold Havelins forsikringsprosjekter*. Publisert 17.12.15
<https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/arnold-havelins-forskningsprosjekter>
Henta 28.10.20

Jordåen, Runar. *Speijer-rapporten*. Publisert 18.03.20
<https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/speijer-rapporten>
Henta 14.11.20

Jordåen, Runar. *Utpressingssaka i 1932*. Publisert 10.09.20
<https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/utpressingssaka-i-1932>
Henta 28.01.20

Lindstad, Gro. Arkivinstitusjon: Skeivt arkiv. Arkiv: A-0003 – Lindstad, Gro. Serie: N – Diverse. Stykke: L0001 – Diverse. Mappe: 0004 - Idrett, komme ut, selvmord og politisk plattform LLH (https://www.arkivportalen.no/entity/no-SKA_arkiv_000000000129)

Ovlien, Tom. Livsminne intervju, henta frå Skeivt Arkiv i Bergen August 2019. Intervjuer og foto: Jo Hjelle, 22. feb. 2017

Prøitz, Aase «Homofili og «helbredelse», *Forskningsmessige og etiske betenkligheter*» (udatert artikkel) SKA-0001 Friele Ed. 1 F/fd/L0001/00012

Rønning, Harald. *De profundis - En røst fra de ulykkelige verden* Adresseavisen 20. desember 1958 s.8.

<https://katalog.skeivtarkiv.no/instance/letter/ubb-ska-0001-e-ea-01-11.html>

Henta 24.11.20

Skeivt Arkiv, A-0003- Lindstad, Gro. L0001, 0004 (Brevveksling vedr. Midler til sjølv-mordsforebygging LLH)

Skeivt Arkiv. *Karen Christine Kim Friele*. Publisert 2015.03.25.

<https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/karen-christine-kim-friele>

Henta 12.08.20

Skeivt Arkivs historie

<https://skeivtarkiv.no/skeivt-arkivs-historie> Henta 20.02.2020

Wolfert, Raimund. *Justus Lockwood*. Publisert 26.08.19

https://skeivtarkiv.no/skeivopedia/justus-lockwood#_ftnref1

Henta 28.01.20

Nettressursar:

Andersen, Anders Johan W.: *psykisk helse* i *Store medisinske leksikon* på snl.no

https://sml.snl.no/psykisk_helse Henta 07.09.20

Anker, Christian *HIV – et historisk overblikk*. Oppdatert 19.11.19

<https://www.helsenett.no/223-sykdommer/infeksjoner/infeksjoner/19824-hiv-et-historisk-overblikk.html>

Henta 30.03.20

Bagley, C. & Tremblay, P (1997). Suicidal behaviors in homosexual and bisexual males. *Crisis: The Journal of Crisis Intervention and Suicide Prevention*, 18(1), 24-34.

<https://doi.org/10.1027/0227-5910.18.1.24> Henta 24.11.20

Berge, Birger: *Helseutvalget for homofile* i *Store norske leksikon* på snl.no.

https://snl.no/Helseutvalget_for_homofile Henta 04.05.20

Berge, Birger. *Paragraf 213 - seksuell omgang mellom menn som straffbart forhold*. I *Store norske leksikon*. [https://snl.no/Paragraf_213 -](https://snl.no/Paragraf_213_-_seksuell_omgang_mellom_menn_som_straffbart_forhold)

[seksuell omgang mellom menn som straffbart forhold](https://snl.no/Paragraf_213_-_seksuell_omgang_mellom_menn_som_straffbart_forhold) Henta 11.02.20

Berry, Sandra H. Bozzette, Samuel A. Goldman, Dana P. Joyce, Geoffrey. Leibowitz, Arleen A. McCaffrey, Daniel F. Morton, Sally C. Rastegar, Afshin. Shapiro, Martin F. Timberlake, David. *Expenditures for the Care of HIV-Infected Patients in the Era of Highly Active Antiretroviral Therapy*. *New England Journal of Medicine* 2001 Publisert 15.03.01

<https://www.nejm.org/doi/full/10.1056/NEJM200103153441107> Henta 30.10.20

Da aids kom til Norge Video av Skeivt Arkiv i forbindelse med 30-års jubileet til HIVNorge 2018. Publisert 29.mai 2018. [https://www.youtube.com/watch?v=-](https://www.youtube.com/watch?v=-Pvk5WMLDI0&ab_channel=SkeivtArkiv)

[Pvk5WMLDI0&ab_channel=SkeivtArkiv](https://www.youtube.com/watch?v=-Pvk5WMLDI0&ab_channel=SkeivtArkiv) Henta 24.11.20

Dette er Hivfondet. Pulisert 09.12.19

<https://hivfondet.no/2019/12/09/dette-er-hivfondet/> Henta 30.10.20

(red.) Evensen, Christoph. Gradmann, Øivind. Larsen, Stein A. Nylenna, Magne. Det norske medisinske selskap <https://www.michaeljournal.no/i/2010/02/Da-hiv-kom-til-Norge> Michael 2010;7:12–157 Redigert utskrift frå eit aktørseminar om då hiv kom til Noreg, heldt ved Universitetet i Oslo måndag 28. september 2009. Henta 01.05.20

Forening FRI i dag, Foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold.

<https://www.foreningenfri.no/> Henta 09.01.20

Foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold. *Fri Historie* Anti-diskrimineringsparagrafen 55a i arbeidsmiljølova.

<https://www.foreningenfri.no/om-oss/organisasjon/historie/> Henta 16.11.20

Frøland, Stig Sophus: aids i Store medisinske leksikon på snl.no

<https://sml.snl.no/aids> Henta 20.03.20

Groth, Bente: *Sodoma og Gomorra* i Store norske leksikon på snl.no.

https://snl.no/Sodoma_og_Gomorra Henta den 25.08.20

Grünfeld, Berthold: zoofili i Store medisinske leksikon på snl.no <https://sml.snl.no/zoofili>
Henta 11.11.20

Hammer, Odd Ivar Noremsaune. *Skeiv identitet i Trondheim på 1960- og 70-tallet - En studie av homomiljøets utvikling, og §213s betydning i prosessen* 2018, NTNU.

<https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/handle/11250/2503378> Henta 02.10.19

Heiberg, Astrid Nøklebye *For 42 år siden skrev jeg et leserinnlegg om homofili. Slik har kampen vert etterpå* Publisert 11.07.18

<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/6n7Ox3/for-42-aar-siden-skrev-jeg-et-leserinnlegg-om-homofili-slik-har-kampen-vaert-etterpaa>

Henta 06.03.20

Historien om HivNorge

<https://hivnorge.no/historien-om-hivnorge/>

Henta 09.04.20

HIV/AIDS, oppdatert 27.08.18

<https://nhi.no/sykdommer/infeksjoner/hiv-og-aids/hiv-og-aids-oversikt/>

Henta 20.03.20

<https://www.hivnorge.no/aktiviteter-og-tilbud/>

Henta 03.04.20

Hoffart, Asle. Madsen, Jørgen Due. *Psychotherapy with the aid of LSD*. Publisert 12.06.09

<https://www.tandfonline.com/doi/abs/10.3109/08039489609082516>

Henta 17.11.20

Jia CX, Mehlum L, Qin P. AIDS/HIV infection, comorbid psychiatric illness, and risk for subsequent suicide: a nationwide register linkage study. *J Clin Psychiatry*.

2012;73(10):1315-1321. doi:10.4088/JCP.12m07814

<https://pubmed.ncbi.nlm.nih.gov/23059105/> Henta 24.11.20

Jordåen, Runar *Et stort behov for seksuell opplysning* Intervju med fagleg leiar ved Skeivt Arkiv 22.03.18

https://www.youtube.com/watch?v=QSjgZCOWVjQ&ab_channel=SkeivtArkiv

Henta 28.10.20

Malt, Ulrik. (2019, 10. oktober). ICD-10. I Store medisinske leksikon.

<https://sml.snl.no/ICD-10> Henta 30.01.20

Manum, Olav André. *En medisinsk revolusjon*. Oppdatert 23.08.17

<https://hivnorge.no/nyheter/en-medisinsk-revolusjon/>

Oppdatert den 23.08.17, henta 30.03.20

Manum, Olav André. «Myggstikk» HivNorge <https://hivnorge.no/nyheter/myggstikk/>

Henta 01.11.20

New York Times *A failure led to drug against aids* 20.09.1986 s.7

<https://www.nytimes.com/1986/09/20/us/a-failure-led-to-drug-against-aids.html>

Henta 31.01.20

Nova Rapporten: «Levekår og livskvalitet blant lesbiske kvinner og homofile menn»

Utgitt 1997 <https://bufdir.no/bibliotek/Dokumentside/?docId=BUF00001271>

Henta 24.11.20

NRK, radiosending, *De homofile og samfunnet*, publisert 01.07.1965

https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_dra_1990-01775P Henta 24.11.20

NRK, radiosending, *Stengt verden. Samtale om homofili og menneskeverd*, publisert 15.06.1965

https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_dra_1990-01774P Henta 24.11.20

Pederasti i Store medisinske leksikon på snl.no. <https://sml.snl.no/pederasti>

Henta 25.08.20

POPPERS – virkninger og bivirkninger

<https://www.rustelefonen.no/fakta-om-andre-naturlige-rusmidler/poppers/>

Henta 17.04.20

Rem, Håvard. *Henki*. Oppdatert 23.08.17

<https://www.hivnorge.no/nyheter/henki-3/>

Henta 09.04.20

Sekretariatet, *Hva er HIV? Hva er AIDS?* Oppdatert 30.01.20

<https://hivnorge.no/om-hiv/hva-er-hiv-hva-er-aids/>

Henta 20.03.20

Sekretariatet. *Hvordan smitter og sitter ikke hiv*. Oppdatert 13.10.20

<https://hivnorge.no/om-hiv/hvordan-smitter-og-smitter-ikke-hiv/>

Henta 20.03.20

Statens informasjonstjeneste i Store norske leksikon på snl.no.

https://snl.no/Statens_informasjonstjeneste

Henta 01.11.20

Stortingsdebatt om oppheving av straffeparagraf 213

https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1970-71&paid=7&wid=a&psid=DIVL350&pgid=c_0699

Henta 24.11.20

Wolfenden-rapporten

<https://www.parliament.uk/about/living-heritage/transformingsociety/private-lives/relationships/collections1/sexual-offences-act-1967/wolfenden-report/>

Henta 18.02.20

